


NISSEDAL KOMMUNE



ÅRSMELDING 2016

Innhald:

1	Innleiing	s. 3
---	-----------------	------

Årsberetning

2	Organisering av kommunen (politisk og administrativ).....	s. 4
2.1	Organisasjonskart	s. 4
2.2	Politisk organisering	s. 5
2.3	Administrativ organisering	s. 5
2.4	Interkommunalt samarbeid	s. 6
3.	Investeringsrekneskapen	s. 7
4.	Driftsrekneskapen	s. 12
5	Balansen	s.18
5.1	Gjeld.....	s.18
5.2	Arbeidskapital	s.18
5.3	Utestående fordringar	s.18
5.4	Fond	s.19
6.	Rapport - Finansforvaltning.....	s.19
7.	Aktivitetsnivået på utvalde område	s.21
8.	Likestilling	s.22
8.1	Kjønnfordeling	s.22
8.2	Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid	s.23
8.3	Lønsnivå	s.23
8.4	Stillingsbrøk	s.24
8.5	Vidareutdanning – kompetanseheving	s.24
8.6	Etnisitet og nedsett funksjonsevne	s.24
9.	Fråvær	s.25
10.	Etisk standard	s.25
11.	Årsverk/løn/revisjon	s.25
12.	Vurdering av økonomisk situasjon/utvikling.....	s.26

KOSTRA

13.	KOSTRA-tal	s.27
-----	------------------	------

Handlingsprogram – rapportering

14.	Måloppnåing og gjennomføring av tiltak jf. kommuneplan og handlingsprogram	s.33
14.1	Felles	s.34
14.1.1	Sentral leing	s.34
14.1.2	Fellestenesta	s.36
14.1.3	IKT	s.38
14.1.4	Frivilligsentral	s.39
14.1.5	Kommunerevisjon og kontrollutvalgssekretariat	s.39
14.1.6	Renovasjon	s.40
14.1.7	Vest-Telemark brannvernssamarbeid	s.40
14.1.8	Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid	s.41
14.1.9	Næring	s.42
14.2	Eining for skule	s.45
14.3	Eining for barnehage	s.53
14.4	Eining for kultur	s.57
14.5	Eining for helse og habilitering	s.63
14.6	Eining for omsorg	s.67
14.7	Eining for teknisk drift	s.71
14.8	Interkommunalt plankontor	s.79
14.9	NAV	s.83

Vedlegg

Vedlegg I	Årsmelding Nissedal fellesråd	s.86
-----------	-------------------------------------	------

1. Innleiing

Budsjettet for 2016 blei vedteke med eit negativt netto driftsresultat på 1,5 mill. Noko av bakgrunnen for dette var nedgang i kraftinntekter (konesjonskraft/eigedomsskatt kraftverk). Men budsjettet for 2016 blei vedteke i balanse utan dramatiske kutt-tiltak. Noko av bakgrunnen for dette var integreringstilskot for flyktningar.

Handlingsprogrammet la opp til busetjing av flyktningar også i 2016. Det blei i løpet av året busett 18 flyktningar, fordelt på 3 familiar. Det er nå over 2 år busett 33 flyktningar i kommunen. Arbeidet med busetjing av flyktningar har gått svært bra, men det er sjølvsagt knyt ulike utfordringar til dette arbeidet. Men så langt har dette blitt handtert svært bra av alle involverte.

Nissedal har hatt ein positiv auke i folketalet gjennom fleire år, med unntak av 2014 då det var ein liten tilbakegang. 31.12.16 var det busett 1.476 personar i Nissedal, som er ein oppgang på 33 personar sidan 31.12.15. Dette utgjer ein vekst i folketalet på 2,29% som er nestbest i fylket (berre slått av Bø), og sett Nissedal på 24. plass på lista over folketalsvekst i heile landet. Busetjing av flyktningar har bidrege positivt til folketalsutviklinga, men vekst i folketalet kjem ikkje berre på bakgrunn av tilflytting. Det er og fødselsoverskot i 2016. 25 fødte gir eit fødselsoverskot som bidreg til vekst i folketalet på 0,69%.

I 2016 har arbeidet i kommunen kring kommunereforma blitt avslutta. Det har både på politisk og administrativt nivå, blitt brukt mykje tid/ressursar på dette arbeidet. Men på bakgrunn av mangel på aktuelle samarbeidspartnarar var konklusjonen enkel å trekke at Nissedal forsett som eigen kommune. Vedtaket la til grunn at ein skulle søke å auke interkommunalt samarbeid.


Etter ein prosjektperiode på fleire år blei samarbeidsprosjektet med Drangedal om VA-utbygginga på Gautefall fullført i 2016. Men dette betyr ikkje at satsinga på VA-utbygging blir trappa ned. Det er i løpet av 2016 starta opp fleire nye VA-prosjekt og fleire er under utgreiing/planlegging.

Nissedal kommune har hatt som mål å få det legemeldte sjukefråværet under 5%. I 2016 blei fråværet 7,21%, slik at dette målet diverre ikkje blei nådd. Dette var ein oppgang på 1,29 prosentpoeng i høve til 2015 og 2,35 prosentpoeng i høve til 2014. Ein må derfor kunne seie at det er ein noko urovekkande utvikling her.

Som nemnd innleiingsvis, blei budsjett 2016 vedteke med eit negativt netto driftsresultat (-0,9%). Ved avslutning av rekneskapen var dette endra til eit positivt resultat på 4,4%. Dette tyder på ei positiv økonomisk utvikling gjennom året. Dette gav eit mindreforbruk på 4,4 mill. som og er og positivt i høve til å bygge opp att ein økonomisk reserve for kommunen. Men det å få eit mindreforbruk som utgjer 2,4% av driftsinntektene, er i overkant av kva ein kan kalle god økonomistyring. Når ein ser at 2015 blei gjort opp med tilsvarande tal (3,6 mill. / 2,1%), bør ein gjere ei vurdering av tiltak for å betre økonomistyringa/kontrollen.

2. Organisering av kommunen (politisk og administrativt)

2.1 Organisasjonskart



2.2 Politisk organisering

Formannskapet har funksjon som eit "driftsstyre", og har møter ca. kvar 3. veke. Meir prinsipielle saker og saker av litt "tyngde" skal handsamast av kommunestyret. Saker som ikkje er knyt til plan, næring og økonomi skal i prinsippet handsamast i kommunestyret, utan å gå vegen om formannskapet. Kommunestyret hadde 9 møte i 2016

2.3 Administrativ organisering

Nissedal kommune er organisert i 6 driftseiningar og stab-/støttefunksjonar. Rådmannen si leiargruppe består i tillegg til han sjølv, 6 einingsleiarar, plansjef, NAV-leiar, kommunalsjef økonomi og kommunalsjef samfunn/utvikling.

Eining for skule omfattar grunnskuleundervisning, sfo-tilbod og vaksenopplæring. I tillegg er tilsyns-mynde etter Lov om barnehage lagt til denne eininga.

Eining for omsorg omfattar omsorgssenter, heimesjukepleie og heimehjelp. Tenestekontor for sakshandsaming etter Helse- og omsorgslova ligg også i denne eininga.

Eining for barnehage omfattar 4 kommunale barnehagar og ev. oppfølging av private barnehagar. I 2016 var det ingen private barnehagar i Nissedal.

Eining for helse og habilitering omfattar tenester for funksjonshemma, legetenester, jordmor, helsestasjon, fysioterapi, dagsenter og psykiatri.

Eining for kultur omfattar musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturvern/samlingar, kino, ålmenne kulturtiltak, fritidsklubb, rusfri ungdom, ungdomsrådet og flyktingar.

Eining for teknisk drift omfattar drift av alle kommunale bygg, (adm.bygg, skular, barnehagar, omsorgssenter, omsorgsbustader, utleigebustader, dagsenter m.m.), kloakkanlegg, vassforsyning, feiing, kommunale vegar, brannvern, idrettsanlegg/grøntanlegg.

Plankontoret omfattar forvaltningsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal.

NAV omfattar økonomisk sosialhjelp, arbeidsavklaringspengar, oppfølging av arbeidsledige og sjukmeldte.

Under fellestenesta ligg ulike administrative oppgåver innan økonomi, personal, post/arkiv, resepsjon. I tillegg ulike interkommunale samarbeid som barnevern og landbrukskontor.

I stabsfunksjonar ligg ulike oppgåver innan næring, reiseliv/turisme, ikt, rekneskap.

2.4 Interkommunalt samarbeid m.m.

Kommunen deltek i ei rekke samarbeid med andre kommunar om tenesteyting, både i form av egne selskap (IKS) og gjennom samarbeidsavtalar (sjå også Note 0 i Årsrekneskap 2016).

Interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid (§ 27)

- Renovasjon vert utført av IATA (IKS). Deltakande kommunar er Nissedal, Drangedal, Nome og Åmli.
- Alle kommunane i Vest-Telemark samarbeider om førebyggjande brannvern i egne IKS
- Vest-Telemarkrådet (§ 27 selskap)
- Telemark kommunerevisjon IKS
- Telemark kontrollutvalssekretariat IKS
- Ika Kongsberg IKS
- PPT IKS.

Samarbeidsavtalar

- Nissedal og Kviteseid kommunar har eit utstrakt fagleg samarbeid. Plankontoret i Nissedal utfører bygningskontroll, oppmåling og arealplanlegging for begge kommunane. Landbrukskontoret i Kviteseid er felles landbrukskontor for Kviteseid og Nissedal. Nissedal kommune fører løn for Kviteseid kommune og Kviteseid kommune fører skatterekneskapen for Nissedal kommune.
- Alle seks kommunane i Vest-Telemark har felles Barnevern med Kviteseid som vertskommune
- Nissedal kommune har samarbeidsavtale med Arendal kommune om Legevakt.
- Nissedal kommune har ei rekke samarbeidsavtalar med STHF i samband med Samhandlingsreforma. Desse avtalane tek vare på Nissedal sitt behov for sjukehustjenester frå SSHF.
- Nissedal kommune deltek i eit innkjøpssamarbeid.
- Nissedal kommune samarbeider med Drangedal kommune om VA-anlegg på Gautefallheia.

3. Investeringsrekneskapet (jf. rekneskapsskjema 2A/2B og note 18)

Investeringsrekneskapet er også i 2016 i stor grad prega av høg aktivitet innan VA-sektoren, både som vertskommune for felles VA-anlegg på Gautefallheia, og ved eigne prosjekt.

I opphavleg budsjett var det lagt inn sum investeringar i anleggsmedel med totalt 9 mill. Dette blei justert opp i løpet av året til 26,5 mill. Rekneskapen gav investeringar i anleggsmedel på 22,8 mill. Av dette var 14 mill. knyt til investeringar innan VA.

Gjennom året er investeringsbudsjettet justert ved tertialkontrollane (k-sak 60/16 og 79/16) og ved fleire ulike enkeltsaker. Det vert i det etterfylgjande gjort greie for dei vesentlege endringane i investeringsbudsjettet og avvik i høve til rekneskapen.

0125 – Formidlingslån – gamal ordning

Opphavleg ramme på kr 30.000, som var budsjettert mottak av lån, som skal finansiere avdragsutgifter. Dette blei justert ned til kr 11.000, på bakgrunn av siste lån knyt til denne ordninga blei innbetalt/gjort opp. Dermed er har kommunen nå berre formidlingslån under ordninga med Startlån.

0126 – Startlån

Opphavleg låneramme på 1 mill., Dette vart styrka med kr 2,5 mill. (k-sak 37/16), på bakgrunn av ein forventa auke i aktiviteten. Utlånsbehovet synte seg å vere lågare enn forventa og i k-sak 108/16, blei utlånsramma redusert med 1,9 mill. På bakgrunn av høgare låneopptak blei avdragsutgifter høgna frå kr 265.000 til kr 320.000. Ved at låneopptaket er større enn kav utlåna har vore, dekker ikkje mottatte avdrag, kva som skal betalast av avdrag. Dette "mellomlegget" (kr 86.000) er finansiert ved bruk av bundne inv.fond (låneavdragsfond).

0149 – Kjøp og sal av aksar

Opphavleg løyving på kr 380.000 var sett av til eigenkapitalinnskottet i KLP. Ramma blei styrkja med kr 85.000 i høve auke høgare innbetaling, enn kva ein la til grunn i budsjettet. Eigenkapitalinnskott er finansiert med bruk av ubundne inv.fond og sal av grunn.

0553 – Miljøretta helsevern – påkostningar skulebygg

I budsjettet for 2016 var det sett opp ei ramme på kr 1.625.000, som var ei overføring frå 2015-budsjettet. Prosjektet omfattar tiltak på alle 3 skulane i kommunen. I 2. tertial såg ein at prosjektet kunne avsluttast under løyvd ramme og ramma blei redusert med kr 437.000. Prosjektet fekk ein kostnad på kr 795.000 som er kr 393.000 under budsjett. Resterande sum vil bli overført til 2017-budsjettet.

0556 – Agresso-modul – A-melding

Dette prosjektet blei avslutta i 2015. Mot slutten av 2016 mottok kommunen ein kredit-nota i høve til konsulentbistand på kr 13.000, som relaterer seg til ein faktura i 2015-rekneskapen, som det har vore dissens om.

0562 Oppgradering av ePhorte/Microsoft-lisensar

Prosjektet omfattar både ei naudsynt oppgradering av sakshandsamingsverktøyet ePhorte, og kjøp av nye Microsoft-lisensar. Sistnemnde er både ei forsinka oppgradering i samband med ny driftsavtale med Aspit, og naudsynt oppgradering ut i frå Microsoft sitt lisens-regime. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Fyresdal og Seljord. Budsjettamma for 2016 var kr 397.000 og dette var i samsvar med rekneskapen.

0564 Adressering-skilting-vegnamn

Prosjektet gjeld etablering av adresser i heile kommune og innkjøp/oppsetting av vegnamn-skilt. Adressering er fullført, men skilting står att. I 2016 blei skilt-materiell kjøpt inn, men arbeid med oppsetting av skilt blir gjennomført i 2017. Prosjektet hadde ei ramme på kr 250.000 og kr 217.000 blei nytta til innkjøp av skilt. For å få fullført prosjektet i 2017 vil det truleg vere behov for ei tilleggsføring.

0571 Skatepark – Kyrkjebygda – trinn 2

Dette er, på same måte som trinn 1, eit samarbeidsprosjekt med Nissedal idrettslag. Prosjektet blei starta opp i 2015 og blei fullført i 2016. Anlegget er offisielt opna og teke i bruk. Totalramme for prosjektet var kr 452.000, der kr 72.000 var ramme i 2016. Prosjektet avslutta i samsvar med budsjett.

0572 Omsorgsbustader/aldersbustader/flyktningebustader

I budsjettet for 2016 blei det etablert eit fellesprosjekt med ei ramme, på 3 mill. som var ei nettoramme for bygging av bustader for dei nemnde brukargruppene. Ramma for prosjektet blei redusert til 1,6 mill. Ramma i prosjektet blei i hovudsak nytta innkjøp av ein bustad, som skal nyttast som flyktningebustad, og noko rehabilitering av denne. Kjøp av denne bustaden utløyste kr 357.000 i tilskot. I tillegg blei noko av ramma nytta til prosjekteringsarbeid til omsorgsbustader. Rekneskapen for 2016 synte eit mindreforbruk på kr 98.000. I budsjettet for 2017 blei bygging av omsorgsbustader og flyktningbustader sett opp som eigne prosjekt.

0573 Satsing på IKT i skulen

Det blei i budsjettet avsett kr 625.000 til nytt utstyr og utbetring av infrastruktur innan IKT i skulen. Det er kjøpt inn 44 PC-ar og infrastrukturen er blitt oppgradert. Det står att kr 25.000 av ramma, som vil bli nytta tidleg i 2017, slik at prosjektet blir slutført i tråd med plan.

0574 GPS på plankontoret

Innkjøp av nytt utstyr til plankontoret vert gjort i samarbeid med Kviteseid kommune og kostnaden vert fordelt etter same nøkkel som driftskostnadene. Innkjøp av ny GPS var sett opp i opphavleg budsjett med kr 188.000. Blei justert ned til kr 159.000. Innkjøp blei til slutt gjort for ein sum på kr 139.000.

0575 Ny tankbil til brannvesenet/nødforsyning av vatn

I opphavleg budsjett var det avsett kr 800.000 til dette. Det blei kjøpt inn ein 2014-modell Scania og eksisterande vasstank blei sett over på denne. Arbeid med montering av tank utløyste meirverdiavgift. Dette tok budsjettet ikkje høgde for og prosjektet fekk derfor ein sluttsam på kr 817.000. Men på bakgrunn av at mva-kompensasjon, var nettosum på prosjektet i samsvar med budsjettet. Tankbilen har og ein funksjon i høve til nødforsyning av vatn. Av den grunn er 1/3 av kostnaden ført på vatn(sjølvkost).

0576 Asfaltering av grusvegar

I budsjettet blei det avsett 2,5 mill. til oppgradering av kommunale vegar. (asfaltering av vegar som har ikkje har fast dekke). I k-sak 73/16 blei det avgjort kva for vegar som skal prioriterast. I same sak blei ramma for prosjektet utvida med 1,8 mill. Dette blei innarbeidd i budsjettet i 2. tertial. På bakgrunn av frost/snø måtte delar av prosjektet utsettast til 2017. Det står att kr 1.788.000, som vil bli nytta i 2017.

0577 Utviding av VA-nett Nordbygda

Det blei i budsjettet avsett 0,5 mill. til dette prosjektet. Prosjektet blei aktualisert på bakgrunn av ombygging av Rv. 41 i Nordbygda. Denne utvidinga av VA-nettet ville opne for nye abonnentar. Prosjektet blei avslutta kr 95.000 over budsjett.

0578 Omlegging av kloakkledning Landvik-Treungen RA

I budsjettet var det avsett 1,3 mill. til dette prosjektet. Dette på bakgrunn av at dagens kloakk-ledning på strekninga er i svært dårleg stand. Det vart derfor vedteke å legge ny sjøleidning i Nisser. Etter budsjettvedtak for 2016 påløp det kr 53.000 i kostnader på dette prosjektet i 2015. Budsjettet blei av den grunn justert ned til kr 1.247.000. Ved utløp 2016 stod det att kr 260.000 på prosjektet, som vil bli fullført i 2017.

0579 Utstyr for web-overføring i kommunestyresalen

Det var avsett kr 125.000 til dette. Kommunestyremøte i mai var første møte, der utstyret blei teke i bruk. Litt tekniske problem i oppstarten, men dette har etter kvart funne si løysing. Prosjektet avslutta i samsvar med budsjett.

0580 Vassforsyning – Sandtjønnlia hyttefelt m.fl.

I kommunestyresak 10/16 blei det løyva 12,6 mill. til prosjektet. Ved å ta omsyn anleggsbidrag/tilkoplingsgebyr, var kommunen si eigenfinansiering 6,4 mill. Prosjektet utløyste i første omgang 184 nye vassabonnentar. I kommunestyresak 108/16 blei ramma til prosjektet redusert med 2 mill. og arbeid som skulle utførast i 2017 på dette prosjektet blei stipulert til 0,4 mill. Progresjon på prosjektet blei annleis enn budsjettert og ved utgangen av året stod det att kr 2.574.000 på prosjektet.

0581 Utbyggingsavtale-kloakk-Naurak-felt 2

Prosjektet vedteke i 1. tertial med eit budsjett på kr 340.000. Prosjektet er fullfinansiert med anleggsbidrag. Prosjektet er avslutta i samsvar med budsjett.

0582 Vass- og kloakkleidning til Ånundsbuoddane

I kommunestyresak 35/16 blei det løyva kr 1.150.000 til prosjektet. Prosjektet var delfinansiert (kr 300.000) med anleggsbidrag. Storleiken på anleggsbidraget blei rekna ut etter planane om utbygging av 35 hyttetomter, men dimensjon på anlegget tok høgde for vidare utbygging/forlenging av nettet. Denne delen av kostnadene vart ikkje teke omsyn ved berekning av anleggsbidrag. Ved utgangen av 2016 var kr 351.000 att budsjettet, som bli nytta til fullføring av prosjektet i 2017.

0583 Utbygging Tveit skule – småskulen

I 1. tertial blei det løyva kr 125.000 til prosjektering av tilbygg på småskulen. Dette var ein oppfølging av vedtak i kommunestyresak 26/16, der kommunestyret gav prosjekterings- og byggenemnda mandat til å utgreie utbygging av småskulen. Nemnda har gjennom året arbeidd med ulike alternativ. Kostnader til prosjektering synte ved utgangen av året kr 198.000, kr 73.000 over budsjett.

0584 Ombygging-kommunehuset-2 etg.

I 1. tertial blei det løyva kr 194.000 til ombygging i 2. etg. kommunehuset. Dette var ein oppfølging av vedtak i kommunestyresak 36/16, der kommunestyret vedtok ei oppgradering av kantina og ombygging av kontor. Oppgradering av kantine var ein driftskostnad. Den delen av prosjektet som var investering, ble avslutta til ein kostnad på kr 161.000, som var kr 33.000 under budsjett.

0585 Oppgradering Agresso til Milestone

I 1. tertial blei det løyva kr 625.000 til oppgradering av kommunen sitt økonomisystem. På bakgrunn av ein anna progresjon i prosjektet, enn kva ein først la til grunn, blei budsjettet på prosjektet redusert med kr 313.000, då ein la til grunn at m.a. innføring av fakturaflyt skal skje i 2017. Rekneskapen for 2016 synte eit forbruk på kr 362.000, som er kr 50.000 over budsjett, men innafor løyvd ramme.

0586 Utviding av Framnes bustadfelt

I kommunestyresak 65/16 blei det løyva kr 1.250.000 til dette investeringsprosjektet. Dette skulle dekke ny trykkaukar, leidningsnett kjøp av grunn til to tomter og grøftkostnad for kabling av høgspenline. I same sak blei det og løyvd kr 800.000 i driftsmedel til utbetring av leidningsnett før asfaltering (sjølvkost) og oppretting/reasfaltering av bustadvegar. I k-sak 108/16 vart det budsjettert med at halve prosjektet var ferdig før nyttår og budsjetttet blei redusert med kr 625.000. Men det synte seg at dette var optimistisk i høve til progresjon på prosjektet, då prosjektet ved årsslutt berre synte ein kostnad på kr 224.000. Prosjektet vil bli slutført i 2017.

0588 Utlån til Nissedal og Åmli motorsportklubb

I 2. tertial blei det innarbeidd i budsjetttet eit utlån til motorsportklubben på kr 200.000. Dette var ei oppfølging av vedtak gjort i kommunestyresak 54/16 om å gje eit rentefritt lån til klubben. Åmli kommune gjorde eit tilsvarande tiltak. Lånet er utbetalt og slikt sett avsluttast dette investeringsprosjektet i samsvar med budsjettt.

0589 Gateljos – Sagvegen/Mila

I 2. tertial blei det innarbeidd i budsjetttet eit løyving til dette prosjektet på kr 687.000. Dette var ei oppfølging av vedtak gjort i kommunestyresak 28/16, og prosjektet blei knyt opp til "Aksjon skuleveg 2016". Prosjektet er avslutta kr 6.000 over ramme.

0590 Breibandutbygging

Dette er eit prosjekt som er sett opp i 2017-budsjetttet. Eksternt tilskot (statleg) på 1 mill. blei utbetalt før årsskifte, og blei derfor ei "ubudsjettert" inntekt i 2016.

0595 Vass- og avløpsleidning – Eriksneset/Treungen Hyttegrend

I kommunestyresak 88/16 blei det innarbeidd ei løyving på 0,9 mill. til dette prosjektet. Bakgrunn for prosjektet var eit initiativ frå utbyggar i området om å felles utnytting av grøfter til straum og VA. I tillegg kom at legging av VA-leidningar ville bli meir komplisert etter at høgspenleidingar var lagt. I kommunestyresak 108/16 blei løyving i 2016 redusert til kr 450.000, då ein la til grunn at halve prosjektet ville bli utført i 2017. Rekneskapan viser at heile prosjektet blei utsatt til 2017. I rekneskapan for 2016 er det kun innbetaling av anleggsbidrag, i tråd med budsjetttet, som er gjennomført.

0598 Anleggsbidragsavtale – Nordbø

I kommunestyresak 108/16 blei budsjettt på kr 330.000 til denne avtalen innarbeidd. Dette var ei oppfølging av vedtak i kommunestyresak 76/16, vedk. anleggsbidragsavtale mellom Nissesaga og Nissedal kommune. Prosjektet er fullfinansiert med anleggsbidrag. Prosjektet avslutta kr 76.000 under budsjettt/ramme og innbetalt anleggsbidrag redusert tilsvarande.

0599 Anleggsbidragsavtale – Felehovet Nord, Felt C

Jf. kommunestyresak 87/16 blei dette prosjektet innarbeidd i budsjettt 2017. Men oppstart blei noko tidlegare enn kva k-sak 87/16 la til grunn, og det påløp derfor kr 789.000 på prosjektet allereie i 2016. Dette var det ikkje teke høgde for i budsjetttet. Men det kom samstundes inn tilsvarande sum i anleggsbidrag, men som då fylgjelig og var ubudsjetterte.

Gautefallheia VA (0528, 0533, 0538)

Dei prosjekta dette gjeld, er i intern oppfølging vurdert å vere styret sitt ansvar innafor ei samla kostnadsramme vedteke av kommunestyra i Nissedal og Drangedal. Det er såleis den samla kostnadsramma, og endring av denne, kommunestyret har teke stilling til i sine budsjett-vedtak, og ikkje korleis styret har innretta sitt interne budsjett for prosjekt-oppfølging. Styret for Gautefallheia VA har avslutta sitt arbeid og dei prosjekta som har hatt aktivitet i 2016 er prosjekt som var opphavleg tenkt avslutta i 2015. Dei prosjekta som var knyt til Gautefall VA hadde eit budsjett på kr 1.131.000, der Drangedal kommune skal bidra med sin del etter vedtatt fordelingsnøkkel. Rekneskapen synte at prosjekta blei avslutta kr 24.000 over budsjett/ramme.

Investeringsrekneskapen oppsummert

Investeringsrekneskapen for 2016 er gjort opp i balanse. Men ser ein løyvd ramme (29,1 mill.), opp mot sum utgifter/finansiseringsbehov (26,8 mill.) ser ein eit samla mindreforbruk på 2,3 mill. Dette utgjør eit avvik på nær 8%. Dette mindreforbruket spreidd ut på fleire prosjekt og det er vanskeleg å trekke fram enkeltprosjekt som forklaring på dette avviket. Men i hovudsak er det tale om endring i progresjon og i liten grad reduksjon av utgifter

Av sum finansiering på 26,8 mill. er 15,1 mill. bruk av lån. Med andre ord er 56% av investeringane i 2016 finansiert med lån. På bakgrunn av mange anleggbidragsavtaler som er finansiert med anleggsbidrag og refusjonar frå Drangedal på VA-Gautefall, så framstår nok graden av bruk av lån lågare enn kva som er realiteten for investeringar i kommunen.

4. Driftsrekneskapen (jf. økonomisk oversikt drift og rekneskapsskjema 1A/1B og note 17)

Økonomisk oversikt drift

Oversikten syner at driftsinntektene har hatt ein auke på 7,6% frå 2015 til 2016. Dette mot 10,1% frå 2014 til 2015. I driftsinntekter ligg både salsinntekter, midlar til ordinær drift og ev. øyremerka midlar til ymse føremål, så det kan vere naturlege svingingar frå år til år. Men det gjev likevel eit uttrykk for at det samla handlingsromet til Nissedal kommune er akseptabelt, sjølv om veksten var høgare frå 2014 til 2015. (Her må ein ha i minne at frå 2014 til 2015 blei område for eigedomsskatt utvida). Veksten i driftsinntekter i kroner utgjer 12,8 mill. og er i hovudsak knyt til inntekts-/formueskatt (3,5 mill.), rammetilskot (1 mill.), andre statlege overføringar (4,4 mill.) som er integreringstilskot flyktningar, overføringar med krav til motytingar (3,3 mill.) som i stor grad er ref. sjukeløn/fødselpermisjon på skule som auka med 2,3 mill. og forsikringsoppgjjer kommunal bustad på teknisk på 1,7 mill., sal- og leieinntekter (3,3 mill.) der ein vesentleg del kan knytast til auke tilkoplingsavg. VA på 1,7 mill.

Driftsutgiftene har auka med 11,9 mill. frå 2015 til 2016. Lønskostnadene gjekk opp frå 2015 til 2016, med 7,6 mill.

Som ein ser har inntektene ein sterkare vekst enn utgiftene og dette gjer til eit positivt netto driftsresultat på kr 7.829.000, som er ei forbetring i høve til 2015, på 1 mill. Netto driftsresultat var i 2016 på 4,3%. Dette var i 2015 på 4,1%. Ein klarer då å "oppfylle" normtalet på 1,75% av driftsinntektene, med god margin.

Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4.434.000 vert kommentert under.

Rekneskapsskiema 1A – Sentrale inntekter og avsetnader, finansinntekter og –utgifter

Sentrale inntekter

Anslag på skatteinngangen blei 1. tertial auka med 2,2 mill. til kr 33.750.000. Skatteinngangen totalt blei kr 33.629.000. Naturressurs-skatten, som inngår i skatteinntektene blei 0,4 mill. lågare enn budsjett og under inngang i 2015. Rammetilskot blei omlag 1 mill. over budsjett. Dette skuldast ein sterk auke i skatteinngangen nasjonalt, saman med at Nissedal hadde ein skatteinngang på 95,7% av landsnittet. Dette gir då at kommunen blir kompensert med ein auke i rammetilskotet.

I budsjettet var det lagt til grunn kr 15.980.000,- i eigedomsskatt, der 10,6 mill. kom frå verk&bruk/næring og 5,3 mill. frå bustader/hytter. Det var godt samsvar mellom budsjett og rekneskap, kr 12.000 i meirinntekt. Gjennom tertialkontrollane blei det gjort mindre justeringar på anslaget på eigedomsskatt. Hus/hytter med blei justert opp med kr 45.000, og næring/verk&bruk opp med 450.000.

Integreringstilskotet blei i tertialkontrollane auka med kr 765.000 til kr 8.081.000. Rekneskapen synte ei inntekt på kr 7.889.000. Avviket er skuldast at IMDI gjorde ei endring av vedtak kring ein enslig mindreårig.

Totalt blei frie disponible inntekter 123,4 mill., som er 0,3 mill. meir enn budsjettet.

Netto finansinntekter/-utgifter

Renteinntekter totalt blei kr 1.317.000. Dette er kr 86.000 meir enn budsjettet. Årsaken til denne meirinntekta ligg til ein viss grad i at fleire investeringsprosjekt blei noko forseinka, og ein dermed fekk noko høgare bankinnskot. I tillegg blei renteinntekter på formidlingslån høgare enn budsjett.

I budsjettet for 2016 var det lagt til grunn å utsetje avdrag på kr 265.000. I 1. tertial blei det innarbeidd å betale avdrag etter opphavleg plan. Avdrag på lån var kr 7.213.000, som er i samsvar med budsjett.

I sum har netto finansutgifter/-inntekter eit mindreforbruk på kr 57.000.

Netto avsetnader

Det er, jf. budsjett, avsett 4,7 mill. til disposisjonsfond og det er nytta 0,5 av disposisjonsfond. (Netto er det avsett kr 4,2 til disposisjonsfond). Pr. 31.12.16 utgjør felles buffer utgjør 3,6 mill. og einingsfond 0,6 mill.

Til fordeling drift

Til fordeling drift (frå skjema 1B – 110 mill.) i høve til "til fordeling drift" (114,4 mill.), gir eit mindreforbruk på 4,4 mill.

Driftsrammene (jfr. rekneskapsskjema 1B)

Note 17 i rekneskapet syner endringane i driftsrammene gjennom året, og faktisk driftsresultat for kvart rammeområde for året. Større endringar av budsjettamma (over kr 50.000) og budsjettavvik vert i det etterfylgjande kommentert. Endringar av meir teknisk karakter som t.d. avskrivningar og verknad av lønsoppgjer for kvart rammeområde, vert ikkje kommentert i særleg grad. Det er viktig å merke seg at rekneskapsresultat ikkje nødvendigvis seier noko om oppnåing av mål eller effektivitet. Rådmannen fremmar eiga sak etter at rekneskapet er godkjent, som gjer ei nærare vurdering av det enkelte rammeområde sitt rekneskapsresultat. Totalt syner skjema 1B eit forbruk på 110 mill. samla på alle rammeområda, mot ei budsjettamme på 114,1 mill.

Felles

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Nedgang i konsesjonskraftinntektene kr 652.000
- Auke kostnader synfaring eigedomsskatt kr 40.000
- Lønspott heile kommunen redusert kr 50.000

Felles har eit mindreforbruk på kr 472.000. Dette kan i hovudsak knytast fylgjande moment:

- Ubudsjettert tilskot til utgifter knyt til arbeid med kommunereform kr 100.000
- Mindreforbruk IT heile kommunen kr 115.000
- Mindreforbruk frikjøp tillitsvalte kr 110.000
- Mindreforbruk fellestiltak/"eigedomsskattepotte" kr 63.000
- Overføring landsbrukskontor Kviteseid kr 69.000

Kommunen fekk seinhaustes utbetalt kr 100.000 frå Fylkesmannen som var kompensasjon for arbeid som var lagt ned i samband med kommunereforma. Dette blei kjend så seint på året at det ikkje blei innarbeidd i budsjettet. Mindreforbruk på IT-heile kommunen er det avsett ein "pott" til uforutsette utgifter. I 2016 var det nærast ingen slik utgifter, m.a. pga. lite toever. Sjølv om 2016 var eit hovudoppgjer, var det ikkje lokale forhandlingar i kap. 4. Dette er hovudsak forklaringa på mindre behov for frikjøp av tillitsvalte. Av løyving frå "eigedomsskatte-potten" det eit mindreforbruk på Jettegrytene på kr 12.000 og på Søftestad Gruber kr 51.000. Overføringa til felles landbrukskontor, blei under budsjett, m.a. på bakgrunn av sjukefråvær.

Eining for skule

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke av ramme ved reversing av vedtak om kantinedrift på Tveit skule kr 73.000
- Avdekt for lite veketimar, auke av ramme kr 58.000
- Auke av lærarar-ressurs vaksenopplæringa 40% frå 01.08. kr 109.000
- Auke av ulike driftspostar/utstyr vaksenopplæringa kr 116.000
- Auke i inntekter/tilskot vaksenopplæringa kr 613.000
- Ny gjesteelev kr 100.000
- Ny stilling miljøterapeut kr 197.000
- Trekt inn ledige lønsmedel kr 581.000

Eining for skule har eit mindreforbruk på kr 797.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Kr 120.000 i meirinntekter, i hovudsak på SFO og refusjon gjestelev.
- Lønnskostnader kr 207.000 under budsjett, spreidd over heile eininga.
- Diverse driftspostar kr 470.000, spreidd over heile eininga.

I 2. tertial blei kr 581.000 i ledige lønsmedel trekt ut av eininga. Dette var i hovudsak årsaka av innleige av vikarar med lågare løn enn dei fast tilsette. Sjølv om dette uttrekket blei gjort, blei lønsutgiftene kr 207.000 under budsjett. Dette skuldast dels at stipuleringa gjort i 2. tertial var litt forsiktig og at det ikkje blei leigd inn vikar fullt ut dei siste månadene. M.a. blei eit langtidsfråvær på Fjone løyst med ei mellombels løysing, som var svært rimeleg. På driftspostar må det nemnast at ei rekning på undervisningsmateriell på Tveit skule på kr 104.000 som gjaldt hausten 2016, ikkje kom med på rekneskapen for 2016. Rekninga kom bort og blei ikkje purra på før i 2017. På bakgrunn av ei mistyding i høve til tildeling av opplæringsmedel og problem med å gjennomføre alle planlagte kompetansetiltak av kapasitetsomsyn, blei det eit mindreforbruk på opplæringsmedel på kr 96.000.

Eining for barnehage

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Reduksjon av ramme, knyt til born i andre kommunar kr 170.000
- Tiltak for born med spesielle behov kr 207.000
- Assistent flyktningborn kr 100.000

Eining for barnehage har eit mindreforbruk på kr 116.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreforbruk på driftspostar på kr 134.000

Mindreforbruket er fordelt på ulike driftspostar på dei ulike barnehagane. Dei største summene er knyt til kurs/opplæring, inventar/utstyr og undervisningsmateriell. Noko av mindreforbruket kan forklarast ved at bestilling av utstyr blei gjort så seint på året at utgifta først kjem i 2017.

Eining for kultur

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Diverse utgifter busetjing flyktningar (1. tertial) kr 374.000
- Redusert utg. introduksjonsstønad trekt inn i 2. tertial kr 136.000
- Mellombels auke (40%) av flyktningekoordinatorstilling kr 200.000
- Tilskot motorsportklubb kr 50.000

Eining for kultur har eit meirforbruk på kr 85.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Meirforbruk på ansvar flyktningar kr 100.000

Meirforbruket på flyktning er knyt til ubudsjetterte utgifter på kr 209.000 på diverse driftspostar på dette ansvaret. Knyter seg til tiltaks- og overføringsutgifter kring flyktningane. På bakgrunn av mindreforbruk på løn og ubudsjetterte inntekter blir "netto" meirforbruk kr 100.000. På andre område innan eininga er det berre mindre avvik.

Eining for helse og habilitering

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Reduksjon av statstilskot ressurskrevjande brukarar kr 50.000
- Auke i kostnader kring ordninga brukarstyrt personleg assistent kr 298.000
- Tenkt redusert kostnad til kommunal akutt plass ikkje mogleg kr 100.000
- Reduserte kostnader til barnevernstiltak kr 500.000

Eining for helse og habilitering har eit mindreforbruk på kr 1.277.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreutgifter tiltak barnevern kr 642.000
- Mindreforbruk Kåsa løn/driftspostar kr 213.000
- Mindreforbruk legekantor kr 151.000
- Mindreforbruk psykiatri kr 194.000

Mindreforbruket på barnevern skuldast tiltak som har blitt avslutta utan at nye behov er kome til. På Kåsa er brutto mindreforbruk omlag 1 mill. På bakgrunn av ordninga med refusjon for ressurskrevjande brukarar blir netto innsparing omlag 200.000, då tilskotet blir redusert med 80% av nedgangen i utgiftene (utgjer omlag kr 800.000). Mindreforbruk på legekantoret knyt seg til reduserte lønsutgifter, som er årsaka av vakanse ved byte av tilsette, og reduserte driftsutgifter, m.a. gjestepasientordninga (kr 50.000) og div. postar kring materiell/utstyr. På psykiatri er mindreforbruket årsaka av redusert behov for støttekontakter tiltaksutgifter som ikkje blei nytta fullt ut.

Eining for omsorg

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Generell auka i driftsramme kr 500.000
- Auke i anslag på oppholdsbetaling kr 300.000

Eining for omsorg har eit mindreforbruk på kr 344.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Inntekter eigenbetaling/oppoldbetaling er kr 697.000 over budsjett.
- Lønsutgifter er kr 331.000 over budsjett.

Det blei gjennom 2. halvår arbeidd mykje med å få på plass nye rutinar/regelverk kring oppholdsbetaling. Av meirinntektene på oppholdsbetaling, utgjer omlag 0,6 mill. etteroppgjer på oppholdsbetaling. Grunnbemanninga/fast tilsette har gjennom heile året vore høgare enn budsjetttramma tillater. Dette har vore tema i handlingsprogrammet og vore arbeidd med gjennom året, utan at ein har kome i mål på dette i 2016.

Eining for teknisk drift

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Avrekning 2015 brannvern – mindreutgift kr 68.000
- Auka kostnader til brannberedskap/naudnett kr 68.000
- Reduksjon av løyving til radonreduserande tiltak kr 100.000
- Oppussing av kantina på kommunehuset kr 155.000
- Utviding Framnes bustadfelt og reasfaltering av vegane i bustadfeltet kr 600.000
- Asfaltering Tveitvegen kr 200.000
- Opplæring brannmannskap kr 100.000
- Eigenandel 2 forsikringssaker kr 100.000
- Redusert ramme straum/komm.avg./forsikring kr 185.000
- Diverse auke på driftspostar siste åra kr 185.000

Eining for teknisk drift har eit mindreforbruk på kr 592.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Ikkje gjennomført arbeid i Framnesfeltet og øvre del av Tveitvegen kr 600.000
- Ikkje gjennomført tiltak kring radonreduserande tiltak kr 100.000
- Meirutgifter grunnkurs brannmannskap kr 120.000
- Tiltak sommarjobb flyktningar (ubudsjettert) kr 50.000
- Ny tørketrommel omsorgssenteret og kjøle på Mila kr 50.000
- Ekstraordinære vikarutgifter reinhald kr 100.000

Då frost/sno kom i haust, blei attståande arbeid med asfaltering i Framnesfeltet og øvre del av Tveitvegen stansa/utsatt til våren 2017. Dette gjorde til at det blei ståande att ein betydeleg del av denne løyvinga, som eit mindreforbruk i 2016. Det blei gjennomført radonreduserande tiltak i storleik omlag løyvinga, men dette blei gjort kring årsskifte og utgifta blir førd i 2017-rekneskapen. Kostnader til opplæring brannmannskap blei kr 120.000 over løyvd ramme. Budsjettet la til grunn at det ikkje blei gjennomført opplæring haust 2016. Men då det blei starta kurs, sjølv om det motsette var signalisert, blei 4 brannmannskap sendt på kurs for å få lovpålagt opplæring. Mot slutten av 2016 gjekk braut tørketrommelen på omsorgssenteret saman og kjøla på Mila gjekk og sund. Båe desse blei sett på som "må-tiltak" og blei skifta ut utan å avvente løyving til formåla. Fråværet blant reinhaldarane har i siste halvår av 2016 vore på eit nivå som kan kallast ekstraordinært. Dette har gjort til ei budsjettoverskriding på reinhald, i høve til høgt vikarbruk og at vikarar ofte er mindre effektive i ein oppstartsperiode.

Sjølvkost Vatn og Kloakk (sjå også Note 13 i årsrekneskapet)

Dei viktigaste endringane gjennom året:

- Auke av ramme p.g.a auka fondsavsetnad grunna lågare avskrivningar kr 138.000

Sjølvkostområdet VA har eit meirforbruk på kr 197.000.

Netto mindreinntekt på rammeområdet på kr 197.000 skuldast noko lågare kalkulatoriske rentekostnader enn budsjettert, og dermed noko høgare avsetnad til sjølvkostfond. Avviket i kalkulatoriske rentekostnader skuldast både noko lågare kalkylerente (1,684% mot 1,94%) og noko lågare rentegrnlag som fylgje av ikkje fullførte investeringar i 2017.

Interkommunalt plankontor

Budsjettet blei ikkje endra gjennom året.

Plankontoret har eit mindreforbruk på kr 402.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Auke i inntekter oppmåling/byggesak kr 256.000
- Reduserte lønsutgifter på kr 170.000

Mindreforbruket til Plankontoret kjem i all hovudsak frå auke i gebyrinntekter, utover justert budsjett. Mindreforbruket på løn skuldast sjukefråvær/permisjonar utan innleige av vikarar.

Ymse prosjekt

Rammeområdet omfattar Trygge Nissedal og Frivilligsentralen.

Budsjettet blei ikkje endra gjennom året.

Området har eit meirforbruk på kr 3.000.

Meirforbruket er årsaka av at noko mindre utgifter, ført mot ansvaret Trygge Nissedal, etter at dette i budsjettet ikkje lenger var sett opp som eit eige ansvar.

Lokalt NAV-kontor

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke av ramme sosialstønad kr 730.000
- Tiltak "Restart" v/Kvito kr 420.000
- Mindreforbruk på kvalifiseringsstønad kr 64.000

NAV har eit mindreforbruk på kr 317.000. Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreforbruk på økonomisk sosialhjelp kr 258.000
- Mindreforbruk på løn kr 45.000

Mindreforbruket på sosialhjelp må vurderast opp mot at ramma blei i opphavleg budsjett styrka med kr 600.000, for så å bli styrka med ytterligare kr 730.000 i løpet av året. Mindreforbruk på lønskostnader skuldast sjukemeldingar utan inntak av vikar.

Næring/reiseliv

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke av næringskonsulentstilling med 10% kr 75.000

Næring/reiseliv har eit mindreforbruk på kr 14.000. Storparten av utgiftene innan dette rammeområdet er i utgangspunktet finansiert med øyremarka midlar frå diverse næringsfond. I budsjettet for 2016 blei delar av drifta finansiert med ordinære driftsmedel, og rammeområdet hadde ei netto driftsramme på kr 66.000. Mindreforbruket er knyt til fleire mindre avvik.

5. Balansen

5.1 Gjeld:

Kortsiktig gjeld var ved årsskifte 28 mill. Dette er ein nedgang på 0,6 mill. frå 2015. Langsiktig gjeld (lån) var ved årsskiftet 146 mill. mot 136 mill. i 2015.

Utvikling av lånegjeld

Alle tal i tusen	2012	2013	2014	2015	2016
Husbanken	3 311	3 860	4 358	4 841	7 520
Sparebanken Sør	4 794	4 094	4 094	4 094	3 394
Kommunalbanken	52 656	65 195	94 753	104 362	113 872
KLP Kommunekreditt	11 250	10 500	9 750	9 375	8 625
KLP	16 000	15 000	14 000	13 252	12 252
Totalt:	88 011	98 649	126 955	135 924	145 663

Auken i lånegjeld siste 5 år er i all hovudsak knytt til VA-anlegg. Nissedal kommune har vedtak om 100 % dekningsgrader innan desse sjølvkost-regulerte områda, og auken i lånegjeld skal difor ikkje påverke handlingsromet for anna kommunal drift. Kommunalbanken har dei siste åra vore hovudbank på innlån for kommunen.

5.2 Arbeidskapital (note 1 i rekneskapen)

Kommunen sin arbeidskapital kjem fram av sum omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen fortel om i kva grad kommunen er i stand til å dekkje laupande utgifter.

Arbeidskapital

Alle tal i 1000	2012	2013	2014	2015	2016
Arbeidskapital	33 569	35 456	41 606	40 367	49 423

Arbeidskapitalen har i 2016 blitt auka med 9 mill. Dette heng saman med auke i omløpsmedel på 8,5 mill. Auken i omløpsmedel kan forklarast med auke i unyttta lånemedel på 2,1 mill., auke i fondsbeholdning på 6 mill. og mindreforbruk på 4,3 mill.

5.3 Utestående fordringar

Utvikling av kommunale krav. (Som er sendt gjennom faktureringsystemet)

Alle tal i 1000	2012	2013	2014	2015	2016
Sum restanse	240	476	420	1 177	497
Eldre enn 6 mnd	27	12	45	28	12

Restansar totalt er redusert med kr 696.000 og eldre enn 6 mnd. er redusert med kr 16.000. Sum restansar 31.12.15 var "kunstig" høgt på bakgrunn av forfall anleggsbidrag rett før årsskifte. For 2016 er vi tilbake på det ein kan omtale som eit normalt nivå. Skuldig sum fordeler seg til kommunale avgifter med kr 316.000, husleige/div. teknisk drift kr 75.000, barnehage/SFO kr 35.000, legerekningar kr 13.000 omsorg/Kåsa kr 23.000 og gebyr plankontoret kr 24.000.

Det som er særst viktig er utviklinga på eldre restansar og her er det ein positiv utvikling frå 2015 til 2016. I 2016 blei krav for kr 12.000 avskrivi. Dette er og ein nedgang i høve til 2015.

5.4 Fond

Kommunen sine fond er delt inn i 4 ulike grupper.

BDF (bundne driftsfond) som normalt er avsetjingar eller bruk til øyremerka føremål bestemt av gjevaren. UBIF (ubundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar som kommunen sjølv har sett av til føremål i investeringsrekneskapen. BIF (bundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar brukt i investeringsrekneskapen til øyremerka føremål. DF (disposisjonsfond) som normalt er avsetjingar til føremål bestemt av politikarane og bruken kan skje både i investering- og driftsrekneskapen. (sjå note 7 i rekneskapen).

Utviklinga i fondsbeholdning dei siste åra. (Alle tal i tusen)

	2012	2013	2014	2015	2016
Bundne driftsfond	21 786	22 524	24 277	26 760	29 496
Ubundne investeringsfond	522	1 501	2 244	2 179	0
Bundne investeringsfond	319	229	452	338	1 622
Disposisjonsfond	4 181	1 074	0	0	4 226
SUM	26 808	25 328	26 973	29 277	35 344

Tabellen syner at samla fondsbeholdning har auka med 6 mill. Disposisjonsfond er auka frå 0 til 4,2 mill., der "felles buffer" utgjer 3,6 mill. Dette gjer kommunen betre i stand til å handtere uføresette moment i drifta. Kommunen har framleis ei stor fondsmasse der kraftfond utgjer "hovudtyngda".

6. Rapport – Finansforvaltning

Vedteke finansreglement med rutinar seier at det i årsrapporten skal rapporterast i høve til finansforvaltninga for heile året. Det blei teke opp to nye lån i 2016. Eit lån på 14,3 mill. i Kommunalbanken knytt til vedtekne investeringar. Det vart og lånt 3 mill. i Husbanken knytt til Startlånsordninga.

Rapportering for passiva:

	31.12.2016		
	Mill. kr	%	Dur.
Lån med pt rente (vekta gj.sn.)	146 mill.	1,7%	
Lån med 3 mnd. NIBOR	0		
Lån med fast rente	0		
Finansiell leasing	0		
Samla langsiktig gjeld	146 mill.		
Effektiv rente (vekta gj.sn.)	1,7%		
Avkastning (kostnad benchmark (ST4X))	(ikkje aktuelt)		
Tal på enkeltlån	13		
Største enkeltlån	86,3 mill.		

Rapportering for midlar til driftsføremål:

	31.12.2016		
	Mill. kr	%	Dur.
Innskot hjå hovudbank	45,2	1,07%	
Innskot andre bankar	0		
Samla kortsiktig likv.	0		
Avkastning 2016	0,53		
Avkastning ref. indeks (ST1X)	Ukjent		
Stadfesting av enkelteksponering ≤ 2% av forvaltningskapital	Ikkje aktuelt		
Stadfesting av enkeltpapir ≤ 15 mnd. Løpetid.	Ikkje aktuelt		
Største tidsinnskot	11,6 mill. (1,2% gj.sn.)		
Største enkeltpapirplassering	Ikkje aktuelt		

Alle lån er jf. finansreglementet teke opp med flytande rente. Dette gjer til at kommunen er sårbar for renteendringar på innlån. Lån vert i hovudsak teke opp med ei nedbetalingstid på 30 år. Utover at lån berre skal takast opp med flytande rente, legg gjeldande finansregelment opp til ei sær s låg risikoeksponering. Gjeldande reglement er etterlevd i 2016 og kommunen har derfor fortsatt ein låg risikoeksponering. Det er ingen avvik å rapportere om mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet. I høve til innskot er dette plassert i Sparebanken Sør. Det er ikkje gjort nærare analyser av kor konkurransedyktige dei rentevilkåra ein har på innskot er.

7. Aktivitetsnivået på utvalde område:

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Kommunestyresaker (m)	120(14)	83(9)	81(9)	104(8)	108(10)	108(9)
Formannskapssaker (m)	152(17)	151(15)	132(14)	165(15)	125(13)	170(16)
Administrasjonsutv.s.(m)	17(6)	16(7)	12(4)	10(5)	3(2)	7(4)
Arbeidsmiljøutv.s.(m)	39(10)	30(10)	32(10)	30(8)	15(5)	14(5)
Kontrollutvalsaker (m)	21(3)	23(4)	20(4)	20(4)	23(4)	33(4)
Besøktal turistinformasjon	1.704	1.725	1.707	1.717	1.964	1.491
Elevtal grunnskule	164	150	151	144	155	165
Årstimar til undervisning	14.656	13.552	16.631	13.528	15.149	16.483
Barnehageborn	66	79	77	85	82	78
Bokutlån	4.445	4.492	5.333	5.607	6.603	7.327
Besøk biblioteket	6.707	6.162	6.424	6.610	6.918	7.115
Kultur- og musikkskulen t/v	15,6	16,25	18,24	20,8	22,8	21,27
Kultur- og musikkskulen elevtal (dans i tillegg frå 2012)	43	47	53	50	55(+52 danserar i 6mnd)	56(+31 danserar i 6mnd)
Kulturskuletimen			45	45	25	29
Barnevernstiltak (tal - barn)	14	16	24	20	13	17
Vedtak pleie og omsorg	160	167	190	162	206	248
NOS 19 plass+1akuttrom Sal plassar (døgn/pas.)	471/14	35/2	160/4	185/4	3/1	26/2
Liggedøgnstatistikk.	95,92%	86,57%	96,95%	95,00%	104,0%	100,3%
Dødsfall på institusjonen	12	11	13	11	10	11
- Brukarar som mottar heimesjukepleie (frå 2012 -tala inkl. psy.helse)	35	34	62	63	73	64
Delegerte vedtak byggesaker, etter PBL, §20- 3 og 20-4	144	132	102	95	118	158
- Nye frådelingar	104	81	84	46	91	90
- Godkjente reguleringsplanar	2	4	0	4	3	2
Brannutrykkingar	11	15	8	5	16	17

Talet på kommunestyresaker dei siste tre åra vore relativt stabilt, men formannskapet hadde ein klar aktivitetsauke frå 2015 til 2016. Talet på elevar i grunnskulen gjekk i 2016 opp, mens born i barnehagen gjekk noko ned. Det er verdt å merke seg ein nedgang i besøkstala på turistinformasjonen., samanlikna med tidlegare år.

8. Likestilling

8.1 Kjønnsfordeling

Kjønnsfordeling (fordeling kjønn pr. org. eining)	2014		2015		2016	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Ordfører/Leiargruppe (einingsleiar, kommunalsjef, plansjef, NAV-leiar, Ikt-/rekneskapssjef - inngår og i tala under)	33,3%	66,7%	36,36%	63,64	41,7%	58,3%
Felles/rådmann/ordfører/tillitsvalte	69,6%	30,4%	63,16%	36,84%	64,7%	35,3%
Eining for skule	71,0%	29,0%	69,77%	30,23%	72,9%	27,1%
Eining for barnehage	96,9%	3,1%	96,67%	3,33%	97,2%	2,8%
Eining for kultur	37,5 %	62,5 %	41,67%	58,33%	36,4%	63,6%
Eining for helse og habilitering	76,9%	23,1%	79,31%	20,69%	81,0%	19,0%
Eining for omsorg	100,0%	0,0%	100,0%	0,0%	100,0%	0,0%
Eining for teknisk drift	26,7%	73,3%	25,0%	75,0%	21,9%	78,1%
Plankontor	33,3%	66,7%	33,33%	66,67%	50,0%	50,0%
Totalt heile kommunen	75,2%	24,8%	73,75%	26,25%	74,9%	25,1%

(Tilsette i NAV har sitt tilsetjingsforhold i staten)

I Nissedal kommune er det i dei fleste einingane kvinner som utgjør fleirtalet og ein ser det held seg nokolunde på $\frac{3}{4}$ med kvinner og $\frac{1}{4}$ menn. På kultur og teknisk er det overvekt av menn. Dette er nok i grove trekk same bilete som i dei fleste kommunar i landet. Ein ser at nokon einingar skil seg ut med å ha ein særskild skeiv fordeling. Plankontoret utmerkar seg med ei særskild jamn fordeling. Kommunen kan bli betre til å oppmøde menn til å søkje stillingar innan fagområde der kvinner er i fleirtal og motsett der menn er i fleirtal.

8.2 Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid

Timar:	2014		2015		2016	
	Overtid	Ubkv.arb.tid	Overtid	Ubkv.arb.tid	Overtid	Ubkv.arb.tid
Felles/rådm./till.v./ordf/næring	4	47	37	99	0	6
Eining for skule	5	72	0	13	3	0
Eining for barnehage	5	795	36	818	19	818
Eining for kultur	0	806	0	943	0	1.303
Eining for helse/habillitering	285	32.724	268	32.329	250	31.959
Eining for omsorg	791	39.313	924	36.822	615	37.553
Eining for teknisk drift	816	0	562	0	945	0
Plankontor	0	0	0	0	0	0
Totalt heile kommunen	1.906	73.757	1.827	71.024	1.832	71.639

Tabellen syner tal på timar det er utbetalt overtid (50%, 100%, 133%) fordelt pr. eining. Ubekvem arbeidstid vert her definert til å vere timar det er utbetalt laurdag/sundagstillegg, kveld/natttillegg, heilagdags/høgtidstillegg. Det er ein nedgang i bruk av overtid, med unntak av teknisk. Auken av overtid på teknisk er knyt til opplæring av brannmannskap, som har vore på eit høgare nivå i 2016 enn 2015. Naturleg nok er det einingane som har heildøgns drift som har størst innslag av ubekvem arbeidstid og overtid. På bakgrunn av at desse 2 einingane og har hovudsakleg kvinnelege tilsette er det og ei stor overvekt av kvinner som må jobbe overtid og ha ubekvem arbeidstid.

8.3 Lønsnivå

Lønsnivå – Kjønn	2014		2015		2016	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Felles/rådm./till.v./ordf.	Kr 406 531	Kr 675 714	Kr 414 467	Kr 652 557	Kr 418 900	Kr 651 750
Eining for skule	Kr 458 367	Kr 488 909	Kr 470 440	Kr 493 085	Kr 480 502	Kr 499 530
Eining for barnehage	Kr 392 355	Kr 273 700	Kr 410 824	Kr 283 000	Kr 409 357	Kr 290 300
Eining for kultur	Kr 461 333	Kr 447 180	Kr 451 160	Kr 445 429	Kr 484 500	Kr 461 200
Eining for helse og hab.	Kr 402 050	Kr 498 350	Kr 406 333	Kr 488 208	Kr 412 150	Kr 436 318
Eining for omsorg	Kr 399 293	-	Kr 402 627	-	Kr 420 458	-
Eining for teknisk drift	Kr 371 150	Kr 415 768	Kr 382 075	437 250	Kr 389 800	Kr 452 704
Plankontor	Kr 454 000	Kr 542 500	Kr 465 900	Kr 558 000	Kr 503 666	Kr 577 666
Tot. heile kommunen	Kr 408 210	Kr 482 495	Kr 417 231	Kr 499 447	Kr 428 563	Kr 481 412

Tala er berekna utifrå årsløn i 100% stilling. Det er berre teke omsyn til fast grunnløn. Ingen tillegg (faste/variable) er teke med i grunnlaget. Som ein ser ligg gjennomsnittsløna for menn over kvinner, totalt for heile kommunen. I høve til dei to føregåande åra er lønsskilnaden på kvinner og menn blitt noko redusert i 2016. I 2016 var gjennomsnittleg løn for kvinner 89% av gjennomsnittleg løn for menn. Til samanlikning var gjennomsnittleg løn for kvinner 85% av gjennomsnittleg løn for menn i 2014. I fleire einingar er det få tilsette i kjønnsgruppa det er færrast av, og lønsnivået heng då direkte saman med ei konkret stilling. Lønsnivået må sjåast opp mot talet på tilsette i dei ulike kompetanse-gruppene i kvar eining. Menn er betydeleg overrepresentert blant t.d. ingeniørar, og kvinner er betydeleg overrepresentert blant ufaglærte og assistentar.

8.4 Stillingsbrøk

Stillingsbrøk – Kjønn	2014		2015		2016	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Felles/rådm./till.v./ordf.	57,5%	71,1%	55,9%	79,6%	72,3%	91,3%
Eining for skule	89,7%	86,4%	82,5%	78,6%	80,8%	72,3%
Eining for barnehage	76,2%	100%	80,7%	100%	80,8%	100%
Eining for kultur	43,0%	32,4%	45,4%	32,4%	63,8%	39,3%
Eining for helse og habilitering	69,8%	72,8%	62,17%	67,0%	60,4%	54,9%
Eining for omsorg	62,6%	-	63,0%	-	69,5%	-
Eining for teknisk drift	81,1%	28,3%	80,6%	30,9%	82,7%	31,3%
Plankontor	97,5%	100%	97,5%	100%	96,0%	100%
Tot. heile kommunen	70,7%	58,2%	68,7%	56,6%	72,3%	53,8%

Gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen (kvinner og menn i saman) er **67,6%**, som er ein auke med 2 prosentpoeng i høve til 2015. Jf. tabellen har menn ein lågare stillingsandel enn kvinner. Ein viktig faktor her er deltidbrannvesenet, som har 16 menn tilsett i 1,4% stilling. Dette gjer utslag på totaltala. Men sjølv ved å korrigere for dette er gjennomsnittleg stillings-% for menn, 70,5%, som er 1,5 prosentpoeng lågare enn gjennomsnittet for kvinner. I perioden har gjennomsnittleg stillings-% auka noko for kvinner og for menn er det blitt redusert. Ein har ikkje talmateriale som seier noko om kor stor del av dei som går på deltid som ønskjer større stilling. Det er ikkje teke omsyn til at fleire tilsette har tilsetjingsforhold i meir enn ei eining. Dette gjer til at gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen reelt sett er noko høgare enn tala over viser. Både arbeidsgjevar og tillitsvalte har som målsetting å redusere bruken av deltid, men i stor grad er bruken av deltid i kommunen frivillig.

8.5 Vidareutdanning – kompetanseheving

I budsjettet for 2016 var det avsett felles opplæringspott på kr 350.000. Denne potten blei fordelt av AMU i sak 4/16 slik:

Eining for barnehage – vidareutd. styrarar/real FAGstasing/prosjekt "Være saman" kr 32.000
 Eining for skule – vidareutdanning lærar kr 100.000
 Eining for teknisk – grunnkurs brannvern kr 130.000
 Eining for helse og habilitering – leiarutdanning kr 50.000
 Eining for omsorg – vidareutdanning avd.leiarar kr 38.000

Eining for skule har mottatt statleg tilskot til opplæring/kompetanse på kr 361.000.

Totalt blei det brukt kr 490.000 til opplæring/kurs totalt i kommunen. Dette opp mot budsjettet 620.000.

8.6 Etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Kommunen har ingen vedteke strategi kring dette. Ein har heller ikkje gjort nokon form for kartlegging av tilsette i høve til etnisitet. Blant kommunen sine tilsette finnast fleire med utanlandsk bakgrunn. Men rekruttering skjer på bakgrunn av ordinær vurdering av kompetanse m.m. og ikkje på bakgrunn av kvotering eller andre vedtekte rekrutteringsstrategiar.

9. Fråvær

Sjukefråvær:	2012	2013	2014	2015	2016
Felles/rådm./till.v./ordf.	1,91%	3,29%	3,07%	7,22%	2,10%
Eining for skule	3,52%	5,14%	3,27%	2,76%	5,66%
Eining for barnehage	11,24%	7,24%	9,29%	8,94%	9,05%
Eining for kultur	4,36%	0,93%	3,32%	1,03%	2,79%
Eining for helse og hab.	12,00%	9,39%	3,19%	4,46%	8,18%
Eining for omsorg	6,87%	7,14%	6,84%	9,26%	7,37%
Eining for teknisk drift	6,57%	9,25%	2,74%	8,44%	12,5%
Plankontor	4,75%	2,79%	1,25%	2,43%	7,82%
Sjølvkost vatn/kloakk	1,13%	0,46%	1,02%	0,34%	1,22%
Næring					1,03%
Totalt heile kommunen	7,77%	6,94%	4,86%	5,92%	7,21%

Fråvær knytt til løna permisjonar for fagforeiningsarbeid (ikkje fast frikjøp), utdanning og politiske verv utgjorde 140 dagsverk (0,5 årsverk). Velferdspermisjonar utgjorde 245 dagsverk (ca. 0,9 årsverk).

Sjukefråværet har gått opp med over 1,3 prosentpoeng sidan 2015 og IA-målet om å kome ned på (eller under) 5%, er dermed ikkje oppnådd i 2016. Det er store avvik mellom einingane, og spesielt eining for barnehage og teknisk har eit høgt sjukefråvær.

10. Etisk standard

Kommunen har utarbeidd etiske retningsliner, som er vedteke i K-sak 26/08. Etiske retningsliner blir gjort kjend for nye tilsette og ligg tilgjengeleg på intranett, som del av personalhandboka. Leiarforum nyttast til å diskutere praktisering av etiske retningsliner.

11. Årsverk/løn/revisjon

Oversikt over utvikling av årsverk siste 3 år:

	2014	2015	2016	Utv. 2014-2016
Ordførar	1,00	1,00	1,00	0
Rådmann/felles/næring	11,10	10,44	12,43	1,33
Eining for skule	31,68	34,13	37,67	5,99
Eining for barnehage	22,84	24,44	29,28	6,44
Eining for kultur	3,01	4,05	5,30	2,29
Eining for helse og hab.	38,90	37,27	34,43	-4,47
Eining for omsorg	40,68	40,07	38,25	-2,43
Eining for teknisk drift	13,88	14,02	13,61	-0,27
Plankontor	5,95	5,95	5,88	-0,07
Ymse prosjekt	0,70	0,0	0,0	0
Totalt heile kommunen	169,74	171,37	177,86	8,12

Talet på tilsette ligg etter måten høgt i Nissedal kommune og kan i grove trekk forklarast med ein desentralisert struktur, mange ressurskrevjande brukarar og mange tilsette innan eldreomsorg. Ein del av veksten i årsverk frå 2015 kan knytast til flyktningar. Dette gjeld for kultur, barnehage og skule. Frå 2016 er frikjøp tillitsvalte teke med under felles.

Oversikt over løn toppløing:

Årleg godtgjersle til ordførar var pr. 31.12. kr 752.700, og utgjør 85 % av godtgjersla til ein stortingsrepresentant. Rådmannen si årsløn pr. 31.12. var kr 782.000.

Revisjon:

Utgifter til revisjon utgjorde kr 386.000 for 2016. I tillegg til revisjon av kommunerekneskapen dekker dette beløpet revisjon av fellesrådet, overformynderi og forvaltningsrevisjon. Det er ikkje spesifisert fordeling mellom revisjon og rådgiving.

Utgifter til kontrollutval-sekretariat utgjorde kr 93.400 for 2016.

12. Vurdering av endring i økonomisk situasjon/utvikling.

Budsjettet for 2016 blei vedteke med eit negativt netto driftsresultat på 0,9%. Dette blei endra til eit sluttresultat på netto driftsresultat på 4,4%. Sjølv om fleire av dei faktorane som har gjort til denne endringa er å sjå som "eingongs-inntekter", gir det likevel ein peikepinn på at den økonomiske situasjonen til kommunen er betra. Ein har nå klart å bygge opp att ein økonomisk reserve, slik at ein ikkje er så sårbar for uforutsette utgifter eller negative endringar i økonomiske føresetnader.

Gjeldande økonomiplan, som blei vedteke i desember 2016, gir eit bilete av den økonomiske utviklinga med ei utfordring med balanse i drifta frå 2019. Dette m.a. på bakgrunn av utfasing av den positive effekten integreringstilskot flyktningar har hatt på budsjettbalansen og nedgang i kraftinntektene. Dette er moment som framleis er gyldige og ein vil dermed framleis innrette økonomistyringa med sikte på at det økonomiske handlingsrommet i komande planperiode ikkje blir utvida.

Det var knyt stor usikkerhet knyt til kva konsekvensar nytt inntektssystem vil ha for Nissedal. Resultatet for Nissedal, som ein "ufrivillig liten kommune" må seiast å vere akseptablet. Dei statlege overføringane er omlag på same nivå som før omlegginga.

Dei store investeringane innan VA skal i utgangspunktet dekkast innanfor prinsippet om sjølvkost, men det er ei smertegrense for kor mykje ev. gebyra kan aukast. Potensialet for nye abonnentar og inntektsauke er stort, og det vert ikkje vurdert som stor risiko for at anna kommunal drift må subsidiere desse tenestene. Reduksjon av VA-gebyra for 2017 med 20% var ei stadfesting av dette.

Totalt sett vurderer ein økonomien som stram, men under kontroll.

Sverre Sæter
Rådmann
Treungen 24. mars 2017

13. KOSTRA-tal

Kommunane har sidan 2001 rapportert sin ressursinnsats på ulike tenesteområde. Saman med ulike demografiske opplysningar gjev dette kommunane høve til å samanlikne egne prioriteringar, kvalitet og effektivitet med andre, og seg sjølv, over tid.

Nissedal kommune er klassifisert blant kommunane "Små kommunar med høge bundne kostnader pr. innbyggjar – middels frie disponible inntekter", der m.a. også Hjartdal kommune er med.

Nissedal er ein liten og oversiktleg kommune så verdien av Kostra-tal er kanskje fyrst og fremst det å kunne samanlikne seg med andre kommunar. I fleire år har ein vald å ha Fyresdal og Åmli som "referanse-kommunar", sjølv om begge desse kommunane er klassifisert som kommunar med høgare inntekter enn Nissedal.

Kostra-tal vert ikkje nytta direkte i målstyringa i Nissedal, men er ein av mange kjelder til informasjon som leggjast til grunn i dei ulike økonomiprosessane. Dette avsnittet presenterer eit utval av samanlikningar med nokon tilhøyrande vurderingar, men har ikkje som ambisjon å gå djupt inn i det statistiske grunnlaget.

Når ein les og tolkar Kostra-tal er det viktig å ha med seg at i små kommunar kan store statistiske avvik skuldast relativt små og tilfeldige tal. Område der Kostra ennå ikkje gjev særleg god informasjon er m.a. ressursinnsats til personar med nedsett funksjonsevne i alderen 0-66 år. Ein ser også at ein del indikatorar måler ressursinnsats pr. brukar, utan å seie noko om omfang av teneste. Eit døme på dette er ressursinnsats pr. mottakar av heimetenester, som ikkje skil mellom 1 besøk pr. veke eller 5 besøk i døgnet.

For ytterlegare opplysningar visast det til SSB sine sider på <http://www.ssb.no/kostra/>.

Økonomiske rammevilkår og handlefridom

Det er ofte "frie disponible inntekter pr. innbyggjar" som vert nytta for å samanlikne handlefridomen til ein kommune. Frie inntekter inneheld rammetilskot, skatt på inntekt og formue, naturressursskatt og konsesjonsavgifter.

Tabell K1 – Frie inntekter i kroner pr. innbyggjar (hovudsakleg rammetilskot og skatteinntekter)					
Årstal	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
2014	62 703	68 679	66 100	66 144	48 612
2015	65 204	69 568	65 332	66 450	49 775
2016	65 931	72 450	68 341	69 019	52 141

Tabellen syner at desse inntektene er betydeleg lågare enn hjå "like kommunar", noko som er litt merkeleg sidan Nissedal fram til 2013 låg i kommunegruppa for "høge inntekter", og ein kunne då kanskje forventa at Nissedal var blant dei som hadde høgast inntekter i denne gruppa. Går ein bak tala ser ein at Nissedal har forholdsvis høge skatteinntekter pr. innbyggjar, noko truleg naturressursskatten bidreg til, og med det får lågare rammetilskot, men dette forklarar ikkje alt. "Like kommunar" synast å ligge merkeleg høgt i frie inntekter. Både Fyresdal og Åmli har lågare frie inntekter, sjølv om dei er vurdert å ha "høgare disponible inntekter" i grupperingssamanheng. Her må forklaringa vere andre inntekter, truleg kraftrelaterte.

Har Nissedal ein "sunn" økonomi ?

a) Brukar vi meir enn vi har til disposisjon ?

Eit uttalt normkrav for driftsresultat er at netto driftsresultat bør utgjere 1,75 % av driftsinntektene. Eit slikt "avkastningskrav" er grunngjeve med at kommunen sine verdier over tid ikkje skal bli mindre, og sidan det er avdrag på lån som representerer verdi-reduksjonen i driftsrekneskapet, og desse som regel er lågare enn avskrivningane, må ein ha eit "overskot" for å unngå å svekke realkapitalen.

Tabell K2 – Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter					
	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
2014	0,0 %	1,4 %	5,8 %	2,5 %	1,0 %
2015	4,1 %	1,8 %	1,4 %	4,1 %	2,7 %
2016	4,4 %	3,0 %	3,9 %	7,9 %	4,0 %

Etter nokon år med svake resultat har Nissedal i 2015 og no i 2016 relativt gode resultat. I dette ligg rett nok eit overskot innan vass- og avløpstenestene på 2,64 mill. som er sett av til bundne fond, men trekker ein ut dette blir talet 2,89 %, og framleis over "normen" på 1,75 %. Ein ser elles at svært mange kommunar har høge driftsresultat i 2016.

b) "Skuvar vi belastninga føre oss" ?

Tabell K3 – Netto lånegjeld (eks. pensjonsforpliktingar) i kroner pr. innbyggjar					
	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
2014	69 473	61 130	16 434	89 621	50 564
2015	80 577	66 479	18 977	88 570	54 211
2016	82 834	70 538	21 980	87 548	57 759

Netto lånegjeld pr. innbyggjar har auka betydeleg dei siste åra. Her er det viktig å trekke fram at svært mykje av låneoptaka er nytta til investeringar innan VA-sektoren, og at ein ikkje nyttar dei frie inntektene til å finansiere desse kapitalkostnadene. At innbyggjarane uansett må finansiere kapitalkostnadene gjennom eigeomsavgiftene, vegast opp av vekst i abonnementsmassa, og Nissedal har ikkje spesielt høgt gebyrnivå (sjå tabell i kap. 4.9). Det er også relevant å trekke fram Note 11 til rekneskapen som syner at ein i 2016 hadde ei avdragsbelastning i driftsrekneskapet på omlag 1,76 mill. meir enn det Kommunelova (§50) stiller krav om.

Prioritering

Ei enkel tilnærming er å sjå korleis ein nyttar dei midlane ein har til rådighet.

Tabell K4 – Netto driftsutgifter pr. utvalde tenesteområde, i % av totale netto driftsutgifter					
	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Adm. og styring	11,2	13,6	14,1	12,7	8,1
Barnehage	13,3	8,7	7,8	10,2	14,6
Grunnskuleopplæring	23,6	22,0	25,5	21,9	24,1
Helse og omsorg	43,2	39,9	38,7	37,4	36,1
Sosialtenester	5,0	3,7	7,9	4,1	5,8
Barnevern	2,1	2,3	2,0	4,4	3,6
Vatn, avløp, renovasjon	-3,1	-0,5	-1,0	1,0	-0,6
Fys.plan/kult.minne/natur/nærmiljø	0,6	1,2	2,1	1,2	1,2
Kultur	3,2	2,9	5,7	3,2	3,8
Kyrkje	1,9	1,7	2,0	1,5	1,2
Samferdsel	1,7	2,9	1,7	2,9	1,7
Bustad	-0,1	0,1	-0,1	0,2	-0,1
Brann og ulykkesvern	1,7	1,9	1,8	1,8	1,5
Næring	-1,8	0,6	-9,3	-0,5	0,0

Tabellen over syner dei vesentlege tenesteområda sin %-vise del av totale netto driftsutgifter. Samanlikna med "like kommunar", skil Nissedal seg framleis ut med å bruke ein høgare del av sine frie midlar til barnehage og helse og omsorg. Tabellen over tek ikkje omsyn til to viktige moment:

a) kommunane sin handlefridom, her representert ved *totale netto driftsutgifter*

Med dette meinast at ein "rik kommune" kan bruke mindre av sine samla inntekter på ein teneste, men likevel ha relativt stor ressursinnsats pr. brukar og god kvalitet på tenestene.

b) kva for tenestebehov som ligg til grunn for prioritering av ressursar

Ressursbruk sett i høve til demografiske variablar, så som aldersgruppering og t.d. talet på personar med spesiell behov, er på mange måtar meir interessante. Når Nissedal nyttar forholdsvis lite ressursar på ei teneste så kan det vere positivt dersom grunnen er at behovet er lite, men det kan også bety at kommunen ikkje gjev dei tenestene det er behov for.

Alderssamansetnad er her ein relevant parameter.

Tabell K5 - "behovsprofil" - alderssamansetnad					
	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Alderssamansetning: andel 1-5 år	5,6 %	4,6 %	5,6 %	6,0 %	5,8 %
Alderssamansetning: andel 6-15 år	11,3 %	11,5 %	13,0 %	11,2 %	12,3 %
Alderssamansetning: andel 16-66 år	65,5 %	63,0 %	63,3 %	65,3 %	66,7 %
Alderssamansetning: andel 67-79 år	12,7 %	14,2 %	13,3 %	12,8 %	10,8 %
Alderssamansetning: andel 80 år +	4,9 %	6,7 %	4,8 %	4,7 %	4,4 %

Tabellen syner i grove trekk at Nissedal har litt fleire små born og litt færre eldre enn 67 år, enn "like kommunar".

Kvalitet og effektivitet

Kostra-tal måler primært objektiv og kvantifiserbar kvalitet, så som dekningsgrad (kor stor del av aktuell brukargruppe som får ei teneste), kompetanse og kontinuitet på personalet som gjev tenesta. Kvalitet bør med jamne mellomrom også målast gjennom brukarundersøking, der ein får målt "opplevd kvalitet". Nissedal har gjennomført slike undersøkingar innanfor enkelte tenestemråde, men det er ikkje innarbeidd nokon systematisk måling av denne forma for kvalitet.

Det vert i det etterfylgjande presentert kostra-tal for dei vesentlege tenestene i kommunen, basert på Kostra si funksjonsinndeling, ikkje etter intern organisering i kommunen. Tabellane syner 2016-tala.

Administrasjon

Tabell K6 – Administrasjon og styring	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Nto.driftsutg. til adm. og styring, kr. pr. innb.	8 740	10 770	11 483	9 535	4 312

Ressursbruk til administrasjon og styring er ein parameter som ofte får merksemd. Små kommunar vil naturleg nok ha større ressursbruk pr. innbyggjar. Ein ser også at dette er den parameteren som kommunane kanskje tolkar og rapporterer mest ulikt, og det er ein av få parametrar som vert påverka av korleis ein kommune er organisert, der ein flat struktur, som Nissedal har, inneber mindre ressursar til "overordna leiing", enn t.d. ein etat-struktur. Det kan vere vanskeleg å nytte Kostra-parametrar for å måle om dette er effektivt eller ikkje.

Barnehage

Tabell K7 - Barnehagedrift og bygningsmasse til barnehage	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Nto.driftsutg. barnehage, kr pr. innb. 1-5 år	186 317	149 715	117 000	127 694	137 688
Andel born 1-5 år med barnehageplass	90,2 %	89,1 %	93,2 %	85,6 %	91,5 %
Korr. opphaldstimar pr. årsverk	7 003	9 202	11 370	10 751	11 270
Korr.brt.driftsutg, funksjon 2010, kr pr. korr.opphaldstimar	75	61	47	50	49

Samanlikna med andre kommunar er brukargruppa litt overrepresentert i Nissedal. Andelen born med barnehageplass ligg på same nivå som i "like kommunar". I tabell K4 ser ein at Nissedal brukar ein vesentleg større del av inntektene sine til barnehagetenester enn "like kommunar". Tabellen over syner at barnehagetenestene i Nissedal er kostbare. Dette kan nok delvis forklarast med at Nissedal har relativt små barnehagar, der bemanning må ligge over minimums-bemanning, men ein har ikkje grunnlag for å hevde at det bare er det som er årsaka. Opphaldstimar pr. årsverk (vaksen-dekning) kan også sjåast på som ein "kvalitets-indikator".

Grunnskule

Tabell K8 – Grunnskule og SFO	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Nto.driftsutg. grunnskulesektor, kr pr. innb. 6-15 år	160 461	150 165	164 930	147 851	105 172
Andel elevar som får spesialundervisning	7,3 %	9,8 %	9,5 %	9,4 %	7,8 %
Gj.sn. gruppestorleik, personar	7,9	9,4	9,9	10,4	13,4
Gj.sn. grunnskulepoeng	39,6	-	39,7	38,8	41,1
Elevar pr. kommunal skule, personar	55	77	169	101	221

Nissedal nyttar framleis betydeleg meir ressursar på grunnskule enn "like kommunar", men forskjellen har blitt mindre og mindre dei siste åra. Tala er i stor grad påverka av den desentraliserte skulestrukturen i Nissedal, der minimumsbemanning på den enkelte skule fører til mindre gruppestorleik enn det ein kan ha på større skular. Lærartetthet er ein av dei største kostnads-faktorane, men samstundes kanskje ein av dei viktigaste kvalitets-faktorane. Andel elevar med spesialundervisning er framleis på eit lågt nivå.

Kommunehelse

Tabell K9 - Kommunehelse	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Nto.driftsutg. kommunehelsetenester, kr pr. innb.	4 547	4 824	4 243	3 141	2 538
Komm. legeårsværk pr. 10.000 innb.	20,1	16,6	22,6	16,2	10,7
Fysioterapiårsværk pr. 10.000 innb.	12,2	11,7	14,3	10,8	9,1
Gj.sn. listelenge-fastlegeregisteret	625	698	580	716	1159
Brt.driftsutg. pr. innb. 0-5 år. Helsestasjon og skulehelse. Kr.	6 486	14 016	19 405	9 631	9 785

Kommunehelsetenestene er samansett av fleire "spesial-tenester", der små kommunar ofte må ha ei "over-bemanning" ut i frå omsyn til rekruttering og organisering. Kostnader pr. brukar/innbyggjar blir av denne grunn høgare enn i større kommunar, men ein ser og at dette er ein indikator for høg kvalitet/gode tenester. Samla ressursbruk er på nivå med "like kommunar", men ein ser at Nissedal nyttar meir ressursar til legetenester og mindre til helsestasjon/skulehelsetenester.

Pleie og omsorg

Tabell K10 – Pleie og omsorg	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Nto.driftsutg. pleie og omsorg, kr pr. innbyggjar	28 961	26 371	27 826	24 648	16 974
Inst. plassar i % av innb.80 år +	27,4 %	25,3 %	31,7 %	20,5 %	18,0 %
Andel bebuarar i inst. som er 80 år +	83,3 %	76,8 %	68,4 %	55,6 %	69,2 %
Institusjonsutgifter pr. bebuar-døgn	3 631	2 935	3 608	8 026	3 292
Korr.brt. driftsutg. pr. mottakar av heimetenester	301 590	202 375	252 359	117 204	246 322

I tabell K4 ser ein at Nissedal brukar meir av rammene sine til helse og omsorg, og i tabellen over ser ein at Netto driftsutgifter til pleie og omsorg pr. innbyggjar ligg høgare enn andre kommunar. Dette kan ikkje forklarast med større aldersgruppe 67 år + (jf. tabell K5). Kor mykje som skuldast over-representasjon av ressurskrevjande brukarar er uråd å seie noko om ut i frå Kostra-tala. I tala for pleie og omsorg ligg hovudsakleg drift av Nissedal omsorgssenter og Kåsa bu- og avlastning. Det er ein stor svakheit i Kostra-tala at ikkje tenester kan relaterast til eintydige brukargrupper. Dette gjeld spesielt heimebaserte tenester som omfattar alle aldersgrupper og brukarar med omfattande tenestebehov.

Sosiale tenester

Tabell – Sosiale tenester	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Nto.driftsutg. sosiale tenester, kr pr. innb. 20-66 år	4 121	2 791	11 097	5 393	3 536
Andel mottakar av sosiale tenester i aldersgruppa 20-66 år	4,5 %	-	4,3 %	4,3 %	4,3 %
Gj.sn. stønadslengde i mnd.mottakarar 25-66 år	4,2	-	3,9	2,2	-

Ressursbruken på sosiale tenester har auke betydeleg dei siste åra i Nissedal. Dette har vore ein trend i dei fleste kommunar, men Nissedal har hatt ein særleg stor auke. Dersom ein går bak tala ser ein at årsaka er både auke i talet på stønadsmottakarar, auke i kor lenge stønad er gjeve og auke i storleiken på stønaden. Stønadssatsane er så godt som like, så desse er ikkje årsaka. Det er organisert eit samarbeid i Vest-Telemark, for å få så lik praksis som råd. Få enkeltsaker kan gje store utslag i ein liten kommune som Nissedal. Den største utfordringa er kanskje at ca. 9 % av alle i aldersgruppa 18-24 år mottek sosialstønad, og at 50 % av alle stønadsmottakarar har sosialstønad som hovudinntektskjelde. Desse tala synast å vere høgare for Nissedal enn mange andre kommunar.

Kultur

Tabell – Kultur	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Nto.driftsutg. til kultursektoren, kr pr. innb.	2 504	2 306	4 766	2 416	2 114
Nto.driftsutg. til idrett, kr pr. innb.	125	230	249	32	197
Nto.driftsutg. til aktivitetstilbod til barn og unge, kr pr. innb. 6-20 år	1 081	933	3 887	1 017	983
Nto.driftsutg. til bibliotek pr. innb.	353	450	631	630	274
Korr. brt.driftsutg. til kommunal musikk- og kulturskule, kr pr. brukar	20 293	16 958	24 242	14 960	18 384
Gj.sn. storleik på tilskot til frivillige lag, kr. (antall lag som fekk tilskot)	2 000 (16)	16 239 (-)	9 000 (19)	37 611 (18)	39 732 (-)

Tabellen syner at Nissedal brukar gjennomsnittleg med ressursar til kultursektoren, og relativt mykje på musikk- og kulturskule. Det er få tal som seier noko om dekningsgrader og kvalitet på dette området. At ressursinnsats er eit resultat av lite behov, er mindre truleg. Det er meir rimeleg å anta at talet på brukarar heng saman med omfanget og kvaliteten på tilbodet som vert gjeve, og at auka ressursinnsats kunne gjeve fleire brukarar og lågare kostnad pr. brukar.

Samferdsel, brann, bustad

Tabell – Samferdsel, brann, bustad	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Nto.driftsutg. til samferdsel, kr pr. innb.	1 322	2 240	1 466	2 203	952
Nto.driftsutg. til brannførebygging, kr pr. innb.	-49	63	155	66	57
Nto.driftsutg. til brannberedskap, kr pr. innb.	1 337	1 313	1 337	1 316	744
Nto.driftsutg. til kommunale bustader, kr pr. innb.	-74,5	76,7	-106,1	185,9	-36,0
Kommunalt disponerte bustader, antall pr. 1000 innb.	22	34	39	25	21
Brt.driftsutg. kr pr. kommunal bustad	99 758	58 436	39 039	65 196	55 853
Andel søkarar som har fått avslag på søknad om kommunal bustad	20 %	21 %	-	-	26

Nissedal nyttar forholdsvis lite ressursar til samferdsel, som i hovudsak gjeld kommunale vegar, gateljos og Fjoneferja. Dette heng nok litt saman med at ein har privatisert vedlikehaldet av ein del vegar som tidlegare var kommunale. Tilskot til desse vert ikkje rekna som ein utgift til samferdsel i Kostra-samanheng.

Netto driftsutgifter til brannførebygging er i 2016 tilnærma 0. Dette er i hovudsak feiing og tilsyn, finansiert med brukarbetalingar. Utgiftene til beredskap ligg på same nivå som Fyresdal og Åmli. Desse utgiftene vil variere frå år til år, avhengig av talet på brannar og omfanget av dei.

Brutto driftsutgifter til kommunale bustader er normalt relativt lågt i Nissedal, men tala for 2016 syner høge kostnader. Dette heng saman med rehabilitering av ein bustad som vart brannskada, der kostnader dekkast av forsikringsselskap, noko ikkje brutto driftsutgifter tek høgde for.

Vatn, avløp og renovasjon

Tabell – Vatn, avløp og renovasjon	Nissedal	"Like" kommunar	Fyresdal	Åmli	Landet utanom Oslo
Dekningsgrad, vassforsyning	151 %	100 %	130 %	-	101 %
Årsgebyr i 2017, kr.	4 300	4 257	3 308	4 461	3 391
Dekningsgrad, avløp	100 %	103 %	81 %	-	100 %
Årsgebyr i 2017, kr	3 405	4 216	6 184	5 542	3 782
Dekningsgrad, renovasjon (IATA)	101 %	92 %	114 %	-	94 %
Årsgebyr i 2017, kr	2 323	3 008	2 397	2 323	2 656

Den høge dekningsgraden innan vassforsyning kan forklarast med høge inntekter frå tilkoplingsgebyr, då det er gjennomført større prosjekt med overtaking av private vassforsyningsanlegg. Mange av kostra-parametrane innan dette området er ganske så uinteressante for ein kommune som Nissedal, med stort innslag av hytter med høg standard. Gebyrinntekter, driftsutgifter og investeringsnivå er i stor grad påverka av dette, og det å fordele desse ut på innbyggartal gjev relativt lite styringsinformasjon.

14. Måloppnåing og gjennomføring av tiltak jf. kommuneplan og handlingsprogram

Visjon for Nissedal kommune NISSEDAL VIDARE.....

Hovudmål for Nissedal kommune:

- Nissedal kommune, ein kommune med folketal i vekst i alle delar av kommunen
- Nissedal kommune har god plass for alle og er eit trygt lokalsamfunn
- Kommunen driv eit aktivt og nyskapande næringsarbeid for eit allsidig og veksande næringsliv, til nytte og glede for fastbuande, hytteturistar og andre
- Kommunen legg dei lokale folkehelseutfordringane til grunn for planar, førebyggjande tiltak og tidleg innsats på alle område
- Aktivt kulturarbeid gir trivsel og identitet
- Innbyggjarane i Nissedal er stolte av kommunen sin
- Nissedal kommune legg krav til universell utforming til grunn ved all planlegging
- Nissedal kommune tilbyr tenester av høg kvalitet
- Barn og unge sine oppvekstvilkår er svært gode
- Kommunen sine levereglar er den viktigaste rettesnora for å nå utarbeidde mål
- Kommunen samverkar godt på tvers av fagområde og einingar i og utanfor kommunen.

Levereglar for Nissedal kommune:

Kommunestyret har vedteke følgjande levereglar for tilsette og politikarar i Nissedal kommune.

Vi skal vere:

- Rause
- Tydelege
- Opne og ærlege
- Oppgåveorienterte
- Imøtekomande og blide
- Stolte av arbeidsplassen og arbeidet vi utfører
- Samarbeidsviljuge og syne kvarandre resepekt og omtanke

14.1 Felles

14.1.1 Sentral leiing

Kommuneplanen sine mål:

Sentral leiing ser til at heile kommuneorganisasjonen jobbar i retning av og i tråd med kommunen sine overordna mål.

- Sentral leiing samordnar dei tilboda kommunen gir, slik at innbyggjarane får best mogleg tilbod.
- Sentral leiing samordnar dei ressursane kommunen rår over, slik at organisering, kompetanse og teknologi er best mogleg tilpassa dei behova kommuneorganisasjonen har.
- Sentral leiing legg til rette for eit godt arbeidsmiljø i heile organisasjonen, som blir synleggjort gjennom effektive og gode tenestetilbod for alle.
- Sentral leiing er pådrivar for vidare arbeid med å vere eit "trygt lokalsamfunn". I dette ligg både ei satsing på beredskapsarbeid frå sentral leiing si side, og samstundes eit ønske om å følgje dei godkjenningane som ligg i ordninga "trygt lokalsamfunn".
- Sentral leiing er pådrivar for at folkehelsearbeidet vert teke omsyn til i alle planar og einingar.
- Sentral leiing syter for at fellesrådet får føreseielege rammevilkår å jobbe under.

Fokusområder

Sentrale lovverk og planar med overordna fokus:

Kommunelova
Kommuneplanen
Økonomiplan, budsjett og handlingsprogram
Plan for kriseleiing og beredskap

Skape eit økonomisk handlingsrom

- Heilskapleg bustadplan
- Folkehelse i alle planar

Vidareføring av etablert drift:

Generelt

Gjennom heilskapleg tenking, på tvers av fag og organisering, skal dei kommunale tenestene vere av høg kvalitet.

Politisk nivå skal gjennom saker/informasjon/god dialog få eit godt grunnlag for å fatte vedtak, og gjennomføring av politiske vedtak skal skje så raskt som mogleg.

Spesielle tiltak/endringar i 2016

- Sak til kommunestyret med oversikt over selskap Nissedal kommune har eigarinteresser i
- Lage eigarskapsmeldingar for dei selskapa der det er høveleg
Kommunestyre vedtok i sak 15/16 prinsipp for styring i selskap kommunen har eigarskapinteresser i del 1-3). Neste etappe er å legge fram sak om eigarstrategi (del 4 i planen). Saman med framlegg til eigarstrategi for selskapa det er viktig å ha slike for, vert samla eigarskapsmelding lagt fram for kommunestyre.

Arbeidsgjevar-politikk

Kommunen skal vere ein god arbeidsplass i alle fasar av tilsette sitt arbeidsforhold.

Gjennom oppdaterte reglement, retningslinjer og rutinar skal kommunen ha ein tydeleg personalpolitikk, med fokus på eit godt samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta.

Sentral leiing har eit spesielt ansvar for at det vert gjennomført vernerundar og medarbeidersamtalar, og at HMS har eit skarpt fokus i heile organisasjonen.

Planmessig kompetanseutvikling og rekruttering skal sikre naudsynt kompetanse i organisasjonen.

Som IA-bedrift skal kommunen opplevast som ein inkluderande arbeidslivsbedrift som arbeider i retning av IA-avtalen sitt overordna mål: å førebygge og redusere sjukefråvær, styrkje jobbnærværet, betre arbeidsmiljøte og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet

Sjukefråværet var 4,86 % for heile kommunen i 2014. Målsettinga for 2016 er å halde fråværet på same låge nivå.

Sjukefråværet i 2016 for heile kommunen var på 7,21%. I 2015 var dette 5,85%.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Utarbeide eventuelle manglande stillingsomtalar
Vert gjort fortløpande
- Organisere det overordna personalarbeidet
Rådmannen har organisert det overordna personalarbeidet ved at fleire tilsette i Fellestenesta har fått endra oppgåveporteføljen sin. Endinga opplevast som vellukka.

Informasjon til publikum

Nissedal kommune skal vere i aktiv dialog med innbyggjarane og prioritere høgt å gje dei svar på dei spørsmål dei måtte ha. Aktiv bruk av heimesidene til kommunen og Facebook er eit viktig bidrag i denne samanheng.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Etablering av ny heimeside
Konvertering til nytt format gjennomført. Ny utforming har høsta litt ulik kritikk.

Regionalt samarbeid og utvikling

Nissedal kommune deltek i mange ulike samarbeid, både i form av etablert tenesteyting og meir utviklingsretta prosjekt. Kommunen skal vere ein aktiv part i det regionale samarbeidet i Vest-Telemark generelt, og i dei interkommunale samarbeida spesielt.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Følgje opp prosessen i Vest-Telemark om forprosjekt kommunereform
Er gjort fortløpande. Prosessarbeidet vart avslutta med sak til kommunestyret i juni med svar på spørsmål frå Fylkesmannen.

Risiko- og sårbarheit – beredskapsplanar

Gjennom ein samla beredskapsplan skal kommunen vere førebudd på hendingar og kriser som krev særskilde tiltak for å oppretthalde tenesteyting og/eller handtering av publikum, pårørande eller andre. Overordna risiko- og sårbarhetsanalyser skal til ei kvar tid vere oppdatert, og ligge til grunn for beredskapsplanen.

Folkehelse og trygt lokalsamfunn

Nissedal kommune skal vere godkjent som "Trygt lokalsamfunn" i heile planperioden, og sentral leiing skal syte for å innarbeide partnarsskapsavtala med Folkehelseprosjektet i alle planar med grunnlag i kommuneplanen for Nissedal kommune 2014-2025.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Organisere folkehelsearbeidet i eining for helse og habilitering
Gjennomført. Orienteringssak til kommunestyret i mai.

14.1.2 Fellestenesta

Kommuneplanen sine mål:

Fellestenesta skal prioritere service til publikum og tilsette.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus i fellestenesta:

Kommunelova, forvaltningslova,
Offentlegheitslova
Arkivlova
Forvaltningslova

Vidareføring av etablert drift:

Fellestenesta er ein stabsfunksjon som i stor grad yter interne tenester i organisasjonen, men også diverse tenester ut mot publikum. Fellestenesta er m.a. tillagt ansvar for arkiv og postrutinar, sentralbord og resepsjon, lønkontor, fakturering og innkrevjing, drift av heimeside, møtebehandling og saksdokument og merkantile personaloppgåver. Gjennom god kompetanse, heilheitleg perspektiv, fleksibel haldning og god dialog med resten av organisasjonen, skal fellestenesta bidra til at organisasjonen fungerer effektivt i dagleg drift.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Gjennomgang av organisering/fordeling av arbeidsoppgåver i samband med omgjering av stillinga som kommunalsjef personal til konsulentressurs
Det er gjort ei ending i fordeling av oppgåver på fleire av dei tilsette på felles. Ein har funne ei løysing som betre utnytter ressursane. Rokering av arbeidsoppgåver generer behov for opplæring. Opplæring for dei som har fått nye oppgåver er i stor grad gjennomført.
- Innarbeide/fylgje opp rutinar kring synfaring/taksering av nye skatteobjekt i høve til eigedomsskatt
Det er nå lagt rutinar i samarbeidet mellom plan og eigedomsskatt, som sikrar at nye skatteobjekt og endingar av skatteobjekt, blir del av skattegrunnlaget for eigedomsskatt.

- **Innføring av ny versjon av sak/arkivsystem**
Blei innført i februar. Dette opnar m.a. anna for å sende ut brev til "digitale postkasser". Oppgraderinga av sak/arkivsystemet gav nokre tekniske utfordringar, som i stor grad blei løyst ved innføring av ny versjon i august.
- **Avklare om noverande økonomisystem skal oppgraderast eller ein skal bytte økonomisystem**
Det blei bestemt å oppgradere dagens økonomisystem, Agresso, som eit fellesprosjekt i Vest-Telemark. Delprosjekta "elektronisk flyt av inngåande fakturaer", og "multikanal for utgåande fakturaer" vil bli gjennomført våren 2017.
- **Oppfølging av vedtak om å utvide samarbeidet med Kviteseid på skatt, til og å omfatte formell skatteoppkrevjarfunksjon**
Skatteoppkrevjarfunksjonen er frå årskifte 2016/2017 overført Kviteseid.
- **Auke talet på terminar på eigedomsskatt/kommunale avgifter til 4, og tilby 12 terminar til dei som har efaktura og/eller avtalegiro**
Standard terminlengde på 3 månader er innført jf. kommunestyrevedtak. Dei som har ønskja 12 terminar har fått dette, men dette tilbodet er gjennom 2016 ikkje marknadsført noko vidare, då det har vore nokre tekniske utfordringar kring dette tilbodet. Frå 2018 vil ny versjon av programvare vere innført, og slik at "teknikken" ikkje vil vere ei utfordring i høve til stigande tal på abonnentar med månadleg fakturering.
- **Innføre web-overføring av kommunestyremøta**
Dette kom på plass til kommunestyremøte i mai. I oppstarten var det litt problem med kvalitet på lyd ved overføringane, men det er no løyst. Det har synt seg å vere stor interesse for å fylgje med på sendingane. Det har vore opp mot 100 personar som har fylgt sendingane direkte.
- **Utarbeide og legge fram heimelsversikt over alle faste stillingar innan 1.tertial 2016**
Registeret er nå etablert. Har nytta eksisterande verktøy i Agresso til dette formålet.

Kompetanseutvikling:

I samband med innføring av ny versjon av sak/arkiv-system har det vore gjennomført fleire opplæringstiltak. 2 tilsette har fått opplæring i bruk av system Fylkesmannen nyttar ved krise-handtering.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet i 2016 var for felles 2,1%. Dette er fordelt med 0,64% langtidsfråvær og 1,46% kortidsfråvær. I 2015 var fråværsprosenten 7,22%.

HMS – Internkontroll:

Vernerunde på kommunehuset gjennomført den 18. april. Ingen vesentlige avvik avdekka som følgje av vernerunden.

Kommentar til rekneskapen:

I budsjettet for 2016 blei ansvar for barnevern flytta frå felles til helse og habilitering. Dette gjorde til ein reduksjon av ramma til felles på nær 3,5 mill. Det blei lagt inn ein effekt av varig omorgansiering av personalarbeidet i kommunen. Dette skulle gje ei innsparing på kr 678.000. Budsjettet tok og høgde for ein reduksjon av konsesjonskraftinntektene på 0,8 mill. Utgifter til busetjing av flyktingar var og sett av under felles (2,2 mill.). Dette på bakgrunn av at ein ved utarbeiding av budsjett ikkje veit noko om kor i budsjettet utgiftene vil kome, då ein ikkje veit kven dei flyktingane ein skal busetje er, når budsjettet blir vedteke.

Gjennom tertialkontrollane blei det teke høgde for ytterligare nedgang i konsesjonskraftinntektene på 0,6 mill. og avsett sum til flyktningar blei fordelt til andre område i budsjettet. Fordelt sum ut på einingane i høve til busetjing flyktningar blei omlag 0,9 mill. mindre enn opphavleg avsett på felles.

Mellom anna på bakgrunn av synfaring av alle skogshusvere blei gjennomført i 2016, blei kostnader til drift av eigedomsskattarbeidet auka med kr 40.000.

Avsett pott for å taka høgde for lønsoppgjeret blei redusert med kr 50.000 til kr 1.410.000. Med andre ord traff ein rimeleg bra på anslaget på felles lønspott.

På lønsbudsjettet er det eit mindreforbruk på kr 142.000 (1,76%). Største enkeltposten her er på lærling (kr 113.000). Dette på bakgrunn av at ein delar av året berre har fylt 1 av dei 2 lærlingplassane.

Det blei og eit mindreforbruk på ulike driftspostar. Avsett sum til frikjøp tillitsvalte blei kr 110.000 under budsjett. Dette skuldast at det i 2016 ikkje var lokale forhandlingar i kap. 4, sjølv om det var eit hovudoppgjer. Vidare blei kr 63.000 av "eigedomsskattepotten" ikkje nytta. Dette skuldast løyving til Søftestad Gruber på kr 51.000 som ikkje lenger var aktuell og at utgifter til reinhald\renovasjon i Jettegrytene blei kr 12.000 mindre enn løyving. IT-utgifter blei kr 115.000 under budsjett. Hovudforklaringa her er svært låge uforutsette utgifter, som kjem t.d. ved torever. Overføring til felles landbrukskontor i Kviteseid blei kr 69.000 under budsjett. Dette kom først fram då kravet for 2016 kom rett etter årsskifte.

Etter at rapport/oppsummering av arbeid kring kommunereforma var sendt til Fylkesmannen, fekk kommunen tildelt kr 100.000 i kompensasjon for arbeid/utgifter i samband med dette arbeidet. Dette blei då ei ubudsjettert inntekt.

Totalt hadde rammeområde felles eit mindreforbruk på kr 472.000.

14.1.3 Ikt

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan ikt:

Personopplysningslova og personopplysningsforskrifta
Forskrift om IT-standarder i offentlig forvaltning
Norm for informasjonssikkerhet
Ikt-strategi for Vest-Telemark

Vidareføring av etablert drift:

Strategisk arbeid med ikt er organisert som stabsfunksjon. Dagleg drift av infrastruktur, rådgjeving og utviklingsarbeid vert i stor grad utført av ekstern tenesteleverandør, Aspit AS, i eit samarbeid med Fyresdal kommune og Seljord kommune. Ikt-strategi for Vest-Telemark legg opp til at mykje av dei strategiske vala innan ikt skal gjerast gjennom regionale prosjekt, der standardisering er ein overordna målsetnad. Nissedal kommune har ikkje ein eigen ikt-strategi.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Etablere/formalisere eit internkontroll-system for informasjonssikkerheit generelt og personvern spesielt
Dette har ikkje vore prioritert i 2016.

14.1.4 Frivilligsentral

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan frivilligsentralen:

Frivilligsentralen sine vedtekter
Retningslinjer frå departementet
Styrerettleiar
Stortingsmelding nr. 39 – Frivillighet for alle

Vidareføring av etablert drift:

Nissedal frivilligsentral vart etablert i 2009, og har som mål å styrke og koordinere den totale frivillige innsatsen i Nissedal kommune. Kommunestyret utøver eigarskap gjennom årsmøtet og val av styre. Styret er sentralen sitt øvste organ mellom årsmøta. Styret sitt ansvarsområde og mynde slås fast i vedtektene, og dette tyder mellom anna budsjett- og rekneskapsansvar, arbeidsgjevar- og driftsansvar, samt tilsetjing av dagleg leiar.

I kommunestyresak 52/15 vart det vedteke at Nissedal Frivilligsentral på sikt ikkje lenger vere ein kommunalt eigd sentral, og det vart satt ned ei arbeidsgruppe med to politikarar og rådmannen som fekk i oppgåve å legge fram ei sak til kommunestyret med tilråding om framtidig organisering av Nissedal Frivilligsentral.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Avklare framtidig organisering av Nissedal Frivilligsentral.
Ny frivilligsentral i drift. Den vart stifta som medlemsorganisasjon. Det er Nissedal sokneråd, Bygdekvinnelaget og Frikyrkja som er dei tre stiftarane. Tilskot frå stat og kommune er på plass og dagleg leiar vart tilsett våren 2016. Sentralen vart offisielt opna 18. august.

14.1.5 Kommunerevisjonen og kontrollutvalssekretariatet

Nissedal kommune løyser sine behov for revisjon og kontrollutvalssekretariat ved å vere medeigar i Telemark kommunerevisjon Iks og Telemark kontrollutvalssekretariat Iks.

Kommunestyret har vald ordførar som representant i representantskapet til Telemark kommunerevisjon Iks og Telemark kontrollutvalssekretariat Iks.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

14.1.6 Renovasjon

Dei kommunale renovasjonstenestene er organisert i Indre Agder og Telemark Avfallsselskap Iks (IATA), i samarbeid med kommunane Åmli, Nome og Drangedal. Selskapet er styrt gjennom eigne vedtekter, eige styre og dagleg leiar. Kommunestyret vel utsendingar til representantskapet, som er selskapet sitt høgste organ, og styrerepresentant.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Kommunen skal vere klar til å overta fakturering av renovasjonsutgifter frå 1.1.2017

Dette er eit arbeid som ideellt sett burde ha skjedd "i takt" mellom alle eigarkommunane. Men det har vore litt avventande haldning blant 2 av eigarkommunane. Nissedal er klar til å overta fakturering av renovasjonsavgiftene frå 01.01.17 og Nome planlegg å vere klar frå 01.07.17. Drangedal vil overta så snart det er praktisk mogleg for dei. Åmli har sagt nei til å overta fakturering av renovasjonsavgiftene.

14.1.7 Vest-Telemark brannvernsamarbeid

Det kommunale ansvaret for brann- og ulykkeberedskap, forebygging og feiing er organisert som eit Iks i Vest-Telemark, lokalisert i Høydalsmo. Kommunen har likevel ansvar for beredskapsmateriell og arbeidsgjevaransvar for utrykkingsmannskapa. Selskapet er styrt gjennom selskapsavtale, eige styre og dagleg leiar (brannsjef). Kommunestyret vel utsendingar til representantskapet som er selskapet sitt høgste organ, og styrerepresentant.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Utgreie om ordninga med brannvernsamarbeid i Vest-Telemark er best for Nissedal

Sak om selskapskontroll for perioden 2016 -2019 blei lagt fram for kommunestyret i juni.

I møte i kontrollutvalet 8. september vart det gjort slikt vedtak: Kontrollutvalet ber Telemark kommunerevisjon IKS om å utføre ein forvaltningsrevisjon i selskap av Brannvernsamarbeidet i Vest-Telemark IKS om kostnadsgrunnlage og sjølvkost, i hht plan for selskapskontroll 2016-2019. Prosjektplan leggast fram i neste møte. Dette under føresetnad av at dei andre eigarkommunane vedtek det same.

Før vidare utgreiing om dagens ordning med brannvernsamarbeid er best for Nissedal, vil det vere tenleg at selskapskontrollen er gjennomført.

14.1.8 Interkommunalt landbrukskontor for Nissedal og Kviteseid

Kommuneplanen sine mål:

Styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv for å vere attraktiv for busetjing og reiseliv. Nissedal skal framleis vere ein Ja-kommune der ulike regelverk skal nyttast for å sjå moglegheiter – ikkje hindringar.

- Ha eit tettare samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjonar
- Leggje til rette for attraktive bustad- og næringsstomter/næringsareal i alle grender
- Arbeide for ei styrka identitetskjennele og merkevarebygging
- Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur
- Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme
- Leggje til rette for kompetanseheving lokalt
- Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for landbrukskontoret:

Jordlova
Skoglova
Konsesjonslova
Landbruksplan for Vest-Telemark
Landbruksplan for Nissedal 2014-2017

Vidareføring av etablert drift:

Heile landbrukskontoret

Dei kommunale oppgåvene innan landbruksforvaltning, miljø og viltforvaltning utførast av interkommunalt landbrukskontor for kommunane Nissedal og Kviteseid. Kontoret er organisert administrativt under rådmannen i Kviteseid kommune, og er lokalisert på kommunehuset i Kviteseid. Med høg kompetanse skal landbrukskontoret bidra til at landbruket i kommunane medverkar til utvikling og verdiskaping, samtidig som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet. Landbruket er ein viktig del av aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.

Landbrukskontoret sine tenester og innsats er i stor grad styrt gjennom lovverk og eigen landbruksplan for Nissedal og landbruksplanen for Vest-Telemark.

Spesielle tiltak/endringar for 2016

- Oppfølging av pelsdyrnæringa
Jamleg kontakt med oppdrettarane i sommarhalvåret med omsyn til flugeproblema.
- Halde kurs i birøkt
Det er gjennomført nybegynnarkurs og sertifiseringskurs i samarbeid med Treungen birøktarlag. 10 deltakarar.
- Endre søknads- og kontrollrutinar for skogbruket i samsvar med krav frå Fylkesmannen i Telemark
Nye rutinar er sett i verk, men arbeider med å få innarbeidd dei nye rutinene.

Viltforvaltning

Kommunen har utarbeidd eigen forvaltningsplan for hjortevilt. Planen skal rullerast i 2018. Den praktiske delen av forvaltninga skjer i Nissedal viltlag, som er grunneigarane sitt organ. Kommunen har ansvar for dei «offentlege» interessene knytt til forvaltninga og ansvaret for ettersøk av skada hjortevilt, og skadefelling.

Spesielle tiltak/endingar for 2016

- Gjera ferdig arbeidet med eigedomsoversikt for alle jaktlag / vald i kommunen
Under arbeid og blir vidare-/slutført i 2017.

Miljø

Kommunen har delteke i eit prosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre. Prosjekter er nå avslutta og det er utarbeida ein regional plan med tiltaksprogram for heile vassregionen Agder.

Spesielle tiltak/endingar for 2016

- Følgje opp arbeidet i handlingsplanen og tiltaksprogrammet for vassområdet Nidelva
Planen er i 2016 godkjend av fylkeskommunen.

14.1.9 Næring

Kommuneplanen sine mål:

Styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv for å vere attraktiv for busetjing og reiseliv. Nissedal skal framleis vere ein Ja-kommune der ulike regelverk skal nyttast for å sjå moglegheiter – ikkje hindringar.

- Ha eit tettare samarbeid med næringsdrivande og frivillige lag og organisasjonar
- Leggje til rette for attraktive bustad- og næringsstomter/næringsareal i alle grender
- Arbeide for ei styrka identitetskjensle og merkevarebygging
- Vere aktiv i tilrettelegging av infrastruktur
- Vidareutvikle satsinga på reiseliv/turisme
- Leggje til rette for kompetanseheving lokalt
- Prioritere næringsutvikling basert på lokale ressursar

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan næring:

Strategisk næringsplan for Nissedal
Vedtekter for kraftfond og næringsfond
Strategisk næringsplan for Vest-Telemark 2011-2014, med vidareføring av felles satsingar
Samarbeidsavtale med Telemark fylkeskommune
Handlingsplan for kommunalt KMD-fond
Småkommuneprogrammet
Rapport frå bu- og næringsutvalet i Nissedal kommune

Vidareføring av etablert drift:

Næringsarbeid er fyrst og fremst eit utviklingsarbeid. Fokus og retning skal styrast gjennom strategiske næringsplanar, men må også sjåast att i mål og tiltak under dei ulike tenestene. Kommunen jobbar i tett dialog med Nissedal næringslag, m.a. ved at næringskonsulenten er sekretær for næringslaget, samarbeid om nettportalar og profilering og årleg næringskonferanse. Kommunen samarbeider godt med grunneigarar og Agder Energi når det gjeld Jettegrytene og syter for tilsyn og renovasjon i høgsesongen. Nissedal kommune er vertskommune for kommunesamarbeidet "Telemarksvegen", der arbeidet elles er lagt til eiga styringsgruppe.

Det er ei utfordring å ha mindre midlar frå næringsfondet til disposisjon.

Årleg næringskonferanse 15. mars med følgjande tema: Kommunereform, planarbeid, vatn- og avløpssatsing og aktuelle nærings saker. Frammøte: ca. 40 personar. Aktivitet i næringslaget: Årsmøte 25. februar. Lunsjmøter 19. febr., 31. mars og 27. april. Styremøter 15. mars og 2. mai. Sommaravslutning på Nauraktunet 16. juni med Olav A. Veum som gjesteforelesar.

Nissedal kommune søker breibandsmidlar.

Spesielle tiltak/endringar i 2016

- Reviderte vedtektene for kraft- og næringsfond på plass, medverkande verktøy for gjennomføring av vedtatt Strategisk næringsplan for Nissedal kommune.
Nissedal kommunale næringsfond sine vedtekter blei revidert i kommunestyresak 101/15 den 15. desember 2015 og vart godkjent av fylkesmannen i Telemark 18. april 2016.
- Satse vidare på tilrettelegging for sykkel. Nissedal er viktig i Telemark si satsing som sykkel fylke nr 1. Tre prioriterte tiltak: Treungbanen, Stisykling – vedlikehald, Sykkelsti – Fjone.
Nissedal kommune deltek i LUK, og det vart søkt midlar til sykkelsatsing der 1.prioritet er sykkeltrase på nedlagt jernbane; Treungbanen. Denne traseen er tatt inn i Kommunedelplanen for idrett og friluftsliv og rullert i handlingsdelen.
"Idrettens anleggsservice " har utarbeid eit forprosjekt som er grunnlag for førehandsgodkjenning til fullstendig spelemiddelsøknad. Dette er eit samarbeid mellom Åmli og Nissedal kommunar, og ein del av arbeidet med "Telemarksvegen – hovedvegen til det norske eventyret". Det blir også arbeid med sykkelsti på Fjonesida, og plan for vedlikehaldsarbeid på stisykkelnettet på Heimdalsheia. Sykkelsatinga er i samarbeid Telemark fylkeskommune.
- Vidare arbeid mot hovudprosjekt " Nytt liv i Søftestad Gruber".
Nissedal kommune vedtok i kommunestyresak 19/16 den 10. mars å ikkje gå vidare med eit hovudprosjekt "Nytt liv i Søftestad Gruber" på noverande tidspunkt.
- Næringsutvikling sett i samanheng med utvikling av Sommarsletta.
Vidareføre arbeidet med "Stedsutviklingsprosjekt" på Sommarsletta i samarbeid med eining for kultur, med vekt på næringsutvikling i området.
Det er starta ein prosess med samarbeid mellom kultur, folkehelse og næring for å utvikle Sommarsletta. Prosjektet har fått midlar frå KMD og Telemark fylkeskommune. Arkitekt John Sanden vart engasjert for å utarbeide ei planskisse. Denne planen blei presentert i nytt møte i januar 2016 og Anne Margrethe Espelid arbeider med å legge fram ei sak for formannskapet og kommunestyret i juni.

- Framleis fokus på vitaliseringsprosessen av Telemarksvegen – lokal mat, kunst, kultur og attraksjonar. Arbeide vidare med hovudprosjektet med særleg fokus på å auke verdiskapinga til aktørane langs og i tilknytning til Telemarksvegen. Forprosjekt er avslutta og rapport er laga. Det er utarbeidd kriterier for deltaking. Det er laga ny brosjyre for 2016. Facebook- og nettside er etablert i samarbeid med Visit Telemark. Velkommen – skilt er i bruk hos aktørane. Arbeid med førebuing til hovudprosjekt. 9 aktørar i Nissedal kommune. Kampanjar på Facebook har gitt effektiv marknadsføring. Ordførarane har ansvar for å fylgje opp vegstandard på RV41. Det blir nå jobba med ladestasjonar langs RV 41. Årsmøtet i Telemarskvegen vart halden på Birkeland Hotel 7. juni.
- Utarbeide ein kommunal næringsstrategi med gjeldande Strategisk næringsplan for Nissedal kommune som basis. Vektlegge behov for strategi ved kommunal deltaking i næringsbygg og ein overordna strategi for reiselivssatsing. I samband med planstrategi drøfta formannskapet og rådmann korleis ein best kan legge opp prosess med å revidere Strategisk næringsplan i 2017. Utarbeiding av kommunal næringsstrategi med næringsplanen som basis, vil då vere naturleg å gjere som ein integrert del av planarbeidet.

Økonomi:

Næringsfondet har ei ramme i 2016 på kr. 230.000,-. Pr. 1. september 2016 står det att ca. kr. 25.000,- på næringsfondet for 2016. I tillegg står det att ca. kr. 90.000,- frå 2015, totalt kr. 115.000,-.

KMD-fondet har ei ramme i 2016 på kr. 169.000,-. Pr. 1. september 2016 står det att ca. kr. 69.000,-.

14.2 Eining for skule

Kommuneplanen sine mål:

Grunnskulen gir alle elevane eit godt og trygt lærings- og oppvekstmiljø, der ein i undervisninga tek omsyn til den einskilde elev sine føresetnader og har høge forventningar til alle elevane sine læringsresultat. Skulen skal i første rekkje vere ein opplæringsinstitusjon der undervisninga byggjer på Opplæringslova med forskrifter og læreplanverket for Kunnskapsløftet.

- Alle elevar har eit godt og inkluderande *læringsmiljø*. Med læringsmiljø meiner ein dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda på skulen som har betydning for elevane si læring, helse og trivsel.
- Opplæringa skal ha *tilpassa opplæring i fellesskapet* og *tidleg innsats* som to av dei viktigaste verkemidla for å syte for at alle elevane utviklar sitt fulle potensial.
- Skulen skal drive systematisk og målretta trening i dei fem grunnleggande dugleikane; lesing, skrivning, rekning, munnleg tale og bruk av digitale verktøy.
- Skulen skal ha høge forventningar til kvar einskild elev sine resultat og pr.estasjonar.
- Kvaliteten på skulen, både når det gjeld undervisning, materiell og bygningar skal ligge over gjennomsnittet for landet.
- Opplæringslova pålegg kontinuerleg utviklingsarbeid i skulen. Målet med utviklingsarbeidet i Nissedalskulen skal vere å endre og utvikle læraren sin pr.aksis i klasserommet slik at elevane oppnår eit så godt læringsutbytte som mogleg.
- Nissedalskulen skal samarbeide godt med Vest-Telemark PPT til det beste for elevane sitt læringsresultat, både på system- og individnivå.
- Elevane får kunnskap om lokal kultur, tradisjon og næringsliv slik at dei får lyst til å busetje seg i kommunen.
- Nissedalskulen skal samarbeide godt med barnehage, kultur, helsetenester, barnevern, politi og andre institusjonar.
- Skulefritidstilbodet skal vere kjenneteikna av å understøtte skulen sitt arbeid med elevane si faglege, personlege og sosiale utvikling.
- Nissedal kommunale vaksenopplæring skal syte for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for fleirspr.åklege etter introduksjonsloven.
- Vaksne utan fullført grunnskuleutdanning skal få opplæring slik at dei kan ta grunnskuleeksamen.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Opplæringslova med forskrifter
Plan for overgang barnehage - skule
Plan for utvikling av læringsmiljøet

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Eining for skule omfattar grunnskule, SFO og vaksenopplæring i Nissedal kommune.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Politisk sak om 5 dagars skule i Nissedalskulen
Saka vart handsama i kommunestyret den 24.11.2016.
Det blei fatta vedtak om å innføre 5-dagars skule ved Fjone og Tveit skular.
Kyrkjebygda skule innførte ordninga som eit pr.øvepr.osjekt i 2014; ei ordning som fortsett vidare.

- Revidere ordensreglementet og revurdere særordningar
Nytt ordensreglement for Nissedalsskulen blei samrøystes vedteke i k-sak 68/16. Revisjon av "Vedtekter for SFO" blei vedteke i k-sak 88/16. Revisjonen medførte følgjande:
 - Presisering av SFO tilbudet i skuleferiane
 - Søknadsfrist 1. mars for hovudopptak.
- Politisk sak om organisering og innhald i skulekantine
Saka blei handsama i kommunestyret den 2.6.17. Sak (53/16)
Vedtak i saka: Kantinedrifta oppretthaldast i noverande form ut 2016 innafor ei ramme på 73 000. Frå 1.1.2017 skulle drifta organiserast på ein rimelegare måte og ha eit skarpere fokus på sunt kosthald.

Grunnskule

Nissedal kommune har ein desentralisert skulestruktur med barnetrinn (1.-7.klasse) på Fjone, i Kyrkjebygda og i Treungen. Ungdomsskulen er felles og ligg i Treungen. Kvar skule er leia av ein rektor. Einingsleiar for skule er skulefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles rektormøte. Kvar skule sin årsplan skal bygge på felles satsingsområde.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Lesing som grunnleggjande dugleik/lesing i alle fag
Frå hausten 2015 har Nissedalsskulen vore med i U-dir si satsing "Ungdomstrinn i utvikling"; kalla "Skule i utvikling" lokalt, fordi heile grunnskulen har deleteke i satsinga. Lesing blei vald som satsingsområde. Lektor Petter Bjellås frå Høgskulen i Sørøst-Norge har vore vår faglege rettleiar. Prosjektet har vara frå august 2015 – desember 2016. Bjellås har i perioden hatt 3 heile og 3 halve fagdagar for lærarane i Nissedalsskulen. I periodane mellom fagdagan er det lekser, utprøving av ulike metodar og arbeid i grupper på skulene. Kommunen fekk støtte frå U-dir til ein 10% ressurslærarstilling for å lede dette arbeidet. I tillegg har Tveit skule teke 10% av eigne ressursar, slik at det har blitt 20% stilling ressurslærar totalt.
Rektorane rapporterer slik etter at prosjektet "Skule i utvikling" er avslutta:
Tveit skule: Det var svært positivt at heile skulen fekk vere med. Fokus på lesing i alle fag og ulike lesestrategiar har engasjert lærarane godt. Bjellås frå Høgskulen blei godt teken i mot på skulen og har kome med mykje konkret for lærarane å arbeide med. Arbeidet dannar i stor grad grunnlag for leseplanen.
Fjone skule: Skule i utvikling har gitt oss fagleg påfyll frå høgskulen. Det har danna grunnlag for gode refleksjonar i kollegiet. Me har nytta høve til å sjå på eigen praksis og å ha kollegarettleing. Det har vore god dialog om lesing i alle fag med heimane både på foreldremøte og foreldresamtalar. Me har involvert elevane i å prøve ulike lesestrategiar for at dei skal vere seg bevisst på å vurdere seg sjølv og til å motivere til å lese meir.
Kyrkjebygda oppvekstsenter: I tillegg til det som er nemnd over, er det eit mål å få til ei meir variert og motiverande leseopplæring.

Implementering av "Vurdering for læring"

Plan for Vurdering for Læring i Nissedalsskulen er ferdig. Sjølve planen er felles, men det er skulevise pr.ogresjonsplanar. Skulane har arbeidd med å få planen ut i livet på skulane og få institusjonalisert arbeidet med Vurdering for Læring. Dette er og blir følgt opp ved både skulevandring, medarbeidarsamtalar og avsett tid til gjennomgang av plan og evaluering av eige arbeid kvar haust og vår.

Vurdering for læring var tema for "Felles nasjonalt tilsyn" ved fylkesmannen i mai 2016. Tilsynet var ved Tveit skule.

Avvika i tilsynet gjekk i grove trekk på følgjande:

- Sikre at opplæringa skjer etter kompetansemåla
- Involvere elevane i vurderinga av eige arbeid
- Utforming av IOP (individuell opplæringsplan) og vedtak om spesialundervisning
- Bruk av analysemodellen/systemretta tiltak

I løpet av dette skuleåret har Tveit skule arbeidd med desse punkta. Skulen har teke i bruk malar for både årsplanar, IOP og enkeltvedtak frå U-dir. Ein har øvd på analysemodellen og arbeidsmåtar for å inkludere elevane i vurderingsarbeidet. Kontakt gjerne rektor for komplett oversikt over avvik og plan for arbeidet med lukking av desse.

- **Utarbeide plan for tidleg innsats saman med eining for barnehage og eining for helse og habilitering**
Planen hadde "Kick off" i mai 2016.
Rådmannen har saman med einingsleiarane for barnehage, helse, kultur og skule, hatt møte med kommunalsjef for oppvekst frå Siljan kommune for å høyre korleis Siljan har arbeidd med sin nye plan for "Tidleg innsats". Arbeidsgruppa for prosjektet har arbeidd med utkast til plan i løpet av hausten 2016.
Mål: Ferdigstille planen vår 2017 (jf kommunal planstrategi)
- **Fokus på vidareutdanning**
Punktet er omtala under punktet kompetanseutvikling og økonomivurderingar/behov/utfordringar.
- **Ein ny naturfagstime på mellomsteget.**
Innført frå 1.8.2016 ved alle skular.
- **Avvikle skulekantina/reduksjon i assistentressursen ved Tveit skule frå 01.08.2016**
Utgjer 60 % stilling. Kostnad 104 000
Detter er omtala under "Politisk sak om organisering og innhald i skulekantine" og under kommentarar til rekneskapen for 2016.
- **Redusere lærarressurs ved Tveit skule med inntil 24 % frå 01.01.2016**
Utgjer kr 150 000
Er gjennomført.
- **Haust 2015 var det tilsett 50 % for lite til tilpassa opplæring i forhold til vedteke budsjett ved Tveit skule. Derfor aukast rammetimane tilsvarande for vårhalvår 2016**
Hausten 2015 var ein lærar ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule i permisjon (100% stilling). For å sikre oss kvalifisert personell gjennom heile skuleåret, valde me å lyse ut stillinga som 50% stilling gjennom heile året. Det førte til at me måtte få med oss over lønsmidlar tilsvarande 50% stilling frå 2015 til 2016.
Pr. 1.8.2016 er ressursen til trekt inn.
- **Vidareføre vedtak om assistent i tilknytning til enkeltvedtak i 1. klasse.**
Eleven går no i 2. klasse. Tiltaket har fungert etter intensjonane. Sakkunnige (HABU) meiner at behovet for assistent vil auke med tida, og at ein må ta høgde for eit behov gjennom heile skuleløpet.
- **Vidareføre styrking til norskundervisning for minoritetspråklege elevar**
Tveit skule har 11 nye elevar frå Syria frå august 2016. Ressursane til styrking av norskundervisning for framandspråklege elevar held fram.
Med så mange nye elevar, der dei fleste kun snakkar arabisk og har arabisk skriftspråk, ba rådmannen om midlar ei miljøterapeutstilling frå haust 2016. Det var behov for kompetanse i arabisk.
Det blei, etter samrøystes vedtak i k-sak 67/16 tilsett miljøterapeut ved Tveit skule i 100 % fast stilling frå 1. september 2016.
Arbeidsområde for stillinga: Leggje til rette for integrering og godt læringsmiljø,

særleg med tanke på å skape gode relasjonar med ei andre elevane i undervisning og friminutt. Hjelp og støtte i undervisningssituasjonen, i samband med foreldresamtalar/foreldremøte og i kontakt med andre einingar i kommunen. Miljøterapeuten vil kunne få arbeidsoppgåver på tvers av einingane, men ha base i skulen.

Tveit skule sine erfaringar og vurderingar av tiltaket i løpet av hausten 2016:
Tiltaket har vore til uvurderleg hjelp for skolen og ikkje minst for elevane det gjeld. Utan kommunikasjon blir elevane utrygge, noko som resulterer i ulike uønskte hendingar. Miljøterapeuten har hjulpet elevane å forstå det norske systemet (skule og samfunn), slik at dei fortare kan innrette seg og kome i læringsposisjon. Miljøterapeuten har vore aktivt med i den særskilte norskundervisninga, slik at gruppene kunne bli delte. Det har vore stor nivåforskjell på dei nyankomne elevane.

- Tiltak kring plassmangel ved Tveit skule.
Saka er påbegynt. Det arbeidast med å framskaffe fleir fakta før saka leggst fram på nytt.
I kommunestyresak 26/16 vart det fatta slik vedtak: Småskulen ved Tveit skule byggjast ut med om lag 100 kvm.
Prosjekterings- og byggenemnda blir gitt eit mandat til å gå vidare med utgreiing av sak om utbygging av småskulen. Nemnda kan nytte inntil kr 100.000 i ekstern planleggingshjelp. Kostnaden vert innarbeida i investeringsbudsjettet i samband med tertialarbeidet.
Vegg mellom rom 3 og datarom rivast innan skulestart 2016. Dette som ei mellombels løysing på plassmangel fram til byggestart. Dette blei utført etter plan. Arkitekt la fram fyrste utkast til skisse i september. Skissa svara ikkje fullt ut på dei krava som låg føre frå dei tilsette.
Rådmannen starta derfor på ei grundigare arbeid med å få fram realistiske framtidsretta løysingsframlegg. Desse framlegga blei meldt til arkitekt som deretter la fram ei skisse som nemnda slutta seg til og nytta i innstilling til kommunestyret den 24.11.16. I k-sak 23/16 blei slikt vedtak fatta: Småskulen ved Tveit skule byggjast ut for ei ramme inntil kr 8 mill. I denne ramma ligg utgifter til innreiing og utearbeid.
Det har vore fem møte i prosjekterings- og byggenemnda der rektor/einingsleiar og representantar frå dei tilsette har bidrege med gode innspel.

Tveit skule/Nissedal ungdomsskule i 2016

"Den gode timen": Fokus på lik struktur og like forventningar til elevane i alle timar
Resultat på Elevundersøkinga for 2015/16 synte framgang på 9 av 11 område på barnesteget. På ungdomssteget ser ein framgang på 6 av 11 område, medan to område har same resultat som året før. Ein kan derfor seie at arbeidet med "Den gode timen" har ført til forbetring av læringsmiljøet.

IKT-satsing

Med det IKT-utstyret ein har i dag, finn ein store utfordringar i å nå måla om digital kompetanse i Kunnskapsløftet. Digital kompetanse er ein av fem grunnleggande ferdighetar i skulen. Digital kompetanse skal derfor arbeidast med i alle fag. Det må vurderast ulike digitale verkty; om ein skal halde fram med PC-ar sjå på andre ; t.d. Ipad, Chromebook etc.

- Oppgradere nettverka.
- Investere i nye digitale hjelpemiddel for elevar og lærarar
- Anskaffe lisensar til aktuelle læreverk for å utnytte dei teknologiske tavlene fullt ut.

Det vart i budsjett for 2016 løyva kr 500.000 eks mva til "Satsing på IKT i skulen". Alle ynskje og behov er enno ikkje fullt ut dekkja, men det er likevel gjort eit vesentleg lyft innan IKT-skule.

Ev. behov for tilleggsløyvingar vil ein ta opp ny sak i 2017.

Så langt er det kjøpt inn 44 PC-ar i eining skule. 42 av dei til Tveit skule og to til Kyrkjebygda.

Elevane i 10. klasse disponerar kvar sin PC, samt at ein har komplett klassesett på hjul til dei andre stega. Det er utarbeidd ny "plattform for elevnett" i samarbeid med Aspit AS, der ein har hatt fokus på enkel og automatisert brukaradministrasjon, sikring av data og nyttiggjering av tilgjengelege applikasjonar som Fronter og Feide. Det er i løpet av haust 2016 kjøpt inn to ladeskåp til Tveit skule med tilgang på spenningsvern.

Fronter

Skulane i Nissedal nyttar i dag læringsplattformen Fronter. Det ligg føre signal om at denne i næraste framtid vil bli avvikla. Dei økonomiske konsekvensane dette vil medføre er enno ukjende, men ein må rekne med at det vil medføre ein ekstra utgift i overgang til ny plattform.

SFO

Nissedal kommune tilbyr skulefritidsordning (SFO) på Tveit skule, Fjone skule og Kyrkjebygda oppvekstsenter. I tillegg vert det gjeve tilbod på Felle, men då som eit redusert tilbod organisert gjennom Felle barnehage. SFO-tilbodet skal minimum fylgje skuleruta. Tilbodet utanom skule-ruta skal tilpassast etterspurnaden.

SFO i Nissedal skal gje eit kvalitativt godt tilbod om leksehjelp, sunn mat, fysisk aktivitet og sosial kompetanse, men samstundes ha respekt for barns lek og fritid.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Take i bruk det nye årshjulet samt årsplan i alle avdelingar
Gjennomført
- Det ligg føre vedtak om eigen SFO skyss til Tveit for elevar på Felle. SFO tilbodet til elevar frå Felle bør vurderast på nytt. Ein bør sjå spesielt på brukarvennligheit samt kostnad til SFO skyss opp mot å etablere eige SFO tilbod på Felle
I k-sak 27/16 blei det vedteke løyving kring SFO på Felle med kr 45 000. Midla skulle dekke lønskostnader til assistent og reinhald med 5/12 verknad samt oppgradering av varmekjelde.
Det var to born som nyttar seg av SFO tilbodet på Felle hausten 2016.

Matprisane på SFO blei endra frå 1.5.2016. Saka blei drøfta i alle samarbeidsutval. Ein har kome fram til desse omforeinte pr.isane for SFO i kommunen:

Pr.is for dagar med morgon eller ettermiddagsøkt: Kr 5,-

For heildagstilbod (varm mat) kr 20,-

Det har vore løpande opptak i SFO. Dette er svært lite gunstig i høve planlegging av SFO tilbodet; særleg med tanke på talet på tilsette. Det vil bli foreslått å endre punktet om søknadsprosedyre i SFO- vedtektene. Ein ynskjer same søknadsfrist som i barnehagen; 1. mars. Dette blei vedteke i k-sak 86/16.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar å gje gratis undervisning i norsk og samfunnskunnskap til dei som i fylgje introduksjonslova har rett eller plikt til det. Undervisninga for flyktningane er frå august lokalisert i "Vinstoga". Elevar som ikkje har rett på gratis norskopplæring, får tilbod om undervisning mot betaling viss det er kapasitet. Det vert også gjeve undervisning til nokon av bebuarane på Kåsa bu og avlasting. Denne undervisninga er lokalisert på Mila og vert gjeve i samarbeid med Eining for helse og habillitering.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Vurdere målføret med utgangspunkt i eit best mogleg læringsutbytte for elevane
Målføret ved vaksenopplæringa for elevar på intro-ordninga har vore bokmål frå 01.01.2016 etter k-vedtak i sak 105/15.
Bytte av målform medførte ekstraavgifter til nye læreverk på omlag kr 10 000.
Overgangen har gått greitt.
Elevar ved vaksenopplæringa på Mila nyttar framleis nynorsk.

I løpet av haust 2016 blei det meldt om behov for å ta i bruk undervisningslokala til vaksenopplæringa til næringsføretak. Dette medførte at VO flytta til Kåsa i veke 46. Her nyttar ein kjøkken og møterom til undervisningslokale. Flyttinga har ført til betre kvalitet på undervisningsrom og betre arbeidstilhøve for tilsette; med eigne kontor til alle. Ein har merka stor forbetring på luftkvaliteten.

- Mottak av nye elevar
Det starta tre nye elevar på intro-ordninga frå august/sept 2016. Frå veke 42 kom det ytterlegare to. Alle er frå Syria. Dei syriske elevane på VO har stort spenn i kompetanse; frå analfabetar til høgskuleutdanna. Med dette spennet, må lærarane undervise elevane på mange nivå.
For betre å kunne tilpasse undervisninga til alle elevane, blei stillingsheimelen ved vaksenopplæringa i samband med 1. tertial auka med 40 % frå 1.8.2016. Ny lærar blei tilsett ca 1.9.16.
Vaksenopplæringa samarbeider godt med flyktningetenesta. Ein er heilt avhengig av at dette samarbeidet går godt, slik at elevane i sum får eit godt tilbod i Nissedal kommune.
Fire elevar frå VO starta i introduksjonsklasse i Bø i august 2016. Dette er eit "forkurs" for elevar som treng meir kompetanse i norsk og andre grunnskulefag.

Kompetanseutvikling:

Ein av rektorane avslutta masterstudiet i leiing til jul med svært godt resultat. Funna i masteroppgåva er interessante. Dei belyste kvifor det er høgare andel elevar i Nissedalsskulen enn for landsgjennomsnittet som gjennomfører vidaregåande opplæring, til tross for indikasjonar som tilseier at det ikkje "skulle vore slik". Ein inspektør held fram med masterstudiet i skuleleiing.

Ut i frå dei nye kompetansekrava frå U-dir, må kommunen ha høgt fokus på å vidareutdanne lærarar i dei komande åra. Lærarar som ikkje har godkjent utdanning pr.. d.d. har dispensasjon frå dei nye krava til 2025.

To lærarar ved Tveit skule starta opp med matematikkstudie haust 2016. Desse lærarane fekk studiepermisjon i 37,3 %. Utgifter til vikar dekkast via "vikarordning" frå U-dir med kr 225 000 pr.. lærar pr.. skuleår som studerer matematikk eller naturfag. Øvrige utgifter til studia blei dekkja av kommunens kompetansmidlar med i alt kr 100.000.

Sjukefråvær:

Kvartal	Fyrste	Andre	Tredje	Fjerde
Totalt	7,21 %	6,55 %	4,93 %	5,66 %
Korttids	3,51 %	1,60 %	1,22 %	2,09 %
Langtids	3,70 %	4,95 %	3,71 %	3,57 %

Det er ikkje meldt om frávær relatert til arbeidssituasjonen. Sjukefráveret har vore høgare enn normalt. Ein nedgang sidan 1. kvartal. Vanlegvis har sjukefráveret i skule vore mellom 2 og 3 %.

Oppfølgingssamtalane og oppfølgingsplanane har fungert godt i eininga. Ved Kyrkjebygda skule har det vore høgare sjukefråvere enn normalt. Med organisatoriske tilretteleggingar (timeplan og arbeidstid) har ein nytta restarbeidsevna godt. Ingen sjukefråvere i siste kvartal.

Eining for skule nyttar i stor grad kompetente vikarar med ved sjukefrávær. Vikarane er i stor grad godt kjende med rutiner og elevmassa ved skulane.

Ein tilsett i Nissedal kommune har i meldingsåret meldt behov for å bytte arbeidsplass grunna helsemessige orsakar. Eining for skule har teke i mot den tilsette og tilrettelagt etter intensjonane i IA avtala slik at den tilsette framleis kan fungere i jobb.

HMS – Internkontroll:

Vernerunde og brannøving er gjennomført etter plan ved alle skular. Status ved kvar av skulane i meldingsåret:

- Tveit skule: Dei store avvika i høve HMS er etterkvart lukka. Luftkvalitet og solavskjerming i paviljongen er framleis ei utfordring. Tveit har hatt vernerunde saman med kultur. Det har fungert bra.
- Fjone: Ferdig med utskifting av vindauge i klasserom. Utbetring av garderobe/dusj for elevar gjenstår.
- Kyrkjebygda: Branninspeksjonen påpeika at eining for skule og teknisk ikkje har avklart kven som er brannvernleiar på den enkelte skule etter ei ny forskrift til brannvernlova.
- Arbeidet med å lukke avvik og merknadar i "Rapport om miljøretta helsevern" er avslutta.

Kommentar til rekneskapen:

I samband med budsjettprosess for 2016 skulle eininga spare kr 104 000 som ein del av ei større innsparing. For å innfri kravet, foreslo rådmannen at kantina og delar av annan assistentstilling blei kutta frå 1.8.2016. Kommunestyret var ikkje samde i at kantina skulle laggast ned og fatta derfor slikt vedtak i k-sak 53/16: Kantinedrifta ved Tveit skule oppretthaldast ut 2016 i noverande form innafor ei ramme på kr 73 000. Dette vert finansiert ved auke i konsesjonskraftinntekter, oppgjer for 2015, som ligg under felles. Reduksjon av lærarårsverk på Tveit skule med kr 150 000 ; tilsvarande 6 rammetimar. Det blei spara 50 % stilling haust 2015. Midla blei overført til vår 2016. Frå 1.8.16 er ressursen trekt inn.

I tertialkontrollane blei budsjettet endra ved:

- Auke på 40 % lærarstilling i vaksenopplæringa frå august 2016
Kostnad kr 109 000
- Auke i driftspostar på vaksenopplæringa med kr 116 000. Midla er i vesentleg grad nytta til lærebøker og inventar.
- Meirinntekter i vaksenopplæring på -613 000. Det kom fleire elevar enn berekna.
- Inndekking av lønsmiddel på kr 58 000 pga. avvik i timetal i grunnskulen. Det var for få timar i u-skulen i høve U-dir 1-2016
- Ledige opplæringsmiddel på kr -16 000.
- Utgifter på kr 100 000 til ny gjesteelev frå Nissedal som får opplæring i annan kommune.
- Oppretting av ny stilling som miljøterapeut i grunnskulen for minoritetsspråklege elevar. Tilsetting i september 2016. Kostnad kr 197 000 for haust 2016.
- Mindre lønskostnader pga. permisjonar og vikarar med vesentleg lågare lønn enn dei dei var vikar for utgjorde kr -581 000.
- Mindrekostnad til PPT på kr -28 000, grunna overskot i PPT.

Mindreforbruket på kr 797.000 fordeler seg på ubudsjetterte inntekter på kr 120.000, mindreutgifter på løn på kr 207.000 og mindreforbruk på diverse driftspostar kr 470.000. Ubudsjetterte inntekter er i vesentleg grad knytt til ekstraintekter SFO og refusjonar for gjesteelevar. Mindreutgifter på løn kjem på bakgrunn av mange vikarar i eininga. Dei fleste har vesentleg lågare løn enn dei dei er vikar for. På Fjone blei langtidssjukemeldt dekt inn med ei mellombels rimeleg løysing. Ved Tveit skule er det haust 2016 eit mindreforbruk til vikarar på kr 25.000. På driftspostane er mindreforbruket er jamt fordelt på mange utgiftspostar. I ei budsjettendring blei det overført kr 119.000 kompetansemidlar frå Felles skule til Tveit skule for å dekke utgifter til to masterstudie. Av dei resterande 121 000 er det eit mindreforbruk på kr 96 000. Skuleeininga har i meldingsåret delteke i U-dir satsinga "Skule i utvikling". Kurshaldar var dekt av direktoratet. Derfor har det ikkje vore tidsressursar til fleire kurs i 2016. Tveit skule hadde eit mindreforbruk på undervisningsmateriell på omlag kr 104.000. Dette skuldast faktureringsfeil frå forhandlar. Varer bestilt i juni 2016 blei fakturert i januar 2017. Den same feilen skjedde for Kyrkjebygda skule. Her var beløpet på kr 6.000.

14.3 Eining for barnehage

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune gir eit godt barnehagetilbod til alle som ønskjer det.

- Sikre full barnehagedekning.
- Satse på kompetanseutviklingstiltak for dei tilsette for å betre kvaliteten på det pedagogiske innhaldet i barnehagane.
- Sikre at barnehagen blir ein arena for første steg i eit livslangt læringsperspektiv.
- Sikre godt samarbeid og god samanheng i overgang frå helsestasjon og mellom barnehage og skule.
- Leggje til rette for ein barnehage som gir eit godt fagleg og sosialt grunnlag.
- Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak (tidleg innsats).
- Leggje til rette for godt samvirke mellom barnehage, skule, kultur og heim slik at barna kjenner seg heime i bygda dei bur i.
- Leggje vekt på brukarane sine behov ved planlegging og organisering av barnehagetilbodet som eit viktig middel for å få nye innbyggjarar til kommunen.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om barnehage

Rammeplan for barnehagar

Felles språkplan for alle barnehagane (intern)

Plan for tidleg innsats – samarbeid med skule, barnevernstenesta, helsesyster, PPT og psykisk helse (intern)

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Kommunen har ein desentralisert barnehagestruktur med barnehagetilbod i Treungen, Haugsjåsund, Kyrkjebygda og Felle.

Kommunen har eitt hovudopptak i året. Dette skjer i mars, og det er i samband med dette at retten til barnehageplass vert gjort gjeldande. Kommunen har gitt tilbod om barnehageplass fortløpande gjennom året.

Kommunen har ingen barn på venteliste, men vi har ikkje klara å imøtekomme alle på fyrste valg av barnehage.

Føresette kan velje tilbod mellom 2 dagar, 3 dagar, 4 dagar og 5 dagar. I tillegg til alle helger og høgtidsdagar er alle barnehagane stengt to veker i juli.

Dette året var Treungen barnehage åpen i romjula for dei barna som hadde behov for det. Dette gjaldt også barn frå barnehagane på Felle, Haugsjåsund og Kyrkjebygda. Det var ingen frå utkant-barnehagane som nytta dette tilbodet.

I Treungen barnehage var det 11 barn av 36 barn som nytta tilbodet.

Det er utarbeida felles satsingsområde som kvar barnehage.

Kompetanseheving av personalet har vore fokusera på satsingsområda.

Barnehagane samarbeider tverrfagleg med helsestasjon, skule, PPT og barnevernstenesta.

Spesielle tiltak/endingar i 2016:

- Legge til rette for kompetanseheving av personalet innanfor felles satsingsområdet
Sjå under punktet for kompetanseutvikling

- Fylgje opp vedtak om spesialpedagogisk hjelp til barn som har barnehage tilbud i andre kommunar
Kommunen hadde for barnehageåret 2015/2016 to barn i barnehage i andre kommunar. Desse to barna hadde vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Eit vedtak blei avslutta i løpet av barnehageåret. Det andre barnet begynte på skulen hausten – 16.
- Utarbeide plan for tidleg innsats i samarbeid med eining for skule og eining for helse og habilitering.
Planen hadde "Kick off" 30.5.2016.
Rådmannen har saman einingsleiarane for barnehage, helse og skule, hatt møte med kommunalsjef for oppvekst frå Siljan kommune for å høyre korleis Siljan har arbeidd med sin nye plan for "Tidleg innsats".
Mål: Ferdigstille planen vår 2017 (jf kommunal planstrategi).
- Utarbeide intern språkplan som kan implementerast i plan for tidleg innsats
Vi har ikkje utarbeida intern språkplan. Språk har vore eitt av satsingsområdet vårt, og korleis vi skal arbeide med dette har vore nedfelt i dei ulike årsplanane til barnehagane.
- Revidere vedtektene for barnehagane
Vedtektene blei revidert i k-sak 6/16 og i k-sak 78/16
- Politisk sak som evaluerer at barnehagane er stengt i jol- og påskeferie
Kommunestyret vedtok i k-sak 52/16 å halde Treungen barnehage åpen i samband med jule – og påskehøgtida. Dette er også tilbod for dei barna som høyrer til dei andre barnehagane i kommunen.

Treungen barnehage

Godkjent for 60 plassar, der 36 (18 born) er i eiga småbarnsavdeling (0-3 år).

3-5 årsavdelinga har 24 godkjente barnehageplassar.

Behovet/ønskje er større enn kapasiteten, og barnehagen har i etablert drift ingen ledig kapasitet. Opningstida er 07.15-16.45.

Dette barnehageåret har det vore ledig kapasitet i Treungen barnehage

Spesielle tiltak/endingar i 2016:

Kyrkjebygda barnehage

Godkjent for 20 plassar. Etablert drift gjev rom for 18 plassar.

Opningstida er 07.15-16.45.

Spesielle tiltak/endingar i 2016:

Haugsjåsund barnehage

Godkjent for 20 plassar. Etablert drift gjev rom for 20 plassar. Opningstida er 07.15-16.45.

Spesielle tiltak/endingar i 2016:

Felle barnehage

Godkjent for 14 plassar. Etablert drift gjev rom for 10 born. Opningstida er 07.00-16.30.

Barnehagen på Felle har gitt tilbod til 11 barn + sfo for barnehageåret 2016/17.

Sfo- tilbodet blei vidareført frå hausten 16.

Ein har auka personalressursen i samband med dette vedtaket.

Rådmannen har auka pedagogisk-leiar stillinga med 40% gjeldande frå august-16 etter å ha fått melding om avvik på pedagogressursen.

Spesielle tiltak/endringar i 2016:

- Avklare sfo-tilbudet knytt til barnehagen
Kommunestyret vedtok i k-sak 27/16 å vidareføre SFO-tilbudet i Felle barnehage. Barnehagen fekk tilført kr. 33 000,- for styrking av bemanninga i Felle barnehage i 2016.

Kompetanseutvikling:

- Eininga har frikjøpt ein pedagog til å planlegge og gjennomføre samlingar med fagleg innhald for alle assistentane i kommunen 3-4 gonger i året.
- Ein styrar er i gang med styrarutdanning i regi av universitetet i Agder. Studiet blir avslutta hausten -17. '
- Ein styrar er i gang med vidareutdanning innanfor "Tideleg innsats – til barns beste". Blir avslutta hausten -17.
- Barnehagane i kommunen samarbeider om felles satsingsområde: Leik og språk.
Planleggingsdagar og avdelingsmøte har blitt nytta til kompetanseheving innanfor satsingsområdet vårt.
- Alle pedagogane i barnehagane har fullført kurspakka "Være sammen". Dette er eit utviklingsprosjekt for barnehagar i regi av Fylkesmannen i Vest Agder, Stiftelsen "Være sammen", Læringsmiljøsenderet (UiS) og UiA. Utgjer 10 studiepoeng.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet for 2016 i eininga: 9,05 %. Dette er fordelt på 6,59 langtidfråvær og 2,46 i kortidsfråvær. Langtidfråværet er så langt ein kjenner til ikkje relatera til arbeidet i barnehagen.

Det høge sjukefråværet har vore ei utfordring for eininga. Det har vore vanskeleg å få tak i nok vikarar til å dekke opp all sjukefråværet. I tillegg har eininga fråvær i samband med ferie, kurs o.a.

Barnehagane har heile tid hatt fokus på førebyggjande tiltak for å få ned fråværet. Vi har hatt tett oppfølging av dei langtidssjukmelde med jamnleg dialog.

HMS – Internkontroll:

Det er gjennomført vernerundar i alle barnehagane våren – 16.

Det blei påpeka dårleg lydastikk i eit rom i Felle barnehage. Barnehagen fått tilsagn om tilretteleggingstilskot for montering av lydempande plater i taket. Same utfordring er det i den gamle delen av Treungen barnehage. Denne barnehagen fekk kr. 20 000,- i tilretteleggingstilskot frå Nav til montering støyempande plater i det største rommet på "storavdelinga".

Tiltaket har hatt god effekt, og det er positive tilbakemeldingar frå tilsette, barn og foreldre.

På vernerunden blei det påpeka behov for lydempande tiltak i resten av avdelinga. Dette blir det nå arbeidd med.

Det er gjennomført medarbeidersamtaler.

Kommentar til rekneskapen:

Eininga har eit mindreforbruk i 2016 på kr 120 000,- .

Dette skuldast i hovudsak mindre bruk av vikarar ved fråvær gjennom heile året.

Eininga har slite med høgt sjukefråvær. Barnehagane har hatt stor utfordring i å få tak i nok vikarar. Vi har bruka "billigare" vikarer enn dei tilsette vi har fått sjukerefusjon for. I tillegg har styrarane og einingsleiar gått inn i arbeid på dei ulike avdelingane i si administrasjonstid. Budsjettet syner godt samsvar mellom inntekter og utgifter.

Det har vore nødvendig å gjera justeringar i løpet av året.

Ved gjennomgang av budsjettet i samband med 1.tertial såg ein at Treungen barnehage ville få kr 70.000,- mindre inntekter i brukarbetaling enn budsjettet. Felle barnehage ville få tilsvarende meir. Dette skuldast færre barn i Treungen, gruppesamansetjing og vedtak om redusert foreldrebetaling. I samband med gjennomgang av 1.tertial fekk eininga auke i ramma på kr 33.000,-. Bakgrunnen var vidareføring av SFO-tilbodet på Felle frå hausten -16.

Barnehagen på Felle fekk også inn fleire barn denne hausten.

Dette førte til eit meirforbruk i lønnskostnadar på ca. kr 70.000,-.

Eininga måtte auke pedagogressursen her frå hausten -16. Barnehagen hadde fått avvik på dette i samband med årsrapporteringa til fylkesmannen.

Ein del av denne stillinga blei tatt frå andre stillingsheimlar, men lønnskostnadane til pedagog er høgare enn til assistent.

Barnehagen fekk auke i SFO-ressursen frå 2017, men ein har likevel måtte nytte vikarer og ekstrahjelp siste del av 2016.

Kommunen har gitt teneste til to barn i andre kommunar. Desse barna hadde vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Dette var budsjettet med kr. 285.000,- i 2016.

Eit barn hadde ikkje behov for denne hjelpa i 2016, og det blei difor trekt ut kr 170.000,- av ramma til eininga i samband med gjennomgangen av budsjettet i 1.tertial. Det andre barnet tok til på skulen hausten – 16.

Formannskapet vedtok i sak 105/16 å auke lønsbudsjettet i Treungen barnehage med kr 207.000,- hausten -16, -, med heilårsverkand i 2017:

kr. 437 750,-. Bakgrunnen var vedtak til to barn med særskilte behov.

I k-sak 52/16 vedtok kommunestyret endring av åpningstidene i barnehagen i samband med jule – og påskehøgtida gjeldande frå oppstart av barnehageåret 2016/17.

Dette vedtaket førte til auke i lønnskostnader på kr 140.000,- pr år. For 2016 fant eininga dekning innanfor ramma då dette kun hadde konsekvenser for avvikling av juleferien.

Treungen barnehage tok imot 3 flykningebarn hausten-16. For imøtekoma behova deira fekk barnehagen auka to-språkeleg assistentressurs over ein periode. Kostnad hausten – 16 kr 100.000,-.

14.4 Eining for kultur

Kommuneplanen sine mål:

Skape eit rikt og variert kulturliv for alle og la dette bli ei av drivkreftene til ein positiv auke i folketalet i Nissedal.

- Kulturtilboda i kommunen skal femne alle og gi auka trivsel.
- Mangfaldet av kultursatsinga vert organisert av eining for kultur som i sitt arbeid stimulerer til samarbeid mellom lag, organisasjonar og andre til eit rikt og yrande kulturliv som verkar samlande på alle i kommunen.
- Kommunen sitt folkehelsearbeid legg til rette for fysisk aktivitet for alle i samarbeid med lag og organisasjonar.
- Kommunen gjer aktiv bruk av utvalde kulturminne for å fremje innbyggjarane si kjensle av identitet og tilhøyr og attraktiviteten som reisemål.
- Nissedal kulturskule skal bli eit kulturelt ressursenter der kulturskuletilboda er varierte, kreative og tilrettelagde for den einskilde elev.
- Nissedal folkebibliotek skal vere eit samlingspunkt for alle og stimulere til leselyst i alle aldrar.
- Nissedal ungdomsråd skal vere aktivt og engasjerande, og jobbe for at ungdom vil kome til Nissedal etter endt utdanning.
- Nissedal kommune skal bli oppfatta som ein føregangskommune for bruk av nynorsk.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga

Lov om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

Lov om folkebibliotek

Kommunedelplan for idrett og friluftsliv

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Kultur er eit vidt teneste-spekter samstundes som dei enkelte tenestene er relativt små i Nissedal kommune. Dei mest konkrete tenestene vert omtala nedanfor.

Spesielle tiltak/endingar i 2016:

- Tilrettelagt tursti: Jobbe vidare med prosjektet, "Ein sti for alle", ein universelt utforma tursti i området ved Sommarsletta, industriområdet og toglinja i samarbeid med Rådet for funksjonshemma og Folkehelsekoordinator. I 2016 vil ein ha eit spesielt fokus på området Sommarsletta og jobbe vidare med plan for området saman med arkitekt John Sanden og frivillige interesserte.
I 2016 vart det jobba med tursti på den gamle jernbanelina i samarbeid med Åmli kommune. Jernbanelina er starten på traseen som er universelt utforma, og vil vere ein del av eit løypenett som har start i sentrum og Sommarsletta. Såleis vil strekinga frå tuppen av Sommarsletta og til ungdomshuset bli rusta opp til standard for universelt utforma løype. Traseen vil også vere universell frå Sommarsletta til Myrane, så ein har ein moglegheit, men ikkje ein runde enno. Dette vil gjennomførast mest truleg i 2017, og det vart søkt om spelemidlar til dette.
- Starte forarbeid med etablering av aktivitetssenter for eldre. Ein møteplass som eit ledd i førebyggjande helsearbeid.
Nissedal Frivilligsentral tok på seg oppgåva og starta dagsenter for eldre kvar torsdag frå veke 37. Dagsenteret var fyrst i vaksenopplæringa i sentrum, og seinare flytt til frivilligsentralens lokaler i Røde Kors-huset. Tilbodet har vore populært, men Renate Hassel ynskjer å nå dei som ikkje kjem seg ut til vanleg. Arbeidet med dette held fram.

Fritidsklubb

Fritidsklubben er open 2 dagar i veka, og skal vere inkluderande for alle i målgruppa 8. klasse til 18 år i heile kommunen. Ungdommen skal i stor grad vere med å utforme aktivitetssinnhaldet.

Spesielle tiltak/endringar i 2016:

- Ein ser at arbeid med integrering er svært viktig i ungdomsklubben. I 2016 vil ein ha eit spesielt fokus på dette gjennom ulike aktivitetar.
Ungdomsklubben har hatt fokus på integrering med ulike tiltak.
4. juni reiste ungdomsklubben til Tusenfryd. For haust 2016 vart det gjort nokon endringar på programmet. Onsdagar vart ope frå 15.30, på grunn av lenger skuledag, og onsdagen vart også opna for elevar på mellomtrinn. Det har vore servert varm mat kl. 15.45 og det har vore fast hallaktivitet frå kl. 16.30 – 17.30. Tilbod elles i Fleirbrukshuset på onsdagar var kulturskule, idrettsaktivitet, bibliotek og kino annankvar onsdag. Tanken var at ein kan nytte seg av ulike aktivitetar denne dagen utan å vere avhengig av køyring frå foreldre. Tilrettelegging slik at alle kan vere med.

Kino

I samarbeid med Bygdekinoen er det kinoframsying kvar 14.dag i kinosalen på Fleirbrukshuset. Det er Bygdekinoen som bestemmer programmet og har billettinntektene, så kommunen si oppgave er å legge lokale til rette og profilere kinotilbodet.

Spesielle tiltak/endringar i 2016

- Ein ynskjer å ha meir fokus på å reklamere for bygdekinoen og få enno fleire til å gå på kino
Det var ein god kinovår og ein låg på budsjett med kostnad på filmleige. Det var 58 publikum pr. framsyningskveld. Målsetting for haust 2016 var 60 publikum pr. kinokveld. Haust 2016 vart veldig bra, og vi enda opp med 90 publikum pr. framsyningsdag. Dette gjorde til at den kommunale eigenandelen på hausthalvåret vart kr 886,-.

Bibliotek

Nissedal folkebibliotek er eit kombinasjonsbibliotek lokalisert saman med Nissedal ungdomsskule. Det er ope for publikum 2 dagar i veka, medan skulen kan nytte det ved behov. Dagsaktuell litteratur, enkeltarrangement og god profilering er tiltak for å nå mål om å vere eit samlingspunkt for stimulering til leselyst i alle aldrar. Biblioteket skal delta aktivt i tverrfagleg arbeid saman med barnehage og skule.

Spesielle tiltak/endringar i 2016

- Satse på biblioteket som ein naturleg samlingsstad for kommunens innbyggjarar i tråd med lov om folkebibliotek. Det har blitt søkt på arenaviklingsmidlar til dette føremålet.
Både utlånstal og besøkstal har auka i 2016. Utlån har auke 25% frå 2015 til 2016. Ein er svært godt nøgd med denne tendensen, spesielt når ein ser at utlånstalet går ned elles i landet.

Nissedal folkebibliotek fekk tildelt kr 40.000,- i Arenautviklingsmidlar frå Nasjonalbiblioteket. I dette låg det å tilrettelegge for at biblioteket vert ein møteplass for alle, innbyggjarar i kommunen, turistar og hytteturistar. Midlane vart

disponert til nye møblar og inventar som skulle gjere biblioteket betre og meir imøtekomande for publikum.

Ordninga med laurdagsope bibliotek vart sett i gang, noko som vart populært blant publikum. Det tok litt tid før tiltaket vart kjend, men etter eit par laurdagar med innkøying, har talet på besøkande ligge på ca 20 personar pr laurdag.

Spelemidler – kommunalt tilskot

Gjennom tett samarbeid med idrettsrådet skal kommunen kvart år prioritere spelemiddelsøknadar som kjem inn. Dette skjer gjennom å rullere handlingsdelen i kommunedelplan for idrett og friluftsliv kvart år.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Legge til rette for eit godt samarbeid mellom søkjarar på spelemidler i kommunen og legge til rette for ein god og berekraftig anleggsutbygging.
Turkart Nissedal aust og vest med guide vart ferdigstilt vår 2016. Ein er svært nøgd med resultatet og takkar Friluftsrådet Sør for ein fantastisk jobb.
Elles vart det jobba med å hjelpe Åmli og Nissedal motorklubb med spelemiddelsøknadar for utbygging av Nidelv arena, motorsportsenteret på Langmyr. Kommunen hadde eit godt samarbeid med Telemark Fylkeskommune i denne prosessen.
Det vart også søkt om spelemidler til turveg på den gamle jernbanelina, frå Sommarsletta til Åmli grense. Dette har vore eit samarbeidsprosjekt mellom Nissedal kommune og Åmli kommune og Telemarksvegen.
Aktivitetsrom på Fleirbrukshuset, søknadssum kr 700.000,- og tilbygg klubbhus Treungen sentralidrettsanlegg kr 147.000,-, fekk tilslag på søkte sum.

Ålmenne kulturtiltak/arrangement

Tett samarbeid med skulane om den lokale delen av Den kulturelle skulesekken (DKS).

Dele ut prosjekt- og kulturmidlar med fokus på barn og unge.
Enkelt-arrangement.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Kulturarrangement i Fleirbrukshuset, ha som mål å ha 2 større kulturarrangement i tillegg til fleire små arrangement i løpet av 2016.
Laurdag 5. mars vart det arrangert workshop og UKM for alle born i kulturskulen i kommunen. Det vart ein fantastisk dag med masse aktivitet som vart avslutta med ein fantastisk konsert. Talet på publikum var ca. 200.
Torsdag 8. september vart det arrangert internasjonal fest i Fleirbrukshuset i samarbeid med skule. Dette var svært vellukka og det var 370 menneske til stades. Grenland friteater kom 4. oktober med framsyninga Reisen til Venezia, eit samarbeid med Dek Kulturelle Spaserstokken. Det vart også arrangert opning av Treungen Music City 29. oktober, konsert med Synne Sanden 10. desember og d' draup 17. november. I tillegg til dette var det små og store arrangement, som joleavslutningar og anna.
- Legge til rette for arrangement for eldre og born i barnehagen gjennom å legge til rette for det og nytte midlar frå Fylkeskommunen til dette føremålet.
Onsdag 2. mars vart det arrangert seniorkino, filmen Snåsamannen stod på plakaten. Etter kinoframsyninga var det servering av kaffe og kake. Dette var svært godt motteke, 54 seniorar møtte opp.
4. februar var det barnehageframsyning i Fleirbrukshuset.
Filmen Kongens Nei vart vist som seniorframsyning 28. september og teaterframsyninga Reisen til Venezia 4. oktober var eit samarbeid med Den kulturelle spaserstokken.

Kulturvern og –samlingar

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Starte arbeidet med Kulturminneplan.
Oppstart med å kartlegge kostnad og omfang av ein kulturminneplan vart så vidt starta på. Ein vil søkje på midlar til dette i 2017.

Kulturskule

Kulturskuletimen vert lagt til rette slik at det er så lett som mogleg for den einskilde elev å møte opp. Timen vert lagt rett etter skuleslutt på tysdagar og kvar skule i kommunen får tilbodet på sin skule. Kulturskulen skal arrangere minst 2 konsertar i året der kvar elev kan vise fram kva den har jobba med. Kulturskulen arrangerer UKM i samarbeid med ungdomsklubben.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Jobbe med 25-års jubileum i 2017 for kulturskulen. Lage planar for korleis dette skal gjennomførast i 2017
Arbeidet med å planlegge jubileumsåret 2017 vart starta og midlar til dette vart lagt inn i budsjett for 2017.
- Auke eigenbetalingane med 5%
Auke av eigenbetaling vart gjennomført. Prisen pr. halvår vart kr 2153,-

Talet på elevplassar i kulturskulen haust 2016 var 59. Alle som har søkte fekk plass. På gitar, trommer og song sette ein saman til band hadde 50 minuttstimar. Slik sett fekk ein plass til fleire elevar enn vi eigentleg hadde plass til. Om alle skulle hatt 25 min time aleine, ville det vere plass til 45 elevar. Kulturskulen i Nissedal opplever ein auke i søknadar til kulturskulen, medan Vest-Telemark og resten av landet opplever nedgang i talet på søknadar.

I kulturskuletimen (lågterskeltilbod for 1. – 4. klasse og på grendeskulane frå 1. – 7. klasse) denne hausten hadde kulturskulen i samarbeid med folkehelseprogrammet og fysioterapeut Ane B Voje, danseundervisning. Ane B Voje og Rune Sanden hadde undervisninga. Det vart danseundervisning på kvar skule i kommunen.

Det var også danseundervisning for 4. – 10. klasse i samarbeid med folkehelseprogrammet og fysioterapeut Ane B Voje frå veke 42 og til vinterferien 2017 i Fleirbrukshuset. Kulturskulen tok seg av påmelding og det praktiske, og Ane var danselærer. Utgift til løn for dette vart dekt av folkehelseprogrammet og tilbodet var gratis.

Målsettinga med dette var å ha eit lågterskel tilbod til ungdom i kommunen som ein ynskjer skal bli meir fysisk aktive, men også eit tilbod for sosial inkludering.

Kulturskulen fekk eit tilskot frå Treungenfestivalen på kr 30.000,- til kjøp av utstyr. Det vart i samband med dette søkt MUO, Musikkutstyrsordningen, om tilskot. Vi fekk 18.750,-, 50% av kjøpesum, til innkjøp av 2 gitarforsterkarar, 1 trommesett og 1 keyboard med stativ. I tillegg til dette vart det kjøpt inn ein gitar og ein gitarforsterkar. Av tilskotet vi fekk frå Treungenfestivalen MUO, vart det kjøpt inn utstyr for til saman 53.000,- eks mva. Alt utstyret som vart kjøpt har høg standard og bidrar til gode opplevingar for kulturskulen både på øving og på konsert. Tusen takk til Treungenfestivalen for ei fantastisk gåve og takk til MUO for støtte til utstyr.

Ungdomsrådet

Nissedal ungdomsråd er knytt til fritidsklubben, men har ikkje vore særleg aktivt i fleire år.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Det må kartleggast kvifor ungdomsrådet ikkje har fungert, og kva som skal til for å få det til å fungere.

Dette arbeidet vil bli vidareført i 2017.

Flyktingetenesta:

Legge til rette for ei god integrering og gjere dei nye innbyggjarane så sjølvhjelpne som mogleg, så raskt som mogleg. Dette må gjerast gjennom god planlegging og godt samarbeid mellom dei ulike tenesteytingane i kommunen. Spesielt må ein legge vekt på eit godt samarbeid med vaksenopplæringa.

Spesielle tiltak/endingar 2016:

- Legge til rette for 15 nye flyktingar i 2016.
I 2016 vart det tatt imot 18 overføringsflyktingar frå Syria, 3 familiar. Desse vart busette i 2 kommunale bustader, og ein familie vart busett i privat utleigebustad. Det vart i samband med busetting av den eine familien kjøpt bustad i Landvik finansiert med tilskot frå Husbanken og kommunalt lån. Bustaden vart kjøpt som ein kommunal utleigebustad for flyktingar. Avklaring av husvære, tilrettelegging av bustad og førebuing av dei ulike einingane stod sentralt i arbeidet til flyktingetenesta for å førebu tilflytting av 3 familiar frå Syria.
Flyktingetenesta koordinerte tenester og jobba i team med dei ulike instansane i kommunen for god integrering i kommunen ved ankomst. Det var eit stort arbeidspress på flyktingekoordinator og programrådgjevar, så desse fekk 20% auke i stilling frå haust til slutten av desember.
Tiltak med tilsetting av arabiskspråkleg miljøterapeut i skule og assistent i barnehage var til stor hjelp sidan språk var ei utfordring.

Det vart også jobba godt med introduksjonsprogrammet, innhald i dette og språkpraksis i nært samarbeid med vaksenopplæringa. I kommunen hadde teknisk, reinhald, NOS og Mila språkpraksiskandidatar. I privat næringsliv hadde Nissedal landhandel, Frivilligsentralen, Haugsjø AS, Treungen gjestgiveri og prix språkpraksiskandidatar.
Veldig bra at så mange arbeidsplassar er villige til dette arbeidet. Det har veldig mykje å sei for ei vellukka integrering at ,jobbtrening og å bruke språket i praksis, vert trena mykje på.
- Bidra i arbeidet med ein heilskapleg bustadplan for kommunen.
Ein har vore med i prosessen og gjett innspel til bustadplanen.

Kompetanseutvikling:

Flyktingetenesta gjennomførte eit modulbasert kurs arrangert av Imdi. Dette var svært nyttig og tok for seg fleire ulike aspekt ved det å drive flyktingeteneste i kommunen.

Biblioteksjef Sigrid K Nesland gjennomførte kurs i regi av Telemark Fylkesbibliotek om formidling.

Desse kursa vert finansiert av eige budsjett. Eining for kultur fekk ikkje tildelt opplæringsmidlar i 2016.

Sjukefråvær:

For 1. halvår var fråværet i kultur på 4,41%, dette hadde samanheng med noko fråvær i starten av 2016. For 4. kvartal var sjukefråværet nede i 2%.

Totalt for eininga vart fråværet på 2,79%.

Eining for kultur har dei siste åra ligge lågt på fråværsstatistikken. Dette er bra, og er ei målsetting for eininga. Tett dialog med arbeidstakarar og kort veg til løysing på evt problem tidleg, har høgt fokus.

HMS – Internkontroll:

Det vart gjennomført vernerunde i samarbeid med eining for skule 19. april.

Ingen store avvik vart funne. Systematisk lukking av avvik over år har gjeitt resultat i Fleirbrukshus og bygg kultur nyttar/har ansvaret for på kveldstid.

Det vart gjennomført branntilsyn saman med skule 8. juni 2016. Avvik frå dette vart jobba med.

Kommentar til rekneskapen:

I tertialkontrollane er budsjettet endra på bakgrunn av følgjande moment:

Auke introduksjonsstønad 10 nye flyktningar	Kr 229.000
Startpakke 10 nye flyktningar	Kr 70.000
Helsesjekk 10 nye flyktningar	Kr 15.000
Støtte til sertifikat	Kr 60.000
Reduksjon introduksjonsløn	-Kr 136.000
Mellombels auke av flyktningkoordinator haust 2016 – 40%	Kr 200.000
To-språkleg assistent haust 2016	Kr 35.000
Utgift SFO for deltakarar i introduksjonsprogrammet	Kr 17.000
Mindreinntekter brukarbetaling - Fleirbrukshuset	Kr 20.000
Tilskot til Åmli og Nissedal motorsportklubb	Kr 50.000

Eininga hadde 101,74% i forbruk, som gir eit meirforbruk på 85.000

Det største avviket i eininga, og som gjev negativt resultat, er 100.000,- i meirforbruk på flyktningekapittelet.

Årsak til avviket er i hovudsak meirkostnadar på fleire postar det har vore vanskeleg å sjå føre seg i budsjett og ein kan sei at budsjettet har vore underbudsjettert.

Av postar som har fått sprekk er transport, helseutgifter, introløn og ulike utgifter til behov/tiltak.

På resten av eininga er det små avvik.

Avvik som likevel bør kommenterast, er eit meirforbruk på bokbudsjett på 20.000,-.

Av inntekter som det ikkje er budsjettert med, er det meirinntekter på Den Kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken. Midlane er nytta til føremålet, og er bundne til dette. Inntekt på avgiftsfritt sal er inntekt i samband med teaterframsyning i Den Kulturelle Spaserstokken. Total inntekt: kr 50.000,-, mot opprinneleg budsjett kr 28.000,-.

Ungdomsklubben fekk i 2016 tilskot frå Fri Fond på 15.000,- til diskokule og rullebrett til gymsal. Inntekten vart ikkje budsjettert, men er brukt til føremålet.

14.5 Eining for helse og habilitering

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune har tryggje helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheims plassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om sosiale tenester

Helsepersonelloven

Folkehelseloven

Pasient og brukarrettighetsloven

Kommnehelselova

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Eininga gjev helse og omsorgstenester etter kommnehelselova til innbyggjarane i Nissedal kommune.

Spesielle tiltak/endingar for 2016

- Revidere plan for hab-/rehabilitering i Nissedal kommune
Inngår i planstrategien.
- Utarbeide ein folkehelseoversikt som kan leggjast til grunn for neste rullering av kommuneplanen
Talmaterialet er nå utarbeidd.
- Vidareutvikle brukarmedverknad i tenestene og opprette brukarråd innanfor rus og psykiatri
Dette er etablert
- Ansvaret for barnevern overførast frå felles i 2016. Eininga må etablere nye system for å betre den førebyggjande innsatsen i Nissedal
Inngår i plan for tidleg innsats.
- Etablere plan for tidleg innsats saman med eining for skule og eining for barnehage
Arbeidet starta opp og vil bli slutført tidleg i 2017.
- Utgreie etablering av tilbod om samlivkurs, gjerne i samarbeid med nabokommunar
Det ble gitt tilbod hausten 2016. Grunna låg interesse vil det bli gjeve tilbod om nytt kurs våren 2017.

Tenester for funksjonshemma

Tenestene er organisert i Kåsa bu og avlasting (Kåsa). Det er 7 personar som bur i egne bustader knytt til Kåsa. I tillegg gjev Kåsa tenester til 2 brukarar som bur i eigen bustad i Treungen. Brukarane på Kåsa er psykisk og fysisk utviklingshemma og har store bistandsbehov. Alle tenester vert ytt etter enkeltvedtak. Kåsa har vore gjennom store endringar dei siste 2 åra. Den såkalla 80/100 ordninga vart avvikla i 2015.

I tillegg til tenestene i Kåsa sørgjer eininga for at dei som har behov for det, får støttekontakt. Hausten 2015 er det 5 brukarar som har støttekontakt. Behovet for tenestene varierer gjennom året.

Spesielle tiltak/endringar for 2016

- Alle tenester på Kåsa er frå hausten 2015 samla i ein felles arbeidsplan. Dette gjer betre felles bruk av ressursane. 2016 blir året då denne arbeidsmåten må få sette seg. Det er vidare eit mål å optimalisere all ressursbruk vidare.
Arbeidsplan er etablert for heile Kåsa.
- Den økonomiske ramma til å leige inn vikarar ved fråvær er redusert med 100 000 kr. Dette må innarbeidast i ordinær drift. Det er nødvendig å finne nye måtar å handtere fråvær på.
Tiltaket er innarbeida i dagleg drift.

Mila aktivitetssenter

Mila aktivitetssenter organiserer dag-aktivitetar til personar med psykisk utviklingshemming. . Det er også eit lågterskel-tilbod til personar med psykisk sjukdom. Mila har 1,1 årsverk fordelt på 2 personar.

Spesielle tiltak/endringar for 2016

- Utvikle Mila til ein møteplass for ei breiare brukargruppe, jamfør forventingar frå helsedepartementet, i samarbeid med Kvito og NAV
Mila har no brukarar innanfor forskjellige kategoriar.
- Sal av 2 plassar til Åmli kommune er avslutta. Tapte inntekter på kr 50.000.

Helseavdelinga

Dei kommunale helsetenestene etter kommunehelselova er organisert slik:

Legekontor : Legekantoret er bemanna med 2 legar, turnuskandidat, sjukepleiar og helsesekretær. Kontoret har ein avdelingsleiar-ressurs i 40% som også er leiar for resten av helseavdelinga.

Jordmorteneste : Jordmortenesta har ein tilsett i 25% stilling. Tenesta inkluderer oppfølging av alle gravide før og etter fødsel.

Fysioterapitenester : Nissedal kommune har til saman 180% fysioterapistilling. 80% er på driftsavtale og 100% er fast tilsett i kommunen. Tenesta omfattar friskliv og folkehelse prosjekter.

Helsestasjon : Nissedal kommune har helsesyster i 80% stilling. Helsesyster har ansvar for skulehelsetenesta og helsetenester til barn og ungdom.

Tenester innanfor psykiatri barn og vaksne : Tenesta har 160% stilling fordelt på to tilsette. Dei gjev tenester til vaksne og barn som trenger oppfølging i kortare eller lengre periodar.

Spesielle tiltak/endingar for 2016

- Avtala med STHF angående følgje ved fødsel er sagt opp. Det er nødvendig å reorganisere jordmorarbeidet. Det er samstundes lågare fødselstal. Ny organisering må være ferdig i januar 2016.
Ny organisering er innført frå 1 januar 2016. Nissedal kommune er i eit forsøksår friteke for fylgjeteneste i samband med fødsjar. Tiltaket vert evaluert tidleg i 2017.
- Det er tilsett ny lege ved legekantoret. Han er spesialist innanfor allmenn medisin. Legekantoret må auke talet på pasientar for å få ei forventa inntektsauke på kr 500 000
Ny kommunelege 2 er på plass og drifta av legekantoret er i rute.
- Etablere ny avtale angående KAD plass. Nissedal kommune har i dag denne tenesta i Arendal. Den er lite nytta, derfor er Nissedal kommune i dialog med Kviteseid kommune om eit framtidig samarbeid.
Det vert ikkje jobba vidare med å etablere KAD plass i samarbeid med Kviteseid. Nissedal kommune fortsett sitt samarbeid med austre Agder samarbeidet med KAD plass i Arendal.
- Endre fysioterapitenesta til ein fysioterapeut som jobbar med driftsavtale i 80% og ein kommunefysioterapeut i 100 % stilling som også blir folkehelsekoordinator og ansvarleg for friskliv.
Endinga er gjennomført og 100% kommunefysioterapeut er tilsett.
- Etablere dagplassar for brukarar med rus- og psykiatriutfordringar saman med KVITO
Plassane er etablert under namnet LIV som tyder "livskvalitet i virksomhet". Nissedal kommune kan nytte inntil 5 plassar.
- Etablere klarare rutinar og arbeidsmetodikk for innsats rundt utsette barn. Antall barn med behov for tiltak frå barnevernet har auka mykje. Nissedal kommune må legge om sitt arbeid for å gje betre tilbod til denne gruppa.
Arbeidet er i gong og Nissedal kommune har fått eit tilskot på 100 000 kr til arbeidet frå BUFDIR. Dette er eit samarbeid mellom fleire einingar. Planen er ferdigjanuar 2017.

Barnevern

Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark er organisert som eit administrativt vertskommunesamarbeid der Kviteseid kommune er vertskommune. Ansvar for sakshandsaming og fagleg kompetanse er samla i vertskommunen, men det må vere god dialog med dei andre tenestene i kvar kommune. Samarbeidet er styrt gjennom ei samarbeidsavtale og delegert mynde frå rådmannen i Nissedal til rådmannen i Kviteseid. Rådmannen i Kviteseid har delegert all mynde vidare til barnevernsleiar.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Flytte ansvaret for oppfølging av Barnevernstenesta frå Felles til Helse og habilitering
Ansvaret overført frå 01.01.16.

Kompetanseutvikling:

Det er ingen tilsette utover einingsleiar som deltek i vidareutdanning i 2016. Det er planlagt internkurs i Kap 9 11 mai. Utover dette deltek tilsette i etablerte kompetanse nettverk i Telemark

Sjukefråvær:

Sjukefråværet har auka dramatisk i 2016 kontra 2015 det vart 8,18 % for heile året. 4 kvartal var fråværet 3,65%. Eininga har tidligare år vore forskåna for alvorleg sjukdom, store skadar og livskriser blant tilsette. Dette har komme i stort mon i 2016. Det er langtidsfråværet som har auka stort. Dei sjukemeldte vert fylgd godt opp og ein kan fastslå at ingen av fråværa skyldast tilhøve på arbeidsplassen. Alle langtidssjukemeldte var attende i arbeid i desember 2016.

HMS – Internkontroll:

Det har ikkje vore alvorlege hendingar i eininga i 2016. Det er gjennomført vanlege aktivitetar som vernerundar og samarbeid med vernetenesta,

Kommentar til rekneskapen:

Mindreforbruk kr 1.278.000. Dette har mange orsakar. Det viktigaste er stram økonomistyring og fleksibel bruk av tilgjengelege ressursar. Eininga løyser oppgåvene godt grunna svært gode medarbeidarar på alle områder.

Helsestasjonen : Balanse

Legekontoret : Mindreforbruk kr 151.000 skyldast meirinntekter frå Fyresdal kommune kr 28.000 der me bidrog til med rettleiing av legar og mindre forbruk løn kr 115.000 som skuldast noko mindre utgifter i samband med bytte av tilsette. Kontoret driftast svært godt og er godt tilpassa forventa drift.

Jordmor : Mindreforbruk kr 37.000 på diverse lønspostar.

Fysioterapi : Balanse i første driftsår med auka aktivitet.

Barnevern : mindreforbruk kr 642.000. Dette skuldast tiltak som har blitt avslutta og at nye tiltak ikkje har komet til. Dette er tilfeldig. Det jobbast hardt med å fortsette denne utviklinga i heile Nissedal kommune.

Kåsa : Mindreforbruk kr 213.000 på diverse lønspostar og mindreforbruk BPA (brukarstyr personleg assistent) kr 65.000 kr. Mindreforbruk på Kåsa er ca. 1 million, men sidan det budsjetteras med refusjon grunna ressurskrevjande brukarar går refusjonen ned med ca. kr 800.000. Drifta på Kåsa er under god økonomisk kontroll.

Mila : Mindreforbruk 38 000 diverse postar. Me hadde innbrot i 2016 og dette har medført eit større forsikringsoppgjer. Det har også vore eit betre sal av varer produsert på Mila.

Psykiatri : Mindreforbruk kr 194.000 skuldast mindre behov for støttekontaktar og at liv tiltaket ikkje vart nytta fullt ut.

14.6 Eining for omsorg

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune har tryggje helse- og omsorgstenester som legg grunnlaget for god livskvalitet i alle livets fasar.

- Kommunen skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Kommunen gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheimsplassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem.
- Kommunen skal vere førebudd på nye oppgåver som ein konsekvens av den store satsinga på hyttebygging og auka tal på innbyggjarar i store delar av året.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Lov om helse- og omsorgstenester
 Pasient- og brukarrettighetsolva
 Helsepersonellova
 Norm for informasjonssikkerhet
 Kvalitetsforskriften for pleie og omsorg
 Demensplan 2015

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Eining for omsorg utfører tenestene i samsvar med kvalitetsforskrifta ,som sikrar den einskilde brukar å vere med å bestemme korleis den daglege tenesta skal utførast.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Eininga si økonomiske ramme til pleieressursar generelt er styrka.
*Den er, saman med intern omdisponering, nytta til å styrke kveldane ved somatisk avdeling 4 dagar i veka.
 Evaluering av turnus i oktober - 16 er vidareført til medio mars – 17. Dette henger nøye saman med gjennomgang av årsverka i eininga, der man har tilsette utover heimelsramma. Jamfør punkt om ressursbank .
 Sjå også punkt under opptrappingsplan for demens.*
- Styrkje nokon kveldsvakter ved å flytte ressursar frå dag til kveld.
Dette er utført ved ny turnus frå feb. 2016.
- Arbeide vidare med ein plan for etablering av dagtilbod for personar med demens, som er heimebuande (jfr demensplan 2015).
*Vi har ein dagpasient ved skjerma avd. to dagar / veke. I følgje framlegg til demensplan 2020, vert det framlegg til høyring om plikt til dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med demens frå 01.01.2020. To personar har hatt dagtilbod ved skjerma avdeling. Ein må i god tid før 2020 ha arbeidd fram ein konkret plan for korleis kommunen vil gjennomføre dette.
 Det er arbeidet vert noe sinket bla av at administrasjonsdagen til avdelingsleiar for demens er inndratt, men jobbas vidare med utover i 2017.*

- Samarbeidsavtale vedrørende ordning for aktivitetsvenn i Nissedal er etablert. I 2016 vil fokuset vere å setje ordninga ut i livet.
Det er gjennomført kurs for rundt 10 personer som har meldt seg frivillig til å vere aktivitetsvenn. Fleire av desse er no i sving med å vere aktivitetsvenn for bebuarar ved omsorgssenteret. *Vi høystar gode erfaringar med dette.*
- Arbeide for å redusere sjukefråveret for heile eininga frå over 10 % til 7%.
Eininga hadde ved joletider høy arbeidsbelastning som følgje av resurskrevjande pasientar, til tross for dette var sjukefråværet i årets siste kvartal i underkant av 7%, 2 % er korttidsfråvær.
- Jobbe vidare med å avvikle ressursbank.
Tidligare tilsette i ressursbank går i faste heimlar, I tillegg er det personar som har fått medhald i retten til auka stilling, etter AML § 14 – 4 A. Med andre ord brukas vikarpostane som salderingsposter for auke i fastløn.
- Det er sett av kr 3 millionar til nye kommunale bustader, der behovet for omsorgsbustader nær institusjonen også vil bli vurdert.
Ein har sett at det over lengre tid er behov for fleire omsorgsbustader som ligg nært knytt til omsorgssenteret. Dette gjeld ei gruppe brukarar som fortsatt kan klare seg i bustad med hjelp frå heimesjukepleia og oppleve tryggleiken det er ved å bu så nære omsorgssenteret. På den måten kan det å bli lagt inn på institusjon utsettast. Prosjekterings- og byggjenemnda er i gang med forarbeidet til bygging av 4 nye omsorgsbustader.
- Politisk sak om gevinstrealisering ved bygging av omsorgsbustader
Dette vil bli eit arbeid som vil skje i 2017, i forkant av at dei nye omsorgsbustadane blir ferdige.

Administrasjon/tenestekontor:

Tenestekontoret sakshandsamar alle søknader om omsorgstenester, tryggleiksalarmar og hjelpemidlar. Vidare syter tenestekontoret for ein del interne system og rutinar, spesielt innanfor datasikkerhet og personvern, internopplæring, kvalitetssikring og avvikshandtering.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

Ved omdisponering av midlar, som følge endra ansvarsområde er tenestehansamar ressursane økt med 40 %.

Institusjonstenester:

Institusjonstenestene er organisert i 2 avdelingar. Somatisk avdeling har 14 plassar for avlastning, korttids- og langtidsopphald (av desse er det 1 plass til akutt beredskap, 1 avlastningsplass med rullerande opphald og 2 korttids plassar). Skjerma avdeling har 6 plassar for personar med demens. Plass tildelast etter egne kriteriar. Opphald i institusjon har individuelt vedtak, med målsetjing om behandling, rehabilitering og aktivitet.

I tillegg til pasientar frå eigen kommune kan Nissedal kommune også gje institusjonsplass til personar frå andre kommunar, både gjennom samarbeidsavtale i Vest-Telemark, og etter behov frå andre kommunar. Dette under føresetnad av at egne innbyggjarar sin rett til omsorgstenester kan imøtekomast.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- I 2016 legg ein ikkje opp til sal av plassar til andre kommunar.
Det vart leigd ut nokre døgn i januar og august mnd. til Seljord kommune.
- Avvikle aktivtør-stilling og gjere om denne til pleierressurs.
Dette er utført.

- Arbeide vidare med å sjå på måltidsrytmen i høve til å tilby middag på ettermiddagen og ikkje kl 13 som no. Kveldsmaten vert då forskyve tilsvarande. Det er nedsett ei ernæringsgruppe som arbeider med dette. Dei ser og på nasjonale føringar og krav om kartlegging innafor dette området og ser på kva vi kan få til på omsorgssenteret.
- Vidareføre prosjekt med fokus på forflytning i høve til HMS og førebygging av sjukefråver. Det er gjennomført kurs for alle tilsette med IA konsulent frå Nav om rettar og plikter ved sjukefråvær. Det er kjøpt inn ein ny takheis for å sikre at dei tilsette ikkje skal slite unødige med tunge forflytningar. Det er også kjøpt inn fleire segl til heis og andre forflytningshjelpemiddel for å lette arbeidskvardagen til dei tilsette. Fysioterapeut har vært nytta til rettleiing og forflytningsteknikk

Heimebaserte tenester:

Heimebaserte tenester omfattar heimesjukepleie og heimehjelp. Etter vedtak gjevast det tenester i heimen slik at personar kan bu heime etter eige ønskje. Tenestene omfattar også utrykking og evt oppfylging dersom tryggleiksalarmar vert utløyst. I 2016 hadde 30 personar tryggleiksalarm.

Heimebaserte tenester må kontinuerleg tilpassast variasjon i tenestebehov, talet på pasientar og reiseavstand, men slik at alle personar får den hjelpa dei har krav på. Gjennom året 2016 ble 53 personar som er tildelt ulike heimetenester og 38 personar som får praktisk bistand i heimen (heimehjelp). Det er ingen stor variasjon samanlikna med året før.

Det er aukande behov for tenester blant heimebuande eldre under 80 år. Dette handlar om samhandlingsreforma og konsekvensen av den: at pasientar vert tidlegare utskrive frå sjukehus og kjem fortare heim.

Auke i brukarar dei to siste åra har gjort at ressursar som skulle vore felles for institusjonen og heimetenesta har blitt nytta meir i heimetenesta og dermed svekka tilbodet til bebuarane på langtidsavdelinga.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Tenestene må tilpassast endingar i forhold til auka pasientar med samansette utfordringar, til dømes kroniske sjukdomar, kreft, rus/psykiatri.
 - Det er oppnemnt ressurspersonar på ulike fagområder.
 - Ein konsekvens av dette var å styrke kveldsvakta i heimesjukepleia. Det er ingen overliggerar på sjukehuset. Alle har blitt tatt imot anten heime eller på institusjon når dei har vore utskrivingsklare. Pasientar vert utskrivne tidlegare frå sjukehuset no enn før. Dette gjer at det er ressurskrevjande å ta i mot pasientar som kan gje til dels store faglege utfordringar.
 - Tilbodet er styrka ved at bemanninga er auka frå to til tre tilsette på kvelden frå måndag til torsdag.

Serviceavdelinga:

Reinhold, vaskeri og kjøkken knytt til omsorgstenestene er organisert i eiga serviceavdeling. Kjøkken har også sal og administrering av utkøyring av middag til heimebuande (etter vedtak).

Spesielle tiltak/endingar i 2016.

- Samarbeide med kjøkken når det gjeld måltidsrytma. Jamfør tiltak beskrive under institusjonen. Kjøkkensjefen er med i nedsett ernæringsgruppe.

Kompetanseutvikling:

Tildelt kr 38.000 til kompetanseheving frå AMU. Disse er prioritert til leiarutvikling for avdelingsleiarane, vidareutdanning i aldring og helse for ein sjukepleiar og syn og hørsel opplæring for tenestekontoret.

Sjukefråvær:

Sjå eige pkt. under heile eininga.

HMS – Internkontroll:

Etter vernerunde er det anskaffet hørselvern for tilsette i vaskeriet. Kjøpt takheis i somatisk avdeling.

Det foreligger forslag om medarbeiderundersøkelse, dette vidareførast i 2017.

Det er utført etterklangsmålning på vaktrom og pauserom. Vaktrommene ligger innen for krava til Norsk standard. I pauserommet er det ikkje tilfredsstillande, utbetringar er nødvendige for å tilfredsstillende krava i Norsk standard NS 8175:2012

Kommentar til rekneskapen:

I budsjettet for 2016 blei det lagt til grunn at det skulle skje ei innsparing på kr 300.000 på konsulent/tenestekontor. Dette er i 2016 løyst ved mellombelse løysingar og må finne si endelige løysing i 2017. Stillinga som aktivitør blei i budsjettet trekt inn (utgjorde kr 150.000). Avvikling av denne stillinga blei gjort ved omplassering. Budsjettet til eininga blei tilførd kr 370.000 (netto etter generelt kutt).

Gjennom tertialkontroll blei eininga tilførd kr 500.000 til vikarressursar. Samstundes blei anslag på inntekter justert opp med kr 300.000 knyt til meirinntekter på opphaldsbetaling, knyt til etteroppgjær.

Eininga fekk jf. rekneskapen eit mindreforbruk på kr 345.000.

Lønsutgifter blei omlag 0,3 mill. over budsjett. Dette er knyt til for høg grunnbemanning i høve til budsjetttramma.

Inntekter totalt er 0,7 mill. over justert budsjett. Hovudtyngda av dette er opphaldsbetaling (etteroppgjær) kr 0,6 mill.

14.7 Eining for teknisk drift

Kommuneplanen sine mål:

Nissedal kommune skal dekkje behovet for tekniske tenester og halde ein forsvarleg miljøprofil.

- Alle som er knytt til offentleg vassforsyning får nok, godt og reint vatn til vanleg hushald utan driftsavgift.
- Kommunen tar hand om avløpsvatn, slik at det ikkje oppstår miljøskade og sjenerande tilhøve.
- Kommunale renovasjonstenester skal vere av god og tidsriktig kvalitet og ta omsyn til det ytre miljøet.
- Kommunen har gode og trafikksikre kommunale vegar, både sommar og vinter.
- Kommunen sikrar i samarbeid med Statens vegvesen gode og trafikksikre tilkomstar til/frå fylkeskommunalt/staleg vegnett.
- Dei mjuke trafikantane ivaretek særskilt, jf. Trafikksikringsplan.
- Kommunen legg til rette for tomter til bustader og næringsbygg etter behov.
- I Nissedal kommune er det trygt å bu der fortløpande arbeid med samfunnstryggleik og beredskap førebyggjer krisesituasjonar. Kriser løysast på lågast mogeleg nivå i samarbeid med dei kommunale einingane, brannvern, helsetenester og samordning med eksterne instansar som politi, sjukehus, sivilforsvar, bedrifter og frivillige organisasjonar.
- Risiko og sårbarhetsanalyse (ROS) er ein del av kommunen sitt HMS-arbeid og internkontroll.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan eininga:

Plan for kriseleining og beredskap

Handlingsplan for trafikksikring 2015-2016

Klima- og energiplan for Nissedal kommune 2010-2015

Drikkevatt forskrifta

Vidareføring av etablert drift:

Heile eininga

Tekniske tenester omfattar både interne tenester i organisasjonen og diverse tenesteyting ut mot publikum. Dei viktigaste tenestene er nemnd under.

Spesielle tiltak/endringar i 2016

Teknisk eining har hatt normal drift i 2016 utan store uføresette hendingar. Vinteren var relativt mild og med lite snø. Kostnadane til vintervedlikehald variere lite med ver-tilhøva då det meste av brøyting og strøing utførast av entreprenørar med fastpriskontraktar. Det er fyrste vintersesongen som dei nye vass og kloakkanlegga for forsyning av Gautefallheia er nytta og anlegga fungera svært bra gjennom høgsesongen.

Sommaren har vore nedbørsrik utan store flaumskadar på grusvegane og nedbøren har også gjort at det ikkje vore utgifter til sløkking av skogbrannar.

Kommunestyret gav ekstra løyving til opprusting og legging av asfaltdekke på kommunale grusveggar. Arbeidet blei ikkje heilt ferdig då det kom snø og kulde uvanleg tidleg hausten 2016. Ubruka midlar blir overført til 2017 for fullføring av arbeida. Forsyningsområdet for Felle vassverk vart utvida til å omfatta 4 hyttefelt i Havrefjell hytteområde. Ca. 1 desember vart omlag 185 hytter knytta til kommunal vassforsyning.

Utleiebustader

Kommunen har totalt 33 utleiebustader, der 19 tildelast etter Lov om helse og omsorgstenester (av tenestekontoret i eining for omsorg), og resten tildelast etter gjeldande reglement av eining for teknisk drift. Alle utleiebustader skal haldast i slik stand at dei er attraktive å bu i.

Bustader som tildelast av eining for teknisk drift skal leigast ut etter gjeldande reglement, og det er eit mål at alle bustadene er leigd ut til ei kvar tid.

Spesielle tiltak/endringar i 2016

- Totalrenovere tidlegare lærarbustad i Framnes bustadfelt etter brann. Framnesbustaden er under gjenoppbygging etter brann hausten -15. Skadane var større enn fyrst antatt og svært mykje av bygningen må fornyast. Av grunnar som ikkje kommunen kan styre har framdrifta på byggearbeida vore dårleg, men arbeida er lova ferdig i slutten av dette året. Diverre vart dette bare delvis innfridd ved at hovudetasjen blei innflyttingsklar til jula16, medan ferdigstilling av leilegheit i underetasje pågår vinteren 17. Det oppfattast som uakseptabelt at gjenoppbygging etter brann skal ta meir enn eitt år. Forsikringsselskapet dekkjer tap av husleigeinntekter, men ein vil likevel med tyngde påpeike vår misnøye med manglande framdrift i saka overfor selskapet.
- Vurdere behov for nye bustader innan omsorg og flyktingtenesta. Kommunestyret vedtok i mai -16 at prosjekterings- og byggenemnda skal starte planlegging av 4 omsorgsbustader og 2 to-mannsbustader for flyktingar. Til kommunen si eigenfinansiering er det løyva kr 3.0 mill. Prosjekta vil søke tilskot frå Husbanken. Av denne ramma vart løyva kr 100.000 til prosjektering og 1,2 mill til kjøp av eksisterande bustadhus i Treungvegen 481. Dette er ein bustad oppført i 1918 og det er behov for ein del oppgradering/ vedlikehald. Badet blei renoverert før innflytting hausten 16. Prosjekterings- og byggenemnda har starta arbeidet og bustadhuset er kjøpt. Totale kostnadar så langt er ca. kr 1.33 mill. Storleik på tilskot frå husbanken er ikkje avklara.
- Gjennomføre radonreducerande tiltak i bygg med høge radonverdiar. Det er ikkje gjennomført radonreducerande tiltak i utleiebustader i 2016 då målingar viser at problema ikkje er svært store her og andre bygg er difor prioritert før bustadane.

Bygg der det gjevast kommunale tenester (skular, barnehagar, inst., kommunehus...)

Eining for teknisk drift har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald (fdv) av alle kommunale bygg. Vernerundar og bygningsteknisk internkontroll skal syte for at alle bygg er i forskriftsmessig stand. God dialog med brukarane av kvart bygg skal syte for at bygningsmassa er tilpassa dei behov brukarane har, innanfor den til ei kvar tid gjeldande økonomiske ramme.

Spesielle tiltak/endringar i 2016

- Fullføre tiltak i rapport for miljøretta helsevern for skulebygg. Rapporten gjeld for alle tre skulane. Tiltak på Tveit skule blei i hovudsak gjennomført i 2015. Det er gjort tiltak på Kyrkjebygda skule og Fjone skule i 2016 og med unntak av mindre arbeid i underetasje på Fjone skule så er alle tiltak gjennomført. Utbetring av Fjone skule skulle fullførast hausten 16, men av ulike årsakar så greidde ikkje entreprenøren å utføre arbeida innan årets utgang.

- Gjennomføre radonreduserande tiltak i bygg med høge radonverdiar. Radonreduserande tiltak blei gjennomført desember 2016/ januar 2017 og kostnadane vil difor bli ført i 2017 rekneskapen. Tiltak med radonsug blei gjennomført i kontor i Kåsa Bu –og avlasting, 5-6 klasserom på Tveit skule og teknisk eining sitt garderobebygg på Sommarsletta.
- Syte for at det er teleslynge i Fleirbrukshuset ved større arrangement, jf. også tiltak i kommunestyresalen for web-overføring av kommunestyremøta. Utstyr for web-overføring er montert i kommunestyresalen og frå og med juni 16 har kommunestyremøta kunne sjåast på nettet. Det er framleis problem med å få teleslynga til å fungere.
- Ombygging av 2 etg. i kommunehuset. Kommunestyret løyva i sak 36/16 kr 260.000 til ombygginga av 2 etg. i kommunehuset. Arbeida blei gjennomført mot slutten av året med godt resultat.
- Utbygging av Tveit skule – småskulen
 - Kommunestyret løyva i sak 26/16 kr 100.000 til ekstern bistand for prosjekterings- og byggenemda for planlegging av ombygging av småskulen ved Tveit skule. Arkitekt er engasjert og planlegging i gang.

Bygga har hatt normal drift gjennom 2016. Ei tidlegare omtala utbetring av varmevekslar i symjehallen er gjennomført som reklamasjonssak, men medførte også utbetringar av andre komponentar som kommunen måtte dekke. Det er innført nytt driftsopplegg for reinhaldarane, såkalla teambasert reinhald, som gjer meir fleksibilitet og mindre sårbarheit ved fråvær. Diverre har 2 av reinhaldarane vore langtidsjukemelde store delar av året. Dette ga ekstra utfordringar rundt innføring av nytt driftsopplegg og meir bruk av vikarar enn planlagt.

Andre bygg (NSB-eigedom..)

Kommunen eig ein del bygningsmasse av kulturell og historisk verdi. Nokon av bygga vert leigd ut til næringsverksemd, nokon nyttast til lager og andre står ubruka. Utfordringa med dei fleste er at dei er dårleg vedlikehalde og står i fare for å miste sin verdi. Utvendig vedlikehald må prioriterast for å sikre bygga.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

Ingen spesielle tiltak gjennomført i 2016, takrenner i gammal stil til vasstårnet på Gaukås blei innkjøpt, men er ikkje montert.

Grøntanlegg

Kommunen har grønntanlegg både knytt til bygningsmasse, parkområde og idrettsanlegg.

Alle kommunale grønntanlegg skal stå fram som presentable og i stand til å tene det føremål dei er etablert for.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

Den våte sommaren gav svært gode vekstvilkår for plen og grøntareal og det er bruka mykje resursar på grasklypping. Sommarrenovasjon av friområde er gjennomført etter plan.

Vegar og plassar

Kommunen har 24,5 km med kommunal vegar. I tillegg syter kommunen for sommarrenovasjon på ein del rasteplassar langs riks- og fylkesvegar. Dei kommunale vegane skal ha normal vegstandard både sommar og vinter. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av private vegar etter eigne retningsliner.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Det er sett av kr 2 mill. til asfaltering av grusvegar og plassar. Det leggjast fram politisk sak som belyser dei ulike behova, og prioriterer kva som skal asfalterast fyrst.
Blei godkjent av kommunestyret i juni -16. Vegane som vart prioritert var: Del av Kleivvegen, Tveitanevegen, Brattbakken i Framnesfeltet, parkeringsplass ved Tveitsund bru, del av Skålivegen. Anbud på desse arbeida er innhenta og oppstart var september 16. I kommunestyremøte 07.09.16 var det vedtatt å utvide løyvinga med kr 1.65 mill slik at vegen Midtbø – Nordbø, øvre del av Tveit vegen og parsell 2 av Skålivegen også skulle få asfaltdekke. Av dette så må 50% av kostnadane for Tveitvegen på kr 200.000 førast som driftskostnader då vegen har asfalt frå før. Arbeida var planlagt fullført i midten av desember, men då vinter med kulde og snø kom allereie fyrste helga i november måtte arbeida innstillast og gjenstående arbeid vil bli utført våren 17.
- Politisk sak om ny gatebelysning i staden for å utbetre eksisterande.
Kommunestyret løyva pengar til nye gateljøs i Sagvegen. Tiltaket er gjennomført med godt resultat. Totalkostnaden vart ca. kr 550.000 og 60% kjem som tilskot frå aksjon skuleveg. Grunna fleire ljospunkt auka kommunens andel frå kr194.000 til kr 220.000.
- Reasfaltering av Framnes bustadfelt
Kommunestyret løyva i juni 16 i alt kr 1.8 mill. til opparbeiding av nye bustadtomter, trykkauking av vassforsyning og reasfaltering av vegane i bustadfeltet. Kr 1.0 mill. er finansiert med lån då dette gjeld nyinvesteringar. Kr 600.000 til asfaltering må førast i drift og kr 200.000 på sjølvkost som gjeld utbetring av eksisterande leidningar før asfaltering. Arbeida starta ca. 1 september. Grunnarbeidet er ferdig, men asfaltering måtte utsettast til våren 17 grunna tidleg vinter.

Fjoneferja

Kommunen driv Fjoneferja gjennom driftsavtale med driftsoperatør. Driftsavtala omfattar også leige av serveringsstaden på Fjonesida av ferjesambandet.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

Ferja starta drift etter vintersesongen 1. mai. Blei våren 16 godkjent av sjøfartsdirektoratet for 5 nye år.

Brann og ulykkeberedskap

Nissedal kommune er med i Vest-Telemark brannvernsamarbeid IKS. Dei er lokalisert i Høydalsmo og har ansvaret for tilsyn, feiing og det faglege ansvaret for brann- og ulykkeberedskap. Kommunen har framleis ansvar for lokalt brannvesen med 16 deltids brannmannskap.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Det er sett av kr 800.000 til utskifting av tankvogna til brannvesenet. Kjøp av ny (brukt) tankbil har vore på anbodsrunde. Løysinga blei kjøp av ein 2014 modell Scania og overflytting av eksisterande vasstank. Tankbilen vart overlevert i juni 16 til pris lik budsjettsummen.

Brannvesenet hadde i alt 17 utrykkingar i 2016 som er litt meir enn eit normal år. Dei fleste oppdraga gjaldt trafikkulukker og bistand til ambulanspersonell ved alvorlege helseoppdrag. Det var ein husbrann i Treungen med tragisk utfall då bebuaren omkom.

Vatn og avlaupsanlegg

Kommunen hadde ved årsskifte 2015/2016 ca.870 vatn-abonnentar og 1.550 kloakk-abonnentar som får levert tenester gjennom ein stor infrastruktur rundt i heile kommunen. Gjennom gode rutinar for drift og internkontroll skal kommunen sikre eksisterande abonnentar god kvalitet på drikkevatt og sikre miljøet mot utslepp av kloakk. Frå juni 2015 er Nissedal kommune vertskommune for drift av felles VA-anlegg for Gautefallheia med Drangedal kommune.

Med grunnlag i samfunnsøkonomi, miljøomsyn og næringspolitikk skal kommunen satse aktivt for å auke talet på abonnentar, primært gjennom samarbeid med hyttevelling, utbyggingsinteresser og grunneigarar.

Grunna auka aktivitet innan vatn og avlaup vil ein høgare del av løn til einingsleiar og fagarbeidarar blir belasta sjølvkostområdet. Dette vil gje ei innsparing innan driftsbudsjettet for teknisk eining på ca. 120.000.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- I samband med at nye anlegg settast i produksjon må rutinar for drift og internkontroll evaluerast og endrast.
Er oppdatert for dei nye anlegga.
- Oppfølging siste del av VA-utbygging på Gautefallheia i samarbeid med Drangedal kommune.
Gautefall VA- utbygginga var delt i 5 byggetrinn og alle byggetrinna er no fullført. I 2016 vart det utført ombygging av Fuggli reinseanlegg slik at det no kunn fungerer som utjamningsbasseng for Treungen RA
Ombygging Treungen RA, mindre utbetringar på Gautefall RA, kjøp av 120da grunn på Langmoen for framtidig naturbasera reinsanlegg og innkjøp av traktorhengar for slamtransport er gjennomført. Sluttrapport for utbygginga kjem til handsaming i 2017.
- Fullføre revidering forskrift om kommunale avgifter.
Revidert forslag er godkjent av kommunestyret.
- Det er sett av midlar til legging av ny avlaupsleidning mellom Leirosen og Treungen RA, samt legging av VA-leidningar i Nordbygda i samband med at R41 blir utbetra.
Anbod på ny avløpsleidning Leirosen – Treungen RA vart lagt ut på anbod. Det vart samstundes innhenta pris på legging av VA-leidningar mellom Leirosen og Ånundsbuoddane. Kommunestyret vedtok at også dette prosjektet skal gjennomførast i 2016. Samla budsjett for desse 2 prosjekta er ca. 2,4 mill. Arbeida starta opp ca. 1 august og var ferdig ved årskiftet utanom mindre arbeid ved landtak på Ånundsbuoddane.

VA-leidningar i Nordbygda blei prosjektert. Hus og hytteeigarar idet aktuelle området var svært positive til tiltaket. Avtaler blei inngått og anleggsarbeidet starta opp i juni 16 og vart fullført i november 16.

- Arbeide aktivt med å skaffe nye abonnentar, spesielt knytta til overtaking av private vassverk på Felle og Kyrkjebygdheia.

Arbeidet med å knytte 4 hyttefelt med til saman ca. 185 hytter på Felle til kommunal vassforsyning vart ferdig ca. 1des.16. Det er inngått avtalar med grunneigarar/utbyggerar, eigarane av alle dei 185 hyttene har fått tilbod om frivillig anleggsbidragsavtale.

Eigarane av 150 av hyttene har inngått frivillig avtale med kommunen utan atterhald, medan i eit felt på ca. 35 hytter har eigarane tatt atterhald om å prøve kommunen sin heimel til å krevje tilkoplingsgebyr. For desse eigedomane er det fatta vedtak om tvungen tilkopling og dette er påklaga. Endeleg avklaring rundt kommunen sin rett til å pålegge desse 35 eigedommane tilkoplingsgebyr vil bli handsama av fylkesmannen i Telemark våren 17.

Det blei innhenta anbod på prosjektering og på bygging av høgdebasseng og leidningsanlegget. Byggestart var ca. 1 august med ferdigstilling ca. 01.12.16. Det kom ein ekstra kostnad med å bytte ut ca. 200m eksisterande vassleidning, men budsjetttramma på 12,6 mill vil ikkje bli overskriden.

Mogeleg kommunal vassforsyning til Kyrkjebygdheia utredas i godt samarbeid med utbyggerane på heia. Forprosjekt for tekniske løysingar og registreringar av tilstand på eksisterande leidningsnett og pumpestasjonar er gjennomført. Utkast til avtale med eigarane av dei private VA-anlegga ligg føre og informasjonsarbeidet mot omlag 500 hytteeigarar er påbyrja.

Resultatet av arbeidet med å skaffe nye abonnentar blei ein auke på omlag 230 nye abonnentar på vatn og omlag 50 nye på kloakk i 2016.

- Utbyggingsavtalar Naurak felt 1 og 2.
For felt 1 manglar ein teknisk installasjon med budsjettkostnad på kr112.000, felt 2 er fullført. Ingen kostnadskonsekvens for kommunen ved utbyggingsavtalar.
- Utarbeide plan for overordna vass og avlaupsplan, framtidig løysing for reinseanlegg i Nissedal vurderast i planen.
Planarbeidet blei starta våren 16 og frå juni månad blei det tilsett ein medarbeidar i 40% stilling ut året der hovudoppgåva er å fullføre overordna VA-plan. Forslag til plan ligg føre og vil bli handsama politisk vinteren 17.
- Innføre digital rapportering av vassbruk.
Blei innført frå 01.01.16.
- Innføre kvartalsvis innkrevjing av kommunale eigedomsavgifter.
Blei innført frå 01.01.16.
- Med verknad frå 2017 skal det til alle innbyggerane i kommunen tilbydast 12 terminar med kommunale avgifter.
Tilbod om dette har vore i 2016, men er ikkje blitt gjort vidare kjend. Tilbodet er nå gjort betre kjend (ved annonse og heimesida).

Kompetanseutvikling:

Eininga er tilført kr 130.000 av felles opplæringsmidlar. Desse blir nytta til fullføring av grunnkurs i brannvern som 4 brannkonstablar starta på hausten og fullførte med godt resultat i juni 16. Det vart starta nytt kurs hausten 2016 med 4 nye deltakarar frå Nissedal brannvesen. Dette var ikkje budsjettert då tidlegare signal var at det ikkje ville bli starta nytt kurs denne hausten. Grunnkursa er lovpålagt og svært nyttige for brannmannskapa, men medfører for 2016 ein meirforbruk i høve til budsjett.

Sjukefråvær:

Eininga har hatt to langtidsjukemeldte store delar av 2016. Grunna få tilsette gir ein sjukemeldt ein fråværsprosent på ca.7%. Totalfråværet for 2016 er på 10,2%. Eininga har arbeida aktivt saman med NAV for å finne løysingar som reduserer fråværet. NAV var så nøgd med dette arbeidet at dei fremma teknisk eining som kandidat til ein IA-pris blant bedrifter i Telemark for god oppfølging av sjukemeldte. Ei anna bedrift vart kåra som vinnar. Begge langtidssjukemelding var innan reinhald og dette gav ekstra utfordring då eininga i 2106 endre driftsform for reinhald til "teambasert" reinhald. Det blei naudsynt å sette inn meir vikarar enn budsjettert for å få det nye systemet til å fungere. Korttidsfråværet er svært lågt, under 1%.

HMS – Internkontroll:

Eininga nyttar kommunen sitt internkontroll system og har 2 verneombod, eit for teknisk drift og eit for brannvesenet. Det er gjennomført vernerundar og avvik er lukka der det er mogeleg innanfor eininga sitt budsjett.

Kommentar til rekneskapen:

Teknisk einings driftsbudsjett for 2016 var på kr 10.030.000. Over året har det skjedd endringar gjennom 1. og 2 tertialrapport, tilleggsøyvingar frå kommunestyret og innlegging av avskrivningar. Dette gjer av gjeldane ramme har auka til kr 15.513.000. Av differansen på kr 5.483.000 utgjer avskrivningar omlag 4.160.000, tilleggsøyvingar til opprusting av kommunale vegar kr 800.000 og oppgradering av kontor og kantine i kommunehuset kr 155.000. Rekneskapen viser at det er nytta kr 14.920.978. Dette er eit mindreforbruk på kr 592.022, men dette resultatet må korrigerast for fleire forhold. Den viktigaste grunnen for mindreforbruket er at tidleg vinter gjorde at asfaltering av vegar i Framnesfeltet og opprusting av øvre del av Tveitvegen ikkje kunne gjennomførast i 2016 og omlag kr 600.000 av ekstraløyvinga er ikkje nytta. Ubruka midlar vil bli trekt inn eller overført einingsfondet i sak om 3 tertial slik at arbeidet kan fullførast i 2017. Radonreducerande tiltak med budsjettsum på kr 100.000 vart gjennomført så seint på året at kostnadane blir bokført i 2017. Delar av tilleggsøyving til oppussing av kontor og kantine er ikkje nytta. Dette dels på grunn av noko arbeid står att (utgjer omlag kr 50.000). I tillegg blei prosjektet omlag kr 50.000 rimlegare enn budsjettert.

Av eininga si ramme utgjer lønskostnadar omlag 64% tilsvarande 6,4 mill. Det er i 2016 bruka kr 270.000 meir enn budsjett til løn. Dette fordeler seg med kr 120.000 på grunnkurs for brannmannskap, kr 50.000 på sommarjobb for flyktningar og kr 100.000 på vikarar innan reinhald grunna unormalt høgt sjukefråvær. Det har og kome ekstra kostnad på kr 50.000 til ny tørketrommel på NOS og ny kjøle på Mila.

Eininga har inntekter frå utleigebustadar, feie og tilsynsgebyr samt div. refusjonar og salsinntekter. Dette utgjer omlag 2,6 mill. og det er godt samsvar mellom budsjett og rekneskap. Justert for desse forholda kjem eininga ut med eit resultat som samsvarar bra med budsjett for 2016.

Sjølvkostområdet for vatn og avløp

Det har vore stor aktivitet innan dette området i 2016. Sjølv om alt av nyanlegg blir ført i investeringsrekneskapen så gir auke i abonnentalet større driftsinntekter, spesielt inntekter frå tilknytningsgebyra har ein stor auke. Inntekter frå årsgebyr for vatn og kloakk ligg omlag kr 94.000 over budsjett og eingongsavgift ved tilknytning ligg kr 1.327.500 over budsjett. Samla lønskostnadar innan området er på ca.2.273.000 som er omlag 31.000 over budsjett.

I samband med asfaltering av bustadvegar i Framnesfeltet måtte det gjerast ein del omlegging og utbetring av vassleidningane som medført kostnadsauke i høve til budsjett. For kommunen eigne anlegg ligg samla kostnadar ca .530.000 over budsjett før fondsavsetningar.

Gautefallheia VA

2016 var fyrste heile driftsåret for samarbeidet med Drangedal gjennom Gautefallheia VA. Det var difor noko usikkerheit knytta til budsjettoppsettet. Resultatet viser at kostnadane med vassforsyninga blei heilt som budsjett, drift av avløpsanlegga bli ca.230.000 meir enn budsjett. Dette skuldast i hovudsak mindre ombyggingar på Treungen RA.

Resultatet for heile sjølvkostområdet er eit overskot på kr 788.000 som er 198.000 mindre enn budsjett.

14.8 Interkommunalt plankontor

Kommuneplanen sine mål:

All arealbruk skal støtte opp om, og utvikle gode bumiljø og arbeidsplassar.

- Kommunens planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunens hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bumiljø.
- Vidare bygging av fritidsbustader skal ha miljøperspektiv der nøkternhet i storleik og energi- og ressursbruk er berande element.
- Plantiltak som kan gje varige arbeidsplassar innan kompetanse og service skal prioriterast.
- Tryggleik og beredskap skal leggest til grunn i arealplanlegginga.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for plankontoret:

Plan og bygningslova
Naturmangfaldslova
Matrikkellova
Eigarseksjoneringslova
Forureiningslova
Kommuneplan, spesielt arealdelen
Kommunedelplanar
Reguleringsplanar

Vidareføring av etablert drift:

Heile plankontoret

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Plankontoret budsjetterte for 2016 med 5,95 årsverk. Drifta skal vere slik at målsetjinga om 100 % dekningsgrad for tenestene i størst mogleg grad blir oppfylt.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Vurdere bemanninga opp mot oppgåver, eventuelt utvide arbeidsfeltet til kontoret. Plankontoret har hatt vakanse i ei av oppmålingsingeniørstillingane i perioden 01.03.- 31.05. Ein av oppmålingsingeniørane har hatt 12 % permisjon i perioden 01.10- 31.12. Byggesaksbehandlar har hatt 20 % permisjon i tidsromet 01.01.- 30.04. Kontoret har tatt på seg å lage to tomtedelingsplanar på Kyrkjebygdheia. Tiltaka har ført til at arbeidskraft /arbeidsoppgåver har vore godt tilpassa kvarandre.

Administrasjon og plan:

Arbeidsfelt: Kommuneplanar, reguleringsplanar, digitalt planregister, dispensasjonar frå plan, klagesaker, budsjett, fakturering, post, arkiv. Budsjetterte årsverk 2016: 1,20.

Spesielle tiltak/endingar i 2016:

- Aktiv bruk av heimesidene til kommunen ved at dei til ei kvar tid er oppdaterte. Heimesidene er oppdaterte kva gjeld plan, oppmåling og byggesak. Ny heimeside har hatt noko innkøyringsproblem ved at ikkje alle plandokument frå gamal side har blitt med. Dette er ennå ikkje fullt ut retta.
- Slutføre rulleringa av kommunedelplanen for Kyrkjebygdheia. Det blei bestilt biologisk mangfald-registrering for 11 byggeområde. Planen var til ny fyrstegongsbehandling i formannskapet 03.11. Der blei planen vedtatt sendt på høyring. Eigengodkjenning i kommunestyret skjer 16.02.17.
- Ferdigstille tomtedelingsplan for Damkollen. Kommunen har tatt ny kontakt med vegvesenet (uavklara avkøyring). Vegvesenet ønskjer å sjå dette opp mot det dei kallar ei "oppstramming" av trafikkbildet rundt Best. Brannen på g/bnr 35/82 kan gjere andre løysingar meir aktuelle.
- Ferdigstille og integrere det digitale planregisteret i publikumsretta innsynsløysingar. Dette er ein prosess som har gått over fleire år, men som i løpet av sommaren blei lagt ut som publikumsretta innsynsløysing på kommunens heimeside. Registeret vil bli supplert fortløpande i tida framover.
- Internt sal av tenester til eigedomsskatteprosjektet. Tenester for dette prosjektet er gjort av byggesaksbehandlar, ikkje frå plan eller oppmåling.

Kart og oppmåling:

Arbeidsfelt: Kartgrunnlaget og oppmåling etter matrikkellova. Budsjetterte årsverk 2016: 2,70.

Spesielle tiltak/endingar i 2016

- Slutføre igangsett adresseringsprosess. Adresseringsprosessen er slutført. Det som står igjen er skilting.
- Slutføre alle gamle mellombels kartforretningar. Restansen er nå 7 stk., dvs. nær målet, etter å ha hatt over 300 slike forretningar på det meste (2007).
- Innkjøp av ny gps-målar (investeringsbudsjettet). Denne er kjøpt inn, kostnad kr 127.000, der Nissedals del var kr 47.000.
- Auke oppmålingsoppdrag frå 95 til 120 forretningar. Samla for plankontoret blei det utført 140 kartforretningar, 90 i Nissedal og 50 i Kviteseid. Det indikerer at byggeaktivitet vil bli høg i komande år.
- Bemanningsauke ved endra arbeidsdeling internt (+ 0,3 årsverk). Dette er gjennomført permanent frå 01.01.16., men permisjonar har likevel utjamna effekten, sjå tidlegare omtale under "heile plankontoret".
- Internt sal av tenester til eigedomsskatteprosjektet. Det er ikkje blitt gjort noko for prosjektet frå oppmåling. Dei nye takseringane er gjort av byggesaksbehandlar.

Byggesaksbehandling:

Arbeidsfelt: Byggesaksbehandling og utsleppssøknader.

Budsjetterte årsverk 2016: 2,05.

Spesielle tiltak/endringar i 2016

- Prioritere kontroll av eventuelle avløpsutslepp i felt der det ikkje er lov med innlagt vatn.
Kontroll av slike er ikkje utført.
- Oppfølging og kontroll av gjevne utsleppsløyve for avlaupsvatn.
Dette blei lagt på vent som fylgje av meir arbeid for eigedomsskatteprosjektet enn venta.
- Internt sal av tenester til eigedomsskatteprosjektet.
Byggesaksbehandlar har fortløpande taksert nye skatteobjekt. I 2016 gjaldt dette også bygg som har fått endra kode frå skogshusvære til fritidsbustad, utleiehytte eller annan bygning for overnatting. Internsalet er rekneskapsført til kr 110.000.
- Bemanningsreduksjon ved endra arbeidsdeling internt (- 0,3 årsverk)
Dette er gjennomført permanent frå 01.01.16.
- Ytterlegare redusert byggesakskapasitet 1.halvår pga permisjon (kr 111 000).
Dette blei gjennomført/inndekt ved uløna permisjon (kr 41.000) og tilfeldig sjukefråvær (refusjon av sjukepengar kr 70.000).

Kompetanseutvikling:

Det er gjennomført 2-dagars kurs for to tilsette i ajourhald av bygg og tiltak i FKB-basen og matrikkelen.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet er berekna til 7,82 %. Av dette er 1,17 % korttidsfråvær. Samla sjukefråvær syner ein markant auke frå siste år, men i så små einingar som plankontoret, blir dette tolka som resultat av tilfeldige og pårekelege svingingar.

HMS – Internkontroll:

Plankontoret er som for resten av arbeidsplassane i kommunehuset, organisert med dette som eit felles verneområde. Vernerunden i 2016 avdekte ikkje avvik i høve til det fysiske arbeidsmiljøet. Det er kjøpt inn "rullemus" og armstøtte til dei som har hatt arbeidsmessige utfordringar på desse felta.

Kommentar til rekneskapen:

Utgiftsramma var i opphavleg budsjett, korrigert for lønsvekst, på kr 479.000.

Rekneskapsresultatet syner eit totalforbruk på kr 77.000. Dei største bidraga til denne differansen er større gebyrinntekter som fylgje av auka aktivitet (oppmåling kr -145.000, byggesaker kr -111.000 og plansaker kr -39.000), reduserte lønsutgifter inkl. sjukepengerefusjon grunna permisjonar og sjukefråvær (kr -170.000) og større internsalsal (kr -45.000). For alle dei andre budsjettpostane er det bare mindre avvik (samla kr 108.000).

Sjølvkostberekningane syner at oppmålingskapittelet fekk ei dekningsgrad på 107,6 %. Overskotet, kr 106.233, er ført mot tidlegare års underskot. Akkumulert underskot til framføring (siste fem år) er kr 517.231. Dei tilsvarende tala for byggesakskapittelet er dekningsgrad på 123,8 %, overskot kr 173 864 og akkumulert underskot til fram-føring kr 448 228. Målsetjinga om full kostnadsdekking for desse aktivitetsområda er med dette meir enn oppfylte i 2016.

Andre investeringsprosjekt under plankontoret:

Det var avsett kr 250 000 (inkl. mva) til vegskilting i samsvar med skiltplan. Til innkjøp av skiltmateriell er det brukt kr 217 149 (inkl. mva). Dette inkluderer òg skilt til internskilting i hyttefelta. Det står nå att å setje opp skilta. Dette vil bli gjort i barmarks-sesongen 2017. Restsummen i prosjektet vil derimot neppe halde, sjølv om kommunen vil kunne krevje refusjon for delar av utgiftene, (frå Statens vegvesen for skilting langs riks- og fylkesvegar).

14.9 Nav

Kommuneplanen sine mål:

Som del av NAV-kontoret medverke til at folk kjem tilbake til arbeid.

- Kommunen skal medverke til å sikre økonomisk og sosial tryggleik og betre bu og levekåra for vanskelegstilte.

Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus for Nav:

- Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen
- Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen
- Lov om folketrygd
- Forskrifter og retningslinjer frå Husbanken
- Samarbeidsavtale mellom NAV og oppfølgingstenesta i Telemark
- Samarbeidsavtale Lærekandidater og bruk av arbeidspraksis – NAV i Telemark og Telemark fylkeskommune
- Partnerskapsavtala med Nav Stat

Vidareføring av etablert drift:

NAV Nissedal yter kommunale og statlege tenester basert på partnerskapsavtalen mellom Nissedal kommune og den statlege delen av NAV. Den statlege delen av NAV har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette, og kommunen har saman med den statlege delen av NAV ansvar for dagleg drift av kontoret. Kontoret har på midlertidig basis hatt stengt ein dag i veka - kvar onsdag. Denne dagen er sett av til sakshandsaming og møte. Tanken bak dette har vore at dette vil føre til raskare sakshandsaming og dermed eit betre tilbod til brukarane.

Nav har eit godt samarbeid med andre einingar i kommunen.

NAV har ansatt Elsbeth Kegge som ny leder i Nav Nissedal. Ho byrja 25. juli 2016.

Dei kommunale tenestene i NAV:

Sakshandsaming etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Dette er ein omfattande lov.

Formålsparagrafen lyder: «*Formålet med loven er å bedre levekårene for vanskeligstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet, herunder at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltakelse i samfunnet.*»

NAV jobber i hovedsak med råd og rettleiing, samt vurdering av sosialhjelpssøknader. Lov om sosiale tjenester i NAV er eit «siste sikkerhetsnett». Det er ein skjønnsbasert lov. Det vil

seie at den gjev folk rettar dersom dei fyller vilkåra for å få hjelp, men den gjev det og mogeleg for NAV å nytte skjønns og innvilge naudsynt hjelp utover dette. Dette gjer at ein har strenge krav til formell sakshandsaming.

Grunntanken med alt Nav gjer etter denne loven, er å hjelpe menneske til å klare seg sjølv.

Sosialhjelp er meint å vere hjelp i ein overgangsperiode, og er ikkje dimensjonert for å leve på over lang tid. Nav opplever at ein ikkje alltid klarer å hjelpe folk vidare, og at dei over lang tid er avhengig av sosialhjelp. Nav forsøker å ha så god kvalitet på tenesta som mogeleg innanfor sine rammer. Det er viktig å merke seg at NAV er heilt avhengig av resten av samfunnet. Nav kan for eksempel ikkje lage arbeid eller bygge bustader.

Rettleiing og sakshandsaming av bustønad, tilskot og startlån frå Husbanken.
Sakshandsaming av søknader om TT-kort, parkeringskort frå rørslehemma og fylgjekort.

Utarbeiding og revidering av rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Tiltak for mennesker med rusproblem etter lov om kommunale helse- og omsorgstjenester, kapittel 10 som handler om tvangstiltak overfor rusmiddelavhengige. Desse problemstillingane vert teke opp i arbeidet med rullering av den rusmiddelpolitisk handlingsplanen. Det har vore eit tema i det tverrfaglege «Rusforum» om det er formålstenleg at dette ansvaret ligg hos NAV.

NAV har i år hatt eigentilsyn av dei sosiale tenestene til unge mellom 17 og 23 år med Fylkesmannen. Nissedal kommune hadde våren 2016 eigentilsyn frå Fylkesmannen i Telemark på tenestene opplysning, råd og veiledning og økonomisk stønad til personar mellom 17 og 23 år. Vi gikk her gjennom 10 saker. Rådmann, teamleder og veileder har deltatt i dette arbeidet. Vi oppdaga gjennom dette eigentilsynet to systematisk, gjennomgående feil. I oppfølgingssamtalene med våre brukere gir vi råd og veiledning, både om økonomiske spørsmål og andre tema. Vi journalfører det vi snakker om, men vi har ikkje formalisert dette i vedtaks form (lov om sosiale tjenester i NAV § 17). Vi har dermed heller ikkje fatta enkeltvedtak når tenestene vert avslutta. Plan for å rette lovbrotta blei sendt Fylkesmannen 03.05.2016.

Det er og gjennomført forvaltningsrevisjon i regi av Telemark Kommunerevisjon, på bestilling av kontrollutvalget i Nissedal, der det ble undersøkt i kva grad kommunen har kontroll på dei sosiale tenestene, om saksbehandlinga av søknader om økonomisk stønad er i samsvar med gjeldande regelverk og retningslinjer og kva som skuldast den store auken i utbetalt sosialhjelp. Bakgrunn til dette var ein stor auke i utbetalningar av sosial stønad frå 2014 til 2015.

Konklusjonane i rapporten var at det er noko forbettringspotensial i forhold til rutinar og kontroll på sosialtenesteområdet, at saksbehandling av økonomisk stønad i stor grad er i samsvar med gjeldande regelverk og retningslinjer. Årsaken til den store overskridinga av budsjettet ble ikkje avdekket av forvaltningsrevisjonen. Dei skriv at det meste av pengane har gått til udiskutable formål knytt til livsopphold og utgifter til bustad. Det har vært ein del store enkeltutbetalningar i 2015, men ifølge rapporten kan ikkje dei aleine forklare den store auken.

Spesielle tiltak/endingar for 2016

- Rullering av rusmiddelpolitisk handlingsplan.
Kommunestyret vedtok ny rusmiddelpolitisk handlingsplan i sak 29/16.
- Bidra i kommunen sitt bustadsosiale arbeid på overordna nivå. Dette er eit viktig punkt for NAV, som i sitt daglege arbeid ser at det er behov for eit differensiert bustadtilbod i kommunen.
Nav har delteke i rådmannen si arbeidsgruppe for overordna bustadplan, og bidrege med innspel til behov for ulike utsette grupper.
- Aktivitetsplikt for sosialhjelp. Ny § 20 i lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Dette er ikkje tredd i kraft enno. For at Nissedal kommune skal kunne fylgje opp intensjonen i lovendinga, må kommunen arbeide fram ein plan på korleis tilbodet til denne gruppa skal utformast. NAV kan ikkje gjere denne

jobben aleine, men er ein svært viktig bidragsytar. Det blir viktig å jobbe fram eit godt kommunalt tilbod som gjev menneske moglegheit til å vakse og utvikle seg. Då blir vegen til arbeid eller ein meir fast trygdeytning lagt.

Nissedal kommune har inngått avtale med Kvito i forhold til aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar. Det er oppretta eit nytt tiltak som har fått namnet "Restart". Målgruppe er brukarar med sosialhjelp som hovudinntektskjelde. Innhaldet i tiltaket er kartlegging av kvar einskild brukar og avklaring av behovet for vidare hjelp. Mål er utdanning / arbeid. Tiltaket er individuelt tilpassa og varer seks månadar med eventuell forlenging etter individuell vurdering. Kvito har til ei kvar tid kapasitet for minimum fem personar i tiltaket.

Kompetanseutvikling:

Medarbeidarane i NAV Nissedal som jobbar med sosiale tenester er med i eit Nettverk for kommunale oppgåver i Vest-Telemark 6 gonger i året som bidrar til å utvikle kompetanse av den enkelte medarbeidar om sosiale tenester. Det bidrar også til lik praksis i Vest-Telemark.

Kommentar til rekneskapen:

Budsjettet i 2016 blei styrket med kr 600.000 i sosial stønad (livsopphold) i forhold til 2015. I løpet av året 2016 blei denne posten styrket med ytterligere kr 730.000. Frå og med 01.06.2016 blei det satt i gang med 5 tiltaksplasser i tiltaket Restart på Kvito for å støtte opp under aktivitetsplikten for sosialhjelpsmottakare som kostet kr 420.000 i 2016. Mot den oppjusterte ramma blei det totalt brukt kr 318.000 mindre enn ramma. Dette skyldes mindre forbruk sosiale tenester på kr 258.000 og kr 45.000 på lønnskostnadene på grunn av langtidssykdom og ein del mindre poster.

Vedlegg I:

Årsmelding 2016



Nissedal kyrkjelege fellesråd

ÅRSMELDING 2016

NISSEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD

1. ALLMENT

Nissedal kommune ynskjer å vere ein kommune i vekst og med gode tilbod til alle.

I Nissedal kommune sitt handlingsprogram for 2014 – 2017 står det mellom anna fylgjande under Nissedal kommune sin visjon: NISSEDAL VIDARE.

- *"Aktivt kulturarbeid som gir trivsel og identitet"*
- *"Nissedal kommune tilbyr tenester av høg kvalitet."*
- *"Born og unge sine oppvekstvilkår er svært gode."*
- *"Samvirke på tvers av fagområde og einingar i og utanfor kommunen."*

For at desse måla skal bli realisert har kyrkja ein sentral plass. Som ei levande folkekyrkje er kyrkja ein viktig del av lokalsamfunnet, og sentral i trusopplæringsarbeidet og haldningsskapande arbeid.


Kyrkja ynskjer å bidra til å skape gode lokalsamfunn, prega av nærleik, varme, omsut og engasjement.

Utvikling av samarbeids – og møtepunkt, er bidrag til å gjere kyrkja til meir enn ein utgiftspost lova legg på kommunen.

2. MÅLSETJING

- Ta vare på, forvalte og drive kyrkjene / kyrkjegardane i kommunen etter gjeldande lover og på ein tenleg måte for kyrkjene og lokalsamfunnet.
- Stå til teneste for innbyggjarane i kommunen, praktisk, åndeleg og medmenneskeleg.

3. ORGANISERING 2016



Samansetjing av fellerådet

Nissedal og Treungen vart slege saman til eitt sokn frå og med 01.01.2012. Det vart valt inn 6 personar i det nye Nissedal sokneråd. Desse 6 er og felleråd saman presten og ein politisk representant vald av kommunestyret.

Fellerådet fører tilsyn med kyrkjene og kyrkjegardane i kommunen. Dei praktiske oppgåvene som fylgjer av fellerådet sitt tilsynsansvar, vert utført av dei kyrkjeleg tilsette. Kyrkjeverja er sekretær / sakshandsamar for fellerådet og administrativ leiar for kyrkja.

Fellerådet sine medlemmer 2016:

Anita Haugstad Haugsjå, leiar.
 Asbjørn Nes Hansen, nestleiar
 Torill Sønnerland
 Liv Lia
 Linda Felle
 Peter Chr Rieber-Mohn
 Halvor Homme, kommunen sin representant
 Knut Bjørn Skyttemyr, prest

Vara i fellerådet:

Astrid Eidem Nordal
 Olav Borstad
 Øystein Fredriksen
 Trygve Slokvik
 Anne Johanne Berge

Runa Vee Tveit, vara for kommunen sin representant

Saker:

Fellesrådet har hatt 7 møte og handsama 30 saker. (6 møte og 19 saker i 2015) I desse møta har det og vore soknerådssaker.

4. TILSETTE

Fellesrådet hadde ved inngangen av 2016 arbeidsgjevaransvar for ca. 2,4 årsverk, fordelt på 6 tilsette:

Anne Marie Larsson – 100% stilling som kyrkjetenar / kyrkjegardsarbeidar ved Nissedal kyrkje, Treungen kyrkje og Felle kapell.

Pauline G. Nordbø – 3,4% stilling som klokkar ved Nissedal kyrkje.

Olav Svalastog – 60% stilling som organist i Nissedal sokn.

Reidun Lauvdal – 4,3% stilling som klokkar ved Treungen kyrkje.

Elisabet A. Åsland – kyrkjegardsarbeider ved Felle kapell på timebasis.

Reidun Moen Valle – klokkar-/kyrkjetenarvikar, ved behov.

Helga Tveit – organistvikar ved behov når ho har høve til det. Ho held fram på friviljug basis med å spile ved andaktane på NOS kvar 14.dag.

Jon Inge Nordbø - 80% stilling som kyrkjevevjerje/dagleg leiar

Tilsette i Vest-Telemark prosti:

prostidiakon Eilev Erikstein.

Tilsett i Agder og Telemark bispedøme:

sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr.

5. AKTIVITETEN**NISSEDAL:**

- Det er arbeidd med innkrevjing av festeavgifter
- Vedlikehald på vegen forbi "Stallane ". Innanfor tenesteytingsavtalen.
- Lågspent er lagt i bakken. Det vart og lagt trekkroyr for telekabel samtidig. Dette skjedde i 2015. Stolpane vart fjerna når telekablane vart lagt i bakken i 2016. Ingen kostnader for oss.
- Drenering ved pumpehuset.
- Klokketårn ved Fjone bedehus. Fellesrådet gav eit eingongsbeløp på kr 5000 i tillegg til årleg tilskot til Fjone bedehus.

TREUNGEN:

- Det er arbeidd med innkrevjing av festeavgifter.
- Ein har fått kyrkjeklokkene inn på lydanlegget.
- Det vart kjøpt inn ny plenklyppar.
- Trafikksikring ved Treungen kyrkje har vore tema. Arbeidet held fram no i samband med kjøp av grunn til kyrkjelege formål ved Treungen kyrkje.
- Historielaget fekk stelt opp den gamle inngangsdøra til kyrkjestoga.

FELLE

- Det er arbeid med innkrevjing av festeavgifter
- Ny inngangsdør
- Nytt glas i tårnet
- Asfaltering av parkeringsplass utanfor kapellet. Kommunen kosta asfalt. Forarbeid med graving og planering vart gjort på dugnad. Takk til dugnadsgjengen i grenda!

Restaurering av toppstykket

2014. Det vart sendt ein søknad til Norsk institutt for kulturminneforskning hausten 2014. Tilbod på undersøking av toppstykket før eventuell avdekking. Tilbodet kom: kr. 65.000. Ein god sum!

Den 9. desember 2014 sendte Nissedal kyrkjelege fellesråd ein søknad til Riksantikvaren om tilskotsmiddel til avdekking og konservering av overmalt kyrkjekunst – altertavle Nissedal kyrkje. Ein er kjent med at ein kan få private gjevarar til prosjektet - det er difor viktig å kome så langt at ein ser om det er mogleg å få ei finansiering på prosjektet.

Kva skjedde i 2015

- Fekk tilbakemelding i juni om at det var løyvd kr 65.000 til forprosjekt
- Jobben kunne gjerast ved slutten av året, nov – des.
- Jobben vart gjort og betalt.
- Vi måtte betale for spesialtransport og forsikring av toppstykket. (det var eit vilkår for å få tilskot til prosjektet at ein hadde ein slik transport)
- Fekk NIKU Oppdragsrapport 177/2015 tilbake. God rapport som er verdt å lese. Men konklusjon: NIKU anbefalar ikkje å avdekke toppstykket. D.v.s at ein nok ikkje kan rekne med støtte frå det offentlege i eit eventuelt vidare arbeid med toppstykket.

2016

- Transport og forsikring i 2015 vart betalt av pengar frå sal av jubileumsboka.
- Får aldersbestemt toppstykket frå NIKU. Det er frå 1700 talet.
- Riksantikvaren støttar tiltaket med å plassere toppstykket i vestre korsarm av kyrkja.
- Riksantikvaren har gjeitt klarsignal til oppmaling av toppstykket.
- NIKU anbefalar at dekorasjonsmålar Axel Dahlgren gjer jobben.
- Før at jobben kan gjerast, må biskopen og godkjenne at toppstykket kan plasserast i kyrkja til liturgisk formål.
- Det vil koste mellom kr. 30 og 40.000 å få på plass toppstykket i kyrkja.
- Toppstykkegruppa arbeider med finansiering av tiltaket.

Kyrkjekontoret. Kurs for tilsette / staben:

2 dg i aug	Møte mellom prostar og kyrkjevevjerer i bispedømet i Lyngørporten
1 og 2 nov	Stiftsdagar i Kristiansand. Prest, organist og kyrkjevevjerje deltok.

HMS arbeid

Vernerunde 14.oktober 2016. Stad Nissedal kyrkje. Med prost Asgeir Sele, verneombod for prestane Tor Eivind Erikstein, vernombod for dei fellesrådstilsette Anne Marie Larsson, Knut Bjørn Skyttemyr, Olav Svalastog og Jon Inge Nordbø.

Eit viktig punkt frå møtet: Det skal vere ein årleg gjennomgang av HMS-håndbok som sak i Fellesrådet. Vedtak i denne saka er eit viktig dokument på den årlege vernerunden (i oktober).

Sokneråda sitt arbeid:

Det ligg føre eiga årsmelding for soknerådet og underutvala, prostidiakonen og årsstatistikk for Nissedal sokn.

6. ØKONOMI**Resultat 2016:**

Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) er på kr 109.765.

Fyrst å fremst er dette gledeleg, men kva er årsaken? Frå kontoret hadde ein eit mål om at ein skulle få litt overskot pga arbeidet med innkrevjing av festeavgifter.

Men då ein såg at ein ikkje vart ferdig med dette arbeidet i 2016, vart målet meir å kome i balanse med rekneskapen.

Ein fekk inn kr. 82.532 i festeavgifter for 2016.

Ser ein etter i rekneskapen, finn ein noko av årsaken til at det vart overskot i desse postane

- Auka ramme pga transport og forsikring av toppstykket, betalt av Bokprosjektet	kr.18.940
- Sjukepengar	kr.17.098
- Overbudsjettert på kommunale avgifter	kr.13.053
- Overbudsjettert på vedlikehaldspostar, kyrkjer	kr.18.746
- Overbudsjettert inventar og utstyr, kyrkjer	kr.18.587
- Soknerådets drift har gått i overskot med	kr.15.761

Sum på desse er over kr. 100.000.

Kyrkjelydsbladet

Bladet vert delt ut gratis til alle heimar i Nissedal kommune.

Friviljuge gåver vert mottekne med takk. Gåvene dekker vanlegvis kostnadene med trykking og utsending av bladet.

Nissedal kommune nyttar bladet som meldingsblad, og betalar for det.

I 2016 gjekk bladet med kr. 8.126 i underskot. Dette beløpet er dekt inn av Fond for kyrkjelydsbladet som har minka frå kr. 84.757 til kr. 76.631.

Sjå eiga årsmelding.

7. PLANAR FOR 2017

Ein held fram med å avklare ansvar for gravene på gravplassane i Nissedal, Treungen og på Felle. Ein vil bli ferdig med denne jobben i 2017.

- Det vert kravd inn festeavgifter for dei gravene som forfell til betaling.
- Støtter over gravplassar som ikkje skal festast vidare vert fjerna i 2017
- Ein vil få status for kor mykje plass ein har på kyrkjegardane

Det vil bli arbeidd med HMS-håndboka, viktig å lage eit årshjul for HMS arbeidet.

Anna prioritert arbeid i 2017

- Nødvending vedlikehald
- Reparasjon i klokkestøpulen på Tveit.
- HMS tiltak på Treungen kyrkje. (snøfangarar tak-nye takrenner med nedløp-varmekabalar i HC-inngang. Deksel over varmeomnane i kyrkjene. Finansiert med låneopptak.
- Ny dør i kjellar ved Felle kapell.
- Arbeidet med å tilrettelegge for bruk av Kyrkjestoga held fram. Mest dugnadsarbeid. Framleis støtte frå historielaget.
- Kjøp av grunn rundt Treungen kyrkje. Viktig å sikre seg grunn til meir parkeringsareal og til framtidig utviding av kyrkjegarden.

Treungen 13. februar 2017

Jon Inge Nordbø
kyrkjeverje